


Naturtypekartlegging i Møre og Romsdal i 2016, med vekt på revisjon av skoglokaliteter.



Rapport J.B. Jordal nr. 1-2017

Framsidedeileta viser øvst: gammal lauvskog i Hellesylt (Stranda) der raudlistearthen kystdoggnål (NT - nær truga) veks på den gamle bjørka i framgrunnen. Foto Geir Gaarder. Nedst t.v. platanlønn (Bjørmosen i Rauma) og t.h. edelgran (Tjellefonna i Nesset), to artar som spreier seg ut i skognaturen og påverkar mangfaldet der. Foto: J.B. Jordal.

| | | |
|---|--|--|
| Utførende konsulentar: Biolog J.B. Jordal AS og Miljøfaglig Utredning AS | Prosjektansvarleg: John Bjarne Jordal | ISBN-nummer: 978-82-92647-53-8 (pdf) |
| Oppdragsgjevar: Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga | Kontaktperson hos oppdragsgjevar: Solveig Silset Berg | Dato: 01.03.2017 |
| <p>Referanse: Jordal, J.B., Wangen, K., Tellnes, S., & Gaarder, G. 2016. Naturtypekartlegging i Møre og Romsdal i 2016, med vekt på revisjon av skoglokalitetar. <i>Rapport J.B. Jordal nr. 1 - 2017</i>. 168 s.</p> | | |
| <p>Referat: På oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal er det utført ei kvalitetssikring av gamle naturtypelokalitetar i skog som alt ligg i Naturbase. Arbeidet er utført av Biolog J.B. Jordal i samarbeid med Miljøfaglig Utredning. Oppdraget skulle følgja metodikken i DN-handbok 13 frå 2007 for skoglokalitetar og 2015-metodikk for andre typar. I denne rapporten er resultatane frå desse undersøkingane presenterte og erfaringane kortfatta diskutert. I alt har 63 gamle Naturbase-lokalitetar vorte undersøkte, fordelt på 14 kommunar. Dei fleste av dei gamle lokalitetane har vorte vidareført med endringar i avgrensing og beskriving, nokre få er splitta opp i fleire lokalitetar, og nokre få andre vert føreslege sletta frå Naturbase. Totalt er 83 lokalitetar klargjort for import i Naturbase. Desse representerer 14 ulike naturtypar, dei viktigaste er rik edellauvskog (41), gråor-heggeskog (15), sumpskog (7), og gammal lauvskog (6). Av dei kartlagte lokalitetane har 30 fått verdi A, 37 verdi B og 16 verdi C. Under arbeidet er det gjort 154 lokalitetsfunn av 33 raudlistearter (av desse 3 i kategori EN - sterkt truga og 10 i VU - sårbar): 13 lavartar, 7 planter, 2 moseartar og 11 soppartar. Erfaringane med kvalitetssikringa er kortfatta oppsummert. Krava til dokumentasjon og presisjon har endra seg mykje frå 1999 til 2007 (og 2015), og naturbase-data frå dei første åra hadde ein kvalitet som gjorde at dei treng oppdatering etter nyare metodikk. Kartgrunnlaget var dårlegare, digitale ortofoto var ikkje tilgjengelege, og ein nytta manuskart på papir som vart digitalisert av andre. Den gongen vart også mange lokalitetar skildra på basis av andrehands opplysningar. Kvaliteten på dei gamle data var også sterkt influert av dei knappe økonomiske rammene den gongen.</p> | | |

FORORD

Denne rapporten summerer opp resultatene fra kvalitetssikring av skoglokaliteter i Møre og Romsdal i 2016. Arbeidet er utført av Biolog J. B. Jordal AS i samarbeid med Miljøfaglig Utredning AS på oppdrag fra Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Kontaktperson hos Fylkesmannen har vore Solveig Silset Berg. Prosjektansvarleg har vore John Bjarne Jordal. Kristin Wangen, Sylvein Tellnes og Geir Gaarder har delteke i feltarbeidet og i rapportskriving.

Takk til dei som har gitt muntleg informasjon eller hjelpt til med bestemming av artar.

Sunnalsøra/Tingvoll 01.03.2017

Biolog J.B. Jordal AS/Miljøfaglig Utredning AS

John Bjarne Jordal

Kristin Wangen

Sylvelin Tellnes

Geir Gaarder

INNHALD

| | |
|---|----|
| <i>Forord</i> | 4 |
| <i>Innhald</i> | 5 |
| <i>Innleiing</i> | 8 |
| Bakgrunn | 8 |
| Formål | 8 |
| <i>Metode</i> | 9 |
| Generelt | 9 |
| Verdisetting | 9 |
| Forklaring av ord og uttrykk | 11 |
| <i>Kartlagte lokalitetar</i> | 13 |
| Eksisterande kunnskap | 13 |
| Lokalitetane i oppdraget | 13 |
| Resultatet – skildra lokalitetar | 16 |
| Lokalitetar som bør slettast frå Naturbase | 20 |
| Trolldalen - furuskog | 20 |
| Langfjorden: Tjellefonna | 20 |
| Almbergliene | 20 |
| Sunndalsfjorden nordside: under Karihaugen | 20 |
| Henrikholmen | 21 |
| Bjøråa | 21 |
| Øygardsbukta B | 21 |
| Skarselva nedre | 21 |
| Dalsfjorden: Nautvik – Djupegjølet | 22 |
| <i>Raudlisteartar</i> | 23 |
| Artliste | 23 |
| Funnliste | 24 |
| <i>Datakvalitet</i> | 28 |
| Kvalitet på eldre data | 28 |
| Generelt | 28 |
| Kartavgrensing | 28 |
| Lokalitetsskildringar | 28 |
| Verdisetting | 28 |
| Kvalitet på nye data | 28 |
| Generelt | 28 |
| Kartavgrensing | 29 |
| Lokalitetsskildringar | 29 |
| Verdisetting | 29 |

| | |
|--|-----------|
| Kjelder | 30 |
| Skriftlege kjelder | 30 |
| Muntlege kjelder | 32 |
| Vedlegg | 33 |
| Lokalitetsskildringar | 33 |
| 16001 Trolldalen | 33 |
| 16002 Øykjeåsen sør | 34 |
| 16003 Øykjeåsen søraust | 35 |
| 16004a Langevatnet: nedanfor Hustad kalk og marmor | 36 |
| 16004b Langevatnet: nordaust for Hustad kalk og marmor B | 37 |
| 16004c Langevatnet: sørvest for Hustad kalk og marmor | 37 |
| 16005 Flemma: Varvika | 38 |
| 16006 Vatne: Øygarden | 39 |
| 16007 Tjellefonna (geologi) | 40 |
| 16008 Tjellefonna nedre | 41 |
| 16009 Tjellefonna øvre | 42 |
| 16010 Døving-Bjorstad | 44 |
| 16011 Kleivahamrane | 45 |
| 16012 Bjørmosen | 46 |
| 16013 Grisetlia | 47 |
| 16014 Hole | 48 |
| 16015 Horgheim | 49 |
| 16016 Isfjorden: Breivik: Markåna aust | 50 |
| 16017 Istrautiløpet, Krohnberga | 52 |
| 16018 Innfjorden: Mækjå | 52 |
| 16019 Marstein | 53 |
| 16020 Moanebba | 54 |
| 16021 Norviklia | 55 |
| 16022 Romsdalshorn: ved riksvegen | 57 |
| 16023 Svartli-Ekra | 58 |
| 16024 Åsen | 59 |
| 16025 Almberg, nedre | 60 |
| 16026 Almberg vest | 60 |
| 16027 Tørsetlia, Skjennstøet | 61 |
| 16028 Tørsetlia nedre | 62 |
| 16029 Hundredalerbakken, SV for Oppigarden Almberg | 63 |
| 16030 Almdalen ved Almberg | 64 |
| 16031 Hellesylt-Karbøen | 65 |
| 16032 Grøvu: Klavura nord for Svorundøya | 66 |
| 16033 Gjøra: Mardøla-Saudalen | 67 |
| 16034 Sunndalen: Furuøran | 69 |
| 16035 Sunndalen: Hagen | 70 |
| 16036 Sunndalen: Hoås: Geithamran | 71 |
| 16037 Sunndalen: Hoåsbrekka | 72 |
| 16038 Sunndalen: Hoåslykkja | 72 |
| 16039 Sunndalen: Holan | 74 |
| 16040 Sunndalen: Kræksøra | 74 |
| 16041 Sunndalen: Teinøra | 75 |

| | |
|---|------------|
| 16042 Sunndalen: Romfo: Klysurå | 76 |
| 16043 Sunndalsfjorden nordside: Åkerstranda | 77 |
| 16044 Sunndalsfjorden nordside: Flåstranda | 78 |
| 16045 Sunndalsfjorden nordside: Flåstranda, Bytdalen | 80 |
| 16046 Sunndalsfjorden nordside: Flåstranda under Karihaugen | 80 |
| 16047 Sunndalsøra: Skjøllendøran | 81 |
| 16048 Sunndalsøra: Sandlykkja | 82 |
| 16049 Sunndalsøra: Storøra | 83 |
| 16050 Viromdalen: Dalsbø, ved Heggevollan A | 84 |
| 16051 Viromdalen: Dalsbø, ved Heggevollan B | 85 |
| 16052 Almbekken | 87 |
| 16053 Bæverfjord | 88 |
| 16054 N for Tverråa | 89 |
| 16055 SV for Taløyan (S for Falløya) | 90 |
| 16056 Brekkhamran | 91 |
| 16057 Ovanfor Kvennhusråa | 92 |
| 16058 Stordalen sør for Taløyan | 93 |
| 16059a Bakkan | 94 |
| 16059b Gjørsvik | 95 |
| 16060 Hanemstrøa | 96 |
| 16061: Holtavatnet vest | 97 |
| 16062 Kamlia nordvest | 98 |
| 16063 Kamlia søraust | 99 |
| 16064 Kamlia søraust – gamal alm | 100 |
| 16065 Li: lokalitet B | 101 |
| 16066 Seterbekken nær Husaelva | 102 |
| 16067 Skaret | 103 |
| 16068 Toska | 104 |
| 16069 Vatsellen - Berget | 105 |
| 16070 Faksen aust | 107 |
| 16071 Dalsfjorden: Breidefonna | 108 |
| 16072 Dalsfjorden: Gråura | 109 |
| 16073 Dalsfjorden: Martin-fjellet | 110 |
| 16075 Bjørkedalen: Nedstefonna | 111 |
| 16076 Høgedalen øvre | 112 |
| 16077 Lid: Gjerdet vest | 113 |
| 16078 Lid: Lidamyrane sør | 114 |
| 16079 Litledalen øvre | 115 |
| 16080 Sulvassdalen A | 116 |
| 16081 Sulvassdalen B | 117 |
| Kartavgrensingar | 119 |
| Bilete | 146 |

INNLEIING

Bakgrunn

I Stortingsmelding nr. 58 om miljøvernpolitikk for ei bærekraftig utvikling (Miljøverndepartementet 1997) bestemte Stortinget at «*Alle landets kommuner skal ha gjennomført kartlegging og verdiklassifisering av det biologiske mangfoldet på kommunens areal i løpet av år 2003*». Miljødirektoratet, tidlegare Direktorat for naturforvaltning, har utarbeidd ei handbok til hjelp for kommunane i kartleggingsarbeidet (Direktoratet for naturforvaltning 1999, 2007, Miljødirektoratet 2015).

Naturmangfaldlova (2009) har som formål å sikre at det biologiske mangfaldet blir tatt vare på gjennom berekraftig bruk og vern. Lova inneheld fleire viktige prinsipp, m.a. om at ”*Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om artars bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfaldet*” (§8). Denne lova og krava den stiller til kunnskapsgrunnlaget, har auka behovet for gode data på naturmangfald i kommunane.

Sidan 1999 har Fylkesmannen i Møre og Romsdal samarbeidd med kommunane i fylket om kartlegging av viktige naturtypar, og etter kvart tatt over kartlegginga sjølv. I dag er det gjennomført ei kartlegging i alle kommunane i fylket, og arbeidet med revisjon og supplerande kartlegging pågår. Rapportar frå tidlegare kartleggingar i fylket ligg tilgjengeleg på heimesidene til Fylkesmannen, og dei nyaste omtalene av lokalitetane finst tilgjengelege i Naturbase (Miljødirektoratet 2016).

Formål

Formålet med denne rapporten er å revidera, avgrensa og skildra på nytt eit sett av gamle skog-lokalitetar frå Naturbase, utplukka av oppdragsgjevar.

I denne rapporten er resultatata frå feltarbeidet i 2016 summert opp og faktaark for kvar lokalitet lagt ved. Det er også gitt ei oversikt over funn av raudlisteartar. I tillegg er erfaringar frå feltarbeidet diskutert, m.a. kvalitet på tidlegare datasett og ei vurdering av kva slags viktig ny kunnskap som dei nye undersøkingane har gitt.

Vi håper resultatata frå kartlegginga vil kome til nytte i arealforvaltning, ikkje minst i samband med handheving av naturmangfaldlova.

METODE

Generelt

Miljødirektoratet si handbok i kartlegging av biologisk mangfold (Direktoratet for naturforvaltning 2007) har vore brukt som rettesnor for kva naturtypar som skulle registrerast og korleis dei skulle verdsetjast. Ifølgje kontrakten skal 2007-metodikk nyttast (og ikkje dei reviderte faktaarka frå 2015). I epost 09.01.2017 har oppdragsgjevar presisert at 2007-metodikk skal nyttast for alle skoglokalitetar, medan 2015-metodikk skal nyttast for alle andre naturtypar (Miljødirektoratet 2015).

Alle lokalitetsomtaler er utarbeidd i word-format og lagt inn i rapporten. Desse er deretter omarbeidd til Excel for eksport til Naturbase. Lokalitetane er i tillegg digitalt avgrensa ved hjelp av GIS-programvaren Qgis på bakgrunn av GPS-sporloggar og flybilete/topografisk kart. Filformatet som blir brukt i dette arbeidet er Shape.

Den einaste informasjonskjelda av særleg omfang for lokalitetane i oppdraget var Naturbase (Miljødirektoratet 2016), med dei naturtypane som der alt låg inne, og som også er skildra i kommunevise rapportar. I tillegg vart Artskart (Artsdatabanken & GBIF 2016) brukt til å supplere data.

Under feltarbeidet har det vorte samla inn belegg av raudlisteartar og andre regionalt sjeldne artar. Desse er eller vil bli sendt over til Vitenskapsmuseet i Trondheim eller Naturhistorisk museum i Oslo. Både desse artsfunna og andre interessante artar som vi berre har notert frå lokalitetane vil seinare verte tilgjengeleg på Artsdatabanken sitt Artskart. Både Miljøfaglig Utredning (MFU) og Biolog J.B. Jordal (JBJ) har der eigne datasett som ligg ute, for MFU er artane lagt ut gjennom BioFokus sin BAB-base som er kobla til GBIF (det internasjonale registreringssystemet for artar), for JBJ ligg data på GBIF-servaren. Namnebruk for artane er basert på Artsnamnebasen (<http://www.artsdatabanken.no/navn>).

Kartlegginga vart gjennomført mellom juni og november, men for det meste i august og september. Kartlegging på hausten gjorde at ein fekk med seg noko sopp, sjølv om sesongen var dårleg.

Verdisetting

Verdsetting av naturtypar er basert på DN-handbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2007) for skoglokalitetar og 2015-metodikk (Miljødirektoratet 2015) for andre typar. Etter denne metoden vert det gjort ei vurdering av verdien av ein lokalitet eller eit område basert på innsamla data. Lokalitetane vert delt inn i **viktige (B)** og **svært viktige (A)** område. I tillegg kjem område som er **lokalt viktige (C)**. Verdivurderinga skal grunngjevast.

Førekost av raudlisteartar er ofte eit vesentlig kriterium for å verdisette ein lokalitet. I denne rapporten er norsk raudliste (Henriksen & Hilmo 2015) nytta. Dei ulike raudlistekategoriene med rangering og forkortingar er (med engelsk namn i parentes):

RE – Regionalt utrydda (Regionally Extinct)

CR – Kritisk truga (Critically Endangered)

EN – Sterkt truga (Endangered)

VU – Sårbar (Vulnerable)

NT – Nær truga (Near Threatened)

DD – Datamangel (Data Deficient)

Elles blir det vist til Henriksen & Hilmo (2015) for nærare forklaring av inndeling, metodar og utval av artar for den norske raudlista.

I 2011 kom også norsk raudliste for naturtypar (Lindgaard & Henriksen 2011), som i hovudsak er basert på grunntypar i det nye kartleggingssystemet NiN (Naturtypar i Noreg). Her nyttar ein same kategoriar som i raudliste for artar. Raudlistestatus for naturtypen vil også ha ein verknad på verdisetjinga av lokalitetar.

Norsk svarteliste for artar inneheld ei risikovurdering av framande artar. I 2012 vart ein revidert svarteliste publisert (Gederaas m.fl. 2012) der ein brukar ein ny og oppdatert metodikk for risikovurdering. Artane er fordelt på fem kategoriar (i denne rapporten er det lagt mest vekt på dei tre øvste, dvs. SE, HI og PH):

SE – Svært høg risiko (Artar som har ein sterk negativ effekt på norsk natur)

HI – Høg risiko (Artar med stor spreing, og med ein viss økologisk effekt eller stor økologisk effekt med en avgrensa spreing)

PH – Potensielt høg risiko (Artar med svært avgrensa spreingsevne, men stor økologisk effekt – eller omvendt)

LO – Låg risiko (Artar med låg risiko har låg eller moderat spreing og middels til svake økologiske effektar)

NK – Ingen kjend risiko (Artar utan kjend spreing og ingen kjende økologiske effektar)

Kvar naturtypelokalitet skal ha ein omtale som følgjer ei spesifisert oppbygning. Omtalen skal vere oversiktleg, kort, konsis og forvaltingsretta, og vere delt inn etter følgjande overskrifter:

Innleiing: Her kan det leggjast inn opplysningar om i kva samanheng kartlegginga er gjort, kva som er gjort tidlegare, om den nye omtalen supplerer eller erstattar tidlegare omtaler og liknande.

Lokalisering og naturgrunnlag: Her forklarar ein geografisk lokalisering m.m., dersom det er behov for supplerande opplysningar til kartet. Kor nøyaktig er avgrensinga? Sistnemnde kan variere, både som følgje av kartleggingmetodikk og naturgitte årsaker, og det bør skiljast mellom desse to faktorane. Dersom det er lagt inn buffersone skal denne omtalast her. Viktige topografiske og geologiske forhold som ikkje går fram av kartet omtalast, i tillegg til viktige naturgitte faktorar som påverkar økosystemet sin stabilitet (t.d. skogbrann, flaum, nedbør/luftåme, vind).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Supplerande opplysningar om naturtypar, utformingar og mosaikk skal omtalast her, i tillegg til supplerande opplysningar om truga naturtypar. Om naturtypar som ikkje er prioriterte er inkludert, skal dette nemnast og grunnjevast (t.d. av årsakar knytt til arrondering). Naturtypane er vanlegvis omtala og delt inn etter NiN 2.0-systemet.

Artsmangfald: Typiske/karakteristiske artar må nemnast. I skog bør ein nemne alle treslag og mengdeforholda deira. Elles bør typiske og eventuelt dominerande artar nemnast. I tillegg nemnast andre artar som seier noko om forholda på staden. Alle sjeldsynte, kravfulle og raudlista artar bør listast opp.

Bruk, tilstand og påverknad: Utfyllande opplysningar om tilstand, dagens bruk, inngrep, andre påverknadsfaktorar og historikk. Kor stor og kva slags menneskeskapt påverknad er det? Angi gjerne tidspunkt for inngrep og liknande, om det er mogleg. I skog må hogst relaterast til førekomsten av gamle, levande og døde tre, inkludert ei historisk vurdering, og grad av kontinuitet. For våtmark/vassdrag må forureining og vasstandsmanipulering nemnast. For myr er grøfting og slått viktig. For kulturlandskap må tilstand (hevd) og bruk omtalast i tillegg til andre påverknadsfaktorar.

Her nemnast også lokale forhold som kan truge grunnlaget for verdien til lokaliteten, men ikkje generelle trugsmål. Det held å nemne forhold som konkret er registrert i felt (t. d. attgroing, nedbygging, grøfthing) eller som er kjent på annan måte.

Framande artar: Førekost av framande artar omtalast her.

Skjøtsel og omsyn: Med skjøtsel meiner vi aktive tiltak for å fremje naturverdiane, t.d. beiting eller tiltak mot framande artar. Omsyn er passive "tiltak" for å unngå skadelege aktivitetar i lokaliteten, eller visse former for bruk/inngrep som ikkje vesentleg påverkar dei naturverdiane ein vil ta vare på. Eventuelle konkrete forslag nemnast. Dersom det er nødvendig å ta spesielle omsyn utanfor lokaliteten bør det nemnast her.

Del av heilskapleg landskap: Dersom naturtypeområde må sjåast i samanheng med liknande areal innanfor eit større areal (landskapsøkologisk perspektiv), skal ein gi opplysningar om dette her.

Verdisetting: Nemn kort kva faktorar som har vore viktigast for verdivurderinga. Uvisse i høve til verdien bør nemnast. Moglege utviklingstrekk som støttar verdivalet nemnast.

Forklaring av ord og uttrykk

Naturmangfaldlova definerer i §3 ein del ord og uttrykk som det er nyttig å kjenne til: ”I denne lov forstås med

- a) art: etter biologiske kriterier bestemte grupper av levende organismer;
- b) bestand: en gruppe individer av samme art som lever innenfor et avgrenset område til samme tid;
- c) biologisk mangfold: mangfoldet av økosystemer, artar og genetiske variasjoner innenfor artene, og de økologiske sammenhengene mellom disse komponentene;
- d) dyr: pattedyr, fugler, krypdyr, amfibier, fisk og virvelløse dyr;
- e) fremmed organisme: en organisme som ikkje hører til noen art eller bestand som forekommer naturlig på stedet;
- f) genetisk materiale: gener og annet arvemateriale i ethvert biologisk materiale, som kan overføres til andre organismer med eller utan hjelp av teknologi, likevel ikkje genetisk materiale fra mennesker;
- g) hausting: jakt, fangst, fiske og innsamling av planter eller plantedeler (medregnet bær og frukter) og sopp, i friluftsliv og næring;
- h) innførsel: kryssing av grense på land mot nabostat eller ilandføring fra områder utanfor lovens virkeområde;
- i) naturmangfold: biologisk mangfold, landskapsmessig mangfold og geologisk mangfold, som ikkje i det alt vesentlige er et resultat av menneskers påvirkning;
- j) naturtype: ensartet type natur som omfatter alle levende organismer og de miljøfaktorene som verkar der, eller spesielle typer naturforekomster som dammer, åkerholmer eller lignende, samt spesielle typer geologiske forekomster;
- k) organisme: enkeltindivid av planter, dyr, sopp og mikroorganismer, inkludert alle deler som er i stand til å formere seg eller overføre genetisk materiale;
- l) planter: karplanter, moser og alger;
- m) sopp: sopp og lav;
- n) system der rømming ikkje er utelukket;
- o) uttak: enhver form for avlaving eller fjerning av hele eller deler av organismer fra naturen uansett formål;
- p) vilt: naturlig viltlevende landpattedyr, fugler, krypdyr og amfibier;
- q) virvelløse dyr: dyr utan ryggstøyle;

- r) økologisk funksjonsområde: område – med avgrensing som kan endre seg over tid – som oppfyller en økologisk funksjon for en art, slik som gyteområde, oppvekstområde, larvedriftsområde, vandrings- og trekkruiter, beiteområde, hiområde, myte- eller hårfellingsområde, overnattingsområde, spill- eller parringsområde, trekkvei, yngleområde, overvintringsområde og leveområde;
- s) økologisk tilstand: status og utvikling for funksjoner, struktur og produktivitet i en naturtypes lokaliteter sett i lys av aktuelle påvirkningsfaktorer;
- t) økosystem: et mer eller mindre velavgrenset og ensartet natursystem der samfunn av planter, dyr, sopp og mikroorganismer fungerer i samspill innbyrdes og med det ikkjelevende miljøet.”

KARTLAGTE LOKALITETAR

Eksisterande kunnskap

I 2016 vart det gjennomført kartlegging i 14 kommunar. Tidlegare naturtypekartleggingar som vedkjem lokalitetane i denne rapporten er lista opp i tabell 1.

Tabell 1. Kommunevis oversikt over naturtypekartleggingar som er hovudkjelder til eksisterande data i Naturbase for lokalitetane i denne rapporten.

| Kommune | Aktuelle kjelder |
|----------|---|
| Averøy | Gaarder & Oldervik (2003) |
| Fræna | Jordal (2005a) |
| Gjemnes | Jordal (2000) |
| Haram | Jordal & Holtan (2005) |
| Neset | Jordal (2005b) |
| Norddal | Holtan & Grimstad (2000a) |
| Rauma | Jordal & Stueflotten (2004) |
| Rindal | Aune (2005a) |
| Stranda | Holtan & Grimstad (2000b) |
| Sunndal | Jordal (2004) |
| Surnadal | Aune (2005b) |
| Tingvoll | Hagen (2000) |
| Vestnes | Jordal (2003) |
| Volda | Grimstad & Engen (2005), Holtan & Jordal (2008) |

For ei samla oversikt over tematiske og generelle kommunale og interkommunale naturtypekartleggingar i Møre og Romsdal, vil vi vise til lista på heimesidene til Fylkesmannen (<https://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Prosjekt/Kartlegging-av-nasjonalt-prioriterte-og-omsynskrevjande-naturtypar-i-More-og-Romsdal-/Kartleggingsrapportar/>). Disse rapportane gir tilgang på både nye og gamle data, medan dei nyaste skildringane av forvaltningsprioriterte naturtypar i fylket ligg tilgjengelege i Naturbase (Miljødirektoratet 2016).

Lokalitetane i oppdraget

Hovudfokuset for kartlegginga i 2016 var å kvalitetssikre skoglokalitetar med gamle data, utplukka og prioriterte av oppdragsgjevar. Lokalitetane som inngjekk i oppdraget er lista opp i tabell 2.


Tabell 2. Oversikt over dei lokalitetane som skulle kvalitetssikrast i prosjektet, med informasjon om gjennomføring. Forkortingar: Komm=kommune, Nat=naturtype, V=verdi (A, B eller C), A=areal (dekar), JBJ= John Bjarne Jordal, GGa=Geir Gaarder, KW= Kristin Wangen, STE=Sylvelin Tellnes.

| IID | Komm | Lokalitet | Nat | V | A | Dato | Dato 1916 | Inventør | Kommentar |
|------------|--------|--|-----|---|-----|------------|-----------|----------|---------------------------------------|
| BN00013480 | Averøy | Trolldalen - furuskog | F12 | B | 981 | 16.05.2001 | 17.11. | GGa | beheld lok., noko endra |
| BN00013441 | Averøy | Øykjeåsen sør | F01 | A | 187 | 04.09.2002 | 17.11. | GGa | beheld lok., noko endra |
| BN00020378 | Fræna | Langvatnet: nedanfor Hustad kalk og marmor | F03 | B | 108 | 20.03.2003 | 21.07. | KW | beheld lok., delt opp i fleire mindre |

| ID | Komm | Lokalitet | Nat | V | A | Dato | Dato 1916 | Inven-tør | Kommentar |
|------------|---------|--|-----|---|------|------------|----------------|-----------------------------|--|
| BN00001817 | Gjemnes | Flemma: Varvika | F01 | B | 204 | 04.09.1997 | 07.09. | JBj, Solveig S.B., James H. | beheld lok., noko endra |
| BN00019392 | Haram | Vatne: ovafor Øygarden | F01 | B | 162 | 01.01.2000 | 05.10 | GGa | Ein del arealreduksjon |
| BN00022276 | Neset | Langfjorden: Tjellefonna | F07 | B | 128 | 06.04.1999 | 11.11. | STE | beheld lok., noko endra |
| BN00008403 | Norrdal | Døving-Bjorstad | F01 | A | 288 | 20.07.1999 | 09.09. | JBj | beheld lok., noko endra |
| BN00008442 | Norrdal | Kleivahamrane | F01 | A | 228 | 17.07.1999 | 09.09. | JBj | beheld lok., noko endra |
| BN00001654 | Rauma | Bjørmosen | F01 | A | 143 | 20.06.2000 | 07.09. | JBj | beheld lok., noko endra |
| BN00001675 | Rauma | Grisetlia | F01 | A | 524 | 24.05.2000 | 08.09. | JBj | beheld lok., noko endra |
| BN00001679 | Rauma | Hole-Tomberg | F01 | A | 329 | 30.07.2001 | 08.09. | JBj | beheld lok., noko endra |
| BN00001709 | Rauma | Horgheim | F06 | A | 69 | ca. 1985 | 05.10. | JBj | beheld lok., noko endra |
| BN00028350 | Rauma | Isfjorden: Breivik: Markåna øst | F01 | B | 189 | 12.07.2004 | 04.10. | JBj | beheld lok., noko endra, måtte gå rundt heile |
| BN00001664 | Rauma | Istrautløpet, Krohnberga | F06 | B | 20 | 19.06.2000 | 09.09. | JBj | beheld lok., noko endra |
| BN00001703 | Rauma | Mækjå | F06 | A | 9,71 | 20.06.2000 | 08.09. | JBj | beheld lok., noko endra |
| BN00001725 | Rauma | Marstein | F01 | A | 460 | 07.07.1999 | 04.-05.10. | JBj | beheld lok., noko endra |
| BN00001650 | Rauma | Moanebba | F01 | B | 348 | 25.07.2000 | 03.10. | JBj | beheld lok., noko endra |
| BN00001628 | Rauma | Norviklia | F01 | A | 316 | 31.07.2000 | 03.10. | JBj | beheld lok., noko endra |
| BN00001697 | Rauma | Romsdalshorn: ved riksvegen | F05 | A | 126 | 01.09.2000 | 08.09. | JBj | beheld lok., noko endra |
| BN00001641 | Rauma | Svartli-Ekra | F06 | A | 434 | 26.07.2000 | 03.10. | JBj | beheld lok., noko endra |
| BN00001653 | Rauma | Åsen | F03 | B | 228 | 25.07.2000 | 03.10. | JBj | beheld lok., betydeleg mindre (m.a. hogst) |
| BN00018485 | Rindal | Almbergliene | F01 | A | 734 | 25.07.2002 | 12.10. | JBj | vert splitta i 6 nye lok. |
| BN00008366 | Stranda | Hellesylt-Karbøen | F12 | B | 899 | 13.08.2000 | 04.10 | GGa | litt arealreduksjon |
| BN00020533 | Sunndal | Fjellgardene: Klavura nord for Svorundøya | F01 | B | 135 | 18.09.1979 | 31.08. | JBj | beheld lok., noko endra |
| BN00020522 | Sunndal | Gjøra: Mardøla-Saudalen | F03 | A | 624 | 09.08.1975 | 06.09. | JBj | beheld lok., noko endra |
| BN00020450 | Sunndal | Sunndalen: Furuøran | F05 | B | 78 | 24.06.2002 | 30.05. | JBj | beheld lok., noko endra |
| BN00020506 | Sunndal | Sunndalen: Hagen | F01 | B | 133 | 06.09.1978 | 06.09. | JBj | beheld lok., noko endra |
| BN00020586 | Sunndal | Sunndalen: Hoås: Geithamran | F01 | A | 508 | 14.08.1979 | 30.09. | JBj | beheld lok., noko endra |
| BN00020468 | Sunndal | Sunndalen: Hoåsbrekka | F06 | B | 24 | 01.01.1990 | 30.09. | JBj | beheld lok., noko endra |
| BN00020469 | Sunndal | Sunndalen: Hoåslykkja | F01 | A | 357 | 01.06.1979 | 27.09. | JBj | svartorsumpskog, betydeleg utvida |
| BN00020457 | Sunndal | Sunndalen: Hoel | F06 | B | 6,9 | 25.06.2002 | 30.05. | JBj | blir mindre dels pga. inngrep |
| BN00020461 | Sunndal | Sunndalen: Leangen-Nylykkjebekken | F05 | B | 116 | 24.06.2002 | 14.10. | JBj | vert splitta i to |
| BN00020488 | Sunndal | Sunndalen: Romfo: Klysurda | F01 | A | 81 | 03.10.1978 | 27.09. | JBj | beheld lok., noko endra |
| BN00020436 | Sunndal | Sunndalsfjorden nordside: Åkerstranda | F01 | B | 546 | 26.07.2003 | 14.10. | JBj | beheld lok., noko endra |
| BN00020410 | Sunndal | Sunndalsfjorden nordside: Flåstranda | F03 | A | 261 | 25.09.2001 | 10.10., 13.10. | JBj | vert slått saman med neste, skiller ut to edellauvskoger |
| BN00020413 | Sunndal | Sunndalsfjorden nordside: Oppdøl: under Karihaugen | F01 | A | 166 | 27.05.2003 | 10.10. | JBj | vert slått saman forrige, skiller ut to edellauvskoger |

| ID | Komm | Lokalitet | Nat | V | A | Dato | Dato 1916 | Inven-tør | Kommentar |
|------------|----------|--|-----|---|------|------------|-----------|-----------|---|
| BN00020447 | Sunndal | Sunnalsøra: Håshjelløran-Skjøllandøran | F05 | B | 200 | 01.01.1991 | 03.06. | JB | betydeleg mindre pga. inngrep |
| BN00020452 | Sunndal | Sunnalsøra: Sande: Sandlykkja | F05 | B | 31 | 25.06.2002 | 30.05. | JB | beheld lok., noko endra (noko inngrep) |
| BN00020443 | Sunndal | Sunnalsøra: Storøra | F05 | B | 100 | 25.06.2002 | 03.06. | JB | beheld lok., noko endra (noko inngrep) |
| BN00020411 | Sunndal | Viromdalen: Dalsbø, ved Heggevollan | F01 | B | 104 | 01.01.1999 | 10.09 | KW | beheld lok., ny typesetting og ein del arealreduksjon. |
| BN00018109 | Surnadal | Almbekken | F01 | A | 144 | 03.09.2004 | 23.05 | GGa, STE | beheld lok., litt grensejustering |
| BN00050481 | Surnadal | Bæverfjord | F05 | B | 144 | 12.11.1993 | 21.10 | GGa, STE | beheld lok., vert slått saman med Henrikholmen og Bjøråa (BN00050478) til ein stor lokalitet |
| BN00050479 | Surnadal | Henrikholmen | F05 | B | 170 | 12.11.1993 | 21.10 | GGa, STE | beheld lok., vert slått saman med Bæverfjord og og Bjøråa (BN00050478) til ein stor lokalitet |
| BN00018107 | Surnadal | N for Tverråa | F01 | B | 143 | 18.07.2003 | 23.05 | GGa, STE | splitting i to mindre lok. |
| BN00018177 | Surnadal | SV for Taløyan (S for Falløya) | F01 | B | 295 | 11.06.1998 | 23.05 | GGa, STE | beheld lok., vert delt opp i fleire minde. |
| BN00046003 | Tingvoll | Bakkan | F05 | C | 25,5 | 13.05.1996 | 14.08 | KW | beheld lok., noko endra |
| BN00045990 | Tingvoll | Gjørsvik | F05 | C | 6,68 | 18.05.1996 | 10.09 | KW | beheld lok., noko endra |
| BN00045999 | Tingvoll | Hanemstrøa | F05 | C | 5,76 | 16.05.1996 | 21.08 | KW | beheld lok., noko endra |
| BN00038384 | Tingvoll | Holtavatnet vest | F06 | B | 9,67 | 01.01.2006 | 07.07 | KW | beheld lok., noko endra |
| BN00016699 | Tingvoll | Kamli | F01 | A | 367 | 11.07.1979 | 11.09 | KW | beheld lok., deler opp i fleire mindre lok. |
| BN00045897 | Tingvoll | Li, lokalitet B | F01 | A | 222 | 11.05.1997 | 20.08 | KW | beheld lok., noko endra |
| BN00016718 | Tingvoll | Øygardsbukta B | F06 | C | 5,11 | 01.01.1994 | 10.09 | KW | vert sletta |
| BN00045977 | Tingvoll | Seterbekken nær Husaelva | F05 | C | 6,94 | 19.05.1996 | 29.06 | KW | beheld lok., noko endra |
| BN00045998 | Tingvoll | Skaret | F05 | C | 13,7 | 10.05.1996 | 14.08 | KW | beheld lok., noko endra |
| BN00046000 | Tingvoll | Skarselva nedre | F05 | C | 8,9 | 16.05.1996 | 21.08 | KW | vert sletta |
| BN00045994 | Tingvoll | Toska | F05 | C | 7,28 | 16.05.1996 | 14.08 | KW | beheld lok., noko endra |
| BN00045905 | Tingvoll | Vatsellen - Berget | F01 | A | 158 | 01.06.1997 | 24.08 | KW | beheld lok., noko endra |
| BN00010943 | Vestnes | Langvassåsen/ Fakseåsen | F08 | B | 2410 | 01.01.1997 | 5.10 | GGa | beheld lok, betydelig redusert |
| BN00022189 | Volda | Dalsfjorden: Nautvik - Djupegjølet | F01 | B | 1201 | 31.08.2007 | 28.07 | KW | beheld lok., vert delt opp i fleire mindre |
| BN00022183 | Volda | Fannene | F01 | B | 161 | 20.05.2004 | 28.07 | KW | beheld lok., betydelig arealreduksjon |
| BN00022200 | Volda | Lid | F01 | B | 250 | 07.06.2002 | 23.07 | KW | beheld lok., vert delt opp i fleire mindre |
| BN00022197 | Volda | Litledalen | F08 | B | 1243 | 16.07.2002 | 31.07 | KW | beheld lok., vert delt opp i fleire mindre |
| BN00022187 | Volda | Sulvassdalen | F08 | B | 167 | 16.07.2002 | 25.07 | KW | beheld lok., noko endra |

Geografisk har det vore stor vekt på Sunndal, Rauma og Tingvoll, og noko mindre vekt på Surnadal og Volda. I tillegg er det undersøkt 1-2 lokalitetar i ein del andre kommunar. Totalt inneheldt oppdraget 63 lokalitetar i 14 kommunar.



Figur 1. Tal lokalitetar i oppdraget etter undersøkingsår oppgjeve i Naturbase.

Figur 1 viser at 25 av lokalitetane er undersøkt før naturtypekartleggingane kom igang i 1999, medan fleirtalet av dei resterande er undersøkt i perioden 1999-2002. Berre fem lokalitetar har vore besøkt etter 2003.

Resultatet – skildra lokalitetar

Arbeidet har hatt fokus på revisjon av skogslokalitetar. Nokre store lokalitetar har vorte delt opp i mindre lokalitetar med meir nøyaktig avgrensing og beskriving. Samla sett er det snakk om 83 lokalitetar.

Tabell 3. Oversikt over lokalitetar som vert skildra som eit resultat av prosjektet, med ID-lokal, IID (Naturbase)/ny lokalitet, kommune, lokalitetsnamn, naturtypekode, naturtype og verdi.

| ID_lokal | IID/NY | Kommune | Lokalitetsnamn | Kode | Naturtype | Verdi |
|----------|------------|---------|---|------|------------------|-------|
| 16001 | BN00013481 | Averøy | Trolldalen | F01 | Rik edellauvskog | B |
| 16002 | BN00013441 | Averøy | Øykjeåsen sør | F01 | Rik edellauvskog | A |
| 16003 | NY | Averøya | Øykjeåsen søraust | F01 | Rik edellauvskog | B |
| 16004a | BN00020378 | Fræna | Langevatnet: nedanfor Hustad kalk og marmor | F06 | Rik sumpskog | B |
| 16004b | NY | Fræna | Langevatnet: nordaust for Hustad kalk og marmor B | F01 | Rik edellauvskog | B |
| 16004c | NY | Fræna | Langevatnet: sørvest for Hustad kalk og marmor | F01 | Rik edellauvskog | C |
| 16005 | BN00001817 | Gjemnes | Flemma: Varvika | F01 | Rik edellauvskog | B |
| 16006 | BN00019392 | Haram | Vatne: Øygarden | F01 | Rik edellauvskog | C |
| 16007 | NY | Neset | Tjellefonna (geologi) | B10 | Ur og rasmark | A |
| 16008 | NY | Neset | Tjellefonna nedre | F07 | Gammal lauvskog | B |
| 16009 | NY | Neset | Tjellefonna øvre | F01 | Rik edellauvskog | A |
| 16010 | BN00008403 | Norrdal | Døving-Bjorstad | F01 | Rik edellauvskog | B |
| 16011 | BN00008442 | Norrdal | Kleivahamrane | F01 | Rik edellauvskog | A |

| ID_lokal | IID/NY | Kommune | Lokalitetsnamn | Kode | Naturtype | Verdi |
|----------|----------------------------------|---------|---|------|------------------------|-------|
| 16012 | BN00001654 | Rauma | Bjørmosen | F01 | Rik edellauvskog | A |
| 16013 | BN00001675 | Rauma | Grisetlia | F01 | Rik edellauvskog | A |
| 16014 | BN00001679 | Rauma | Hole | F01 | Rik edellauvskog | B |
| 16015 | BN00001709 | Rauma | Horgheim | F06 | Rik sumpskog | A |
| 16016 | BN00028350 | Rauma | Isfjorden: Breivik: Markåna aust | F01 | Rik edellauvskog | B |
| 16017 | BN00001664 | Rauma | Istrautløpet, Krohnberga | F06 | Rik sumpskog | B |
| 16018 | BN00001703 | Rauma | Innfjorden: Mækjå | F06 | Rik sumpskog | A |
| 16019 | BN00001725 | Rauma | Marstein | F01 | Rik edellauvskog | A |
| 16020 | BN00001650 | Rauma | Moanebba | F01 | Rik edellauvskog | B |
| 16021 | BN00001628 | Rauma | Norviklia | F01 | Rik edellauvskog | A |
| 16022 | BN00001697 | Rauma | Romsdalshorn: ved riksvegen | F05 | gråor-heggeskog | B |
| 16023 | BN00001641 | Rauma | Svartli-Ekra | F05 | gråor-heggeskog | A |
| 16024 | BN00001653 | Rauma | Åsen | F03 | kalkskog | B |
| 16025 | NY (tidlegare del av BN00018485) | Rindal | Almberg, nedre | F01 | Rik edellauvskog | A |
| 16026 | NY (tidlegare del av BN00018485) | Rindal | Almberg vest | F01 | Rik edellauvskog | B |
| 16027 | NY (tidlegare del av BN00018485) | Rindal | Tørsetlia, Skjennstøet | F01 | Rik edellauvskog | C |
| 16028 | NY (tidlegare del av BN00018485) | Rindal | Tørsetlia nedre | D12 | store gamle tre | B |
| 16029 | BN00018487 | Rindal | Hundredalerbakken, SV for Oppigarden Almberg | F01 | Rik edellauvskog | A |
| 16030 | BN00057964 | Rindal | Almdalen ved Almberg | F09 | Bekkekløft og bergvegg | B |
| 16031 | BN00008366 | Stranda | Hellesylt-Karbøen | F07 | Gammel lauvskog | B |
| 16032 | BN00020533 | Sunndal | Grøvu: Klavura nord for Svorundøya | F01 | Rik edellauvskog | B |
| 16033 | BN00020522 | Sunndal | Gjøra: Mardøla-Saudalen | F03 | kalkskog | A |
| 16034 | BN00020450 | Sunndal | Sunndalen: Furuøran | F05 | gråor-heggeskog | B |
| 16035 | BN00020506 | Sunndal | Sunndalen: Hagen | F01 | Rik edellauvskog | A |
| 16036 | BN00020586 | Sunndal | Sunndalen: Hoås: Geithamran | F01 | Rik edellauvskog | A |
| 16037 | BN00020468 | Sunndal | Sunndalen: Hoåsbrekka | F06 | rik sumpskog | A |
| 16038 | BN00020469 | Sunndal | Sunndalen: Hoåslykkja | F01 | Rik edellauvskog | A |
| 16039 | BN00020457 | Sunndal | Sunndalen: Holan | F06 | rik sumpskog | A |
| 16040 | BN00020461 | Sunndal | Sunndalen: Kræksøra | F05 | gråor-heggeskog | B |
| 16041 | NY (tidlegare del av BN00020461) | Sunndal | Sunndalen: Teinøra | F05 | gråor-heggeskog | B |
| 16042 | BN00020488 | Sunndal | Sunndalen: Romfo: Klysura | F01 | Rik edellauvskog | B |
| 16043 | BN00020436 | Sunndal | Sunndalsfjorden nordside: Åkerstranda | F01 | Rik edellauvskog | A |
| 16044 | BN00020410 | Sunndal | Sunndalsfjorden nordside: Flåstranda | F03 | kalkskog | A |
| 16045 | NY (tidlegare del av BN00020410) | Sunndal | Sunndalsfjorden nordside: Flåstranda, Bytdalen | F01 | rik edellauvskog | A |
| 16046 | NY | Sunndal | Sunndalsfjorden nordside: Flåstranda under Karihaugen | F01 | rik edellauvskog | A |
| 16047 | BN00020447 | Sunndal | Sunndalsøra: Skjøllendøran | F05 | gråor-heggeskog | B |
| 16048 | BN00020452 | Sunndal | Sunndalsøra: Sandlykkja | F05 | gråor-heggeskog | B |
| 16049 | BN00020443 | Sunndal | Sunndalsøra: Storøra | F05 | gråor-heggeskog | B |
| 16050 | BN00020411 | Sunndal | Viromdalen: Dalsbø, ved Heggevollan A | F01 | Rik edellauvskog | B |

| ID_lokal | IID/NY | Kommune | Lokalitetsnamn | Kode | Naturtype | Verdi |
|----------|------------|----------|---------------------------------------|------|----------------------------------|-------|
| 16051 | NY | Sunnadal | Viromdalen: Dalsbø, ved Heggevollan B | F01 | Rik edellauvskog | B |
| 16052 | BN00018109 | Surnadal | Almbekken | F01 | Rik edellauvskog | A |
| 16053 | BN00050481 | Surnadal | Bæverfjord | F05 | Gråor-heggeskog | C |
| 16054 | BN00018107 | Surnadal | N for Tverråa | F07 | Gammal lauvskog | A |
| 16055 | BN00018177 | Surnadal | SV for Taløyan (S for Falløya) | F01 | Rik edellauvskog | A |
| 16056 | NY | Surnadal | Brekhamran | F01 | Rik edellauvskog | B |
| 16057 | NY | Surnadal | Ovanfor Kvennhusråa | F01 | Rik edellauvskog | B |
| 16058 | NY | Surnadal | Stordalen sør for Taløyan | B07 | Ravinedal | B |
| 16059a | BN00046003 | Tingvoll | Bakkan | F05 | Gråor-heggeskog | C |
| 16059b | BN00045990 | Tingvoll | Gjørsvik | F05 | Gråor-heggeskog | C |
| 16060 | BN00045999 | Tingvoll | Hanemstrøa | F05 | Gråor-heggeskog | C |
| 16061 | BN00038384 | Tingvoll | Holtavatnet vest | F06 | Rik sumpskog | C |
| 16062 | BN00016699 | Tingvoll | Kamlia nordvest | F01 | Rik edellauvskog | A |
| 16063 | NY | Tingvoll | Kamlia søraust | F01 | Rik edellauvskog | B |
| 16064 | NY | Tingvoll | Kamlia søraust - gamal alm | D12 | Store gamle tre | C |
| 16065 | BN00045897 | Tingvoll | Li: lokalitet B | F01 | Rik edellauvskog | A |
| 16066 | BN00045977 | Tingvoll | Seterbekken nær Husaelva | F05 | Gråor-heggeskog | C |
| 16067 | BN00045998 | Tingvoll | Skaret | F05 | Gråor-heggeskog | C |
| 16068 | BN00045994 | Tingvoll | Toska | F05 | Gråor-heggeskog | C |
| 16069 | BN00045905 | Tingvoll | Vatsellen - Berget | F01 | Rik edellauvskog | A |
| 16070 | BN00010943 | Vestnes | Faksen aust | F07 | Gammel lauvskog | B |
| 16071 | NY | Volda | Dalsfjorden: Breidefonna | F01 | Rik edellauvskog | A |
| 16072 | NY | Volda | Dalsfjorden: Gråura | F07 | Gamal lauvskog | B |
| 16073 | NY | Volda | Dalsfjorden: Martin-fjellet | F07 | Gamal lauvskog | B |
| 16075 | BN00022183 | Volda | Bjørkedalen: Nedstefonna | F01 | Rik edellauvskog | B |
| 16076 | NY | Volda | Høgedalen øvre | F08 | Gamal barskog | C |
| 16077 | BN00022200 | Volda | Lid: Gjerdet vest | D05 | Hagemark | C |
| 16078 | NY | Volda | Lid: Lidamyrane sør | D04 | Naturbeitemark | C |
| 16079 | BN00022197 | Volda | Litledalen øvre | F08 | Gamal barskog | C |
| 16080 | BN00022187 | Volda | Sulvassdalen A | F12 | | B |
| 16081 | NY | Volda | Sulvassdalen B | B04 | Nordvendte kystberg og blokkmark | B |

Lokalitetsoversikta i tabell 3 inneheld 83 lokalitetar istaden for dei 63 lokalitetane ein starta med (sjå og tabell 4 nedanfor). Av tabell 4 går det også fram at det var 30 lokalitetar med verdi A (svært viktig), 37 lokalitetar med verdi B (viktig), og 16 lokalitetar med verdi C (lokalt viktig).

Tabell 4. Tal lokalitetar i oppdraget, og i resultatata sortert etter kommune og verdi.

| Kommune | Tal lokalitetar, oppdrag | Tal lokalitetar, resultat | Verdi A | Verdi B | Verdi C |
|------------|--------------------------|---------------------------|-----------|-----------|-----------|
| Averøy | 2 | 3 | 1 | 2 | |
| Fræna | 1 | 3 | | 2 | 1 |
| Gjemnes | 1 | 1 | | 1 | |
| Haram | 1 | 1 | | | 1 |
| Neset | 1 | 3 | 2 | 1 | |
| Norrdal | 2 | 2 | 1 | 1 | |
| Rauma | 13 | 13 | 7 | 6 | |
| Rindal | 1 | 6 | 2 | 3 | 1 |
| Stranda | 1 | 1 | | 1 | |
| Sunndal | 17 | 20 | 10 | 10 | |
| Surnadal | 5 | 7 | 3 | 3 | 1 |
| Tingvoll | 12 | 12 | 3 | 1 | 8 |
| Vestnes | 1 | 1 | | 1 | |
| Volda | 5 | 10 | 1 | 5 | 4 |
| SUM | 63 | 83 | 30 | 37 | 16 |

Som ein ser i tabell 4 er det mindre endringar i talet på lokalitetar pr. kommune. Dette tyder at dei fleste av dei opprinnelege lokalitetane er vidareførte med revidert avgrensing og skildring. I Rindal er ein svært stor og heterogen lokalitet (Almbergliene) sletta, medan det i same området er skildra seks nye lokalitetar. I resultatata som i det opprinnelege oppdraget var det flest lokalitetar i Sunndal, Rauma og Tingvoll.

Tabell 5. Tal lokalitetar i oppdraget, og i resultatata sortert etter naturtype og verdi.

| Naturtypekode | Naturtype | Tal lokalitetar, oppdrag | Tal lokalitetar, resultat | Verdi A | Verdi B | Verdi C |
|---------------|----------------------------------|--------------------------|---------------------------|-----------|-----------|-----------|
| B04 | Nordvendte kystberg og blokkmark | | 1 | | 1 | |
| B07 | Ravinedal | | 1 | | 1 | |
| B10 | Ur og rasmark | | 1 | 1 | | |
| D04 | Naturbeitemark | | 1 | | | 1 |
| D05 | Hagemark | | 1 | | | 1 |
| D12 | Store gamle tre | | 2 | | 1 | 1 |
| F01 | Rik edellauvskog | 30 | 41 | 21 | 17 | 3 |
| F03 | Kalkskog | 4 | 3 | 2 | 1 | |
| F05 | Gråor-heggeskog | 15 | 15 | 1 | 7 | 7 |
| F06 | Rik sumpskog | 8 | 7 | 4 | 2 | 1 |
| F07 | Gammel lauvskog | 1 | 6 | 1 | 5 | |
| F08 | Gammel barskog | 3 | 2 | | | 2 |
| F09 | Bekkekløft og bergvegg | | 1 | | 1 | |
| F12 | Kystfuruskog | 2 | 1 | | 1 | |
| SUM | | 63 | 83 | 30 | 37 | 16 |

Av tabell 5 går det fram at rundt halvparten av dei 63 opprinnelege lokalitetane var rik edellauvskog, medan 15 var gråor-heggeskog og 8 rik sumpskog. I tillegg var det fire andre skogtypar med færre lokalitetar. I resultatata er det 41 edellauvskogar, 15 gråor-heggeskogar, 7 rike sumpskogar, 6 gammal lauvskog, og elles 1-2 av dei andre naturtypane.

Lokalitetar som bør slettast frå Naturbase

I dei aller fleste tilfella førte kvalitetssikringa av gamle lokalitetar til vidareføring av nye, reviderte lokalitetar. I nokre få tilfelle vart det likevel vurdert som rett å tilrå ut frå fagleg grunnlag at dei gamle lokalitetane bør slettast. Nedanfor er desse lokalitetane omtala (ordna etter kommune), med grunngjeving av kvifor dei bør slettast.

Trolldalen - furuskog

Kommune: Averøy
IID: BN00013480
Naturtype: F12
Verdi: B
Feltsjekk: 17.11.2016. av Sylvelin Tellnes og Geir Garder

Grunngjeving: Lokaliteten var opprinneleg skildra av Geir Gaarder i 2003, og er sidan undersøkt av Sylvelin Tellnes og Geir Gaarder den 17.11.16. Han oppfyller ikkje krava i faktaark frå 2007 og heller ikkje inngangskrava for mengde gamle furutre og/eller daud ved av furu i gammal furuskog etter Miljødirektoratets reviderte faktaark frå 2014. Lokaliteten blir derfor fjerna. Av raudlistearter blei det funne kun gubbeskjegg (NT).

Langfjorden: Tjellefonna

Kommune: Nesset
IID: BN00022276
Naturtype: F07
Verdi: B
Feltsjekk: 07.11.16 av Sylvelin Tellnes og 10.11.16 av Sylvelin Tellnes, Geir Gaarder og John Bjarne Jordal.

Grunngjeving: Lokaliteten er delt opp og erstatta av tre nye lokalitetar med namna "Tjellefonna (geologi)", "Tjellefonna øvre" og Tjellefonna nedre" etter kartlegging i 2016.

Almbergliene

Kommune: Rindal
IID: BN00018485
Naturtype: F01
Verdi: A
Feltsjekk: 12.10.2016 av John Bjarne Jordal

Grunngjeving: Lokaliteten var opprinneleg skildra av Aune (2005a), og er sidan undersøkt av av John Bjarne Jordal den 12.10.2016. Lokalteten er stor og omfattar m.a. gardsanlegg, fulldyrka mark, vegar, edellauvskog, beitemarker, beiteskog og granplantefelt. Han tilfredsstillar dermed ikkje krava i metodikken, er splitta opp i mange nye lokalitetar, og bør derfor slettast.

Sundalsfjorden nordside: under Karihaugen

Kommune: Sunndal
IID: BN00020413
Naturtype: F01
Verdi: A
Feltsjekk: 13.10.2016 av John Bjarne Jordal

Grunngjeving: Lokaliteten var opprinneleg skildra av Jordal (2004), og er sidan undersøkt av av John Bjarne Jordal den 13.10.2016. Lokaliteten er no inkludert i ein større lokalitet med kalkskog (lågurtfuruskog) i heile Flåstranda. Lokaliteten bør derfor slettast.

Henrikholmen

Kommune: Surnadal
IID: BN00050479
Naturtype: F05
Verdi: B
Feltsjekk: 21.10.16 av Sylvelin Tellnes og Geir Garder
Grunngjeving: Lokaliteten er slått saman med lokalitet "Bæverfjord" (naturbase-id BN00050481).

Bjøråa

Kommune: Surnadal
IID: BN00050478
Naturtype: F05
Verdi: C
Feltsjekk: 21.10.16 av Sylvelin Tellnes og Geir Garder
Grunngjeving: Lokaliteten er slått saman med lokalitet "Bæverfjord" (naturbase-id BN00050481).

Øygardsbukta B

Kommune: Tingvoll
IID: BN00016718
Naturtype: F06
Verdi: C
Feltsjekk: 10.09.2016 av Kristin Wangen
Grunngjeving: Lokaliteten er opphavleg skildra av Melby & Mikkelsen (1994), og lagt inn i naturbase av Hagen (2000). Han vart besøkt av Kristin Wangen den 10.09.2016. Det er snakk om ei klynge med svartor ved strandkanten, og nedanfor beitemarka på Øygardsneset. Vegetasjonen er tydeleg påverka av næringsrikt sigevatn frå kunstmarka i overkant, og er dominert av nitrotruf vegetasjon, særleg sølvbunke. Ingen spesielt grove tre, stort sett mellom 30-40 cm diameter, og ingen soklar. Svartor-strandskog er klassifisert som nært trua (NT) i norsk raudliste for naturtypar (Lindgaard 2011). Denne lokaliteten er likevel vurdert å ikkje vere lik nok denne typen. Han ligg i ei slak skråning, og er dermed ikkje særleg påverka av saltvatn. Vegetasjonen er meir lik næringsrik høgstaueskog i staden for sumpskog.

Skarselva nedre

Kommune: Tingvoll
IID: BN00046000
Naturtype: F05
Verdi: C
Feltsjekk: 21.08.2016 av Kristin Wangen
Grunngjeving: Lokaliteten er opphavleg skildra av Gaarder (1997; 2009). Han vart besøkt av Kristin Wangen den 21.08.2016, og då var området inngjerda og beita av kyr. Vegetasjonen bar tydeleg preg av gjødsling, og var dominert av gjødselstolerange artar som sølvbunke og då-artar. På innsida av gjerdet har gråor-heggeskogen stort sett vore hogd, og nytt gråorkratt har vokse til. Hogststubbar på opp mot 20 cm diameter fanst både innanfor og utanfor gjerdet.

På yttersida av gjerdet langs elvebreidda fanst spor etter den gamle gråor-heggeskogen, med gråor på opp mot 20 cm diameter, og med høgstaudevegetasjon.

Dalsfjorden: Nautvik – Djupegjølet

Kommune: Volda

IID: BN00022189

Naturtype: F01

Verdi: B

Feltsjekk: 28.07.2016 av Kristin Wangen

Grunngjeving: Lokaliteten er opphavleg skildra av Dag Holtan og John Bjarne Jordal (2008) basert på eige feltarbeid, Kavli (1970) og opplysningar i Naturbase. Han vart besøkt av Kristin Wangen den 28.07.2016. Det er snakk om ein stor lokalitet både med og utan forvaltningsrelevante naturtypar. Han vart dermed splitta opp i tre nye og mindre lokalitetar (lokalitet 16071-16073).

RAUDLISTEARTAR

I dette avsnittet presenterer vi artsliste og funnlister for raudlisteartar etter raudlista 2015.

Artsliste

Tabell 6. Oversikt over raudlisteartar (pr. 2015) funne i prosjektet. Gr=organismegruppe: P=karplanter, L=lav, M=mosar, S=sopp; RL=raudlistestatus.

| Gr | Vitskapleg namn | Norsk namn | Kategori |
|----|---------------------------------------|-----------------|----------|
| L | <i>Arthonia stellaris</i> | - | VU |
| L | <i>Biatoridium monasteriense</i> | klosterlav | NT |
| L | <i>Gyalecta derivata</i> | - | EN |
| L | <i>Gyalecta flotowii</i> | bleik kraterlav | VU |
| L | <i>Gyalecta ulmi</i> | almelav | NT |
| L | <i>Sclerophora farinacea</i> | blådoggnål | VU |
| L | <i>Sclerophora pallida</i> | bleikdoggnål | NT |
| L | <i>Sclerophora coniophaea</i> | rustdoggnål | NT |
| L | <i>Sclerophora peronella</i> | kystdoggnål | NT |
| L | <i>Chaenotheca gracilentia</i> | kvithodenål | NT |
| L | <i>Rostania occultata</i> | skorpeglye | VU |
| L | <i>Fuscopannaria mediterranea</i> | olivenlav | NT |
| L | <i>Fuscopannaria ignobilis</i> | skorpefiltlav | NT |
| M | <i>Anastrophyllum donnianum</i> | praktdragmose | NT |
| M | <i>Callicladium haldanianum</i> | morknemose | NT |
| P | <i>Dryopteris expansa willeana</i> | bruntelg | VU |
| P | <i>Fraxinus excelsior</i> | ask | VU |
| P | <i>Lysimachia nemorum</i> | skogfredlaus | NT |
| P | <i>Monotropa hypopitys hypophegea</i> | snau vaniljerot | NT |
| P | <i>Myricaria germanica</i> | klåved | NT |
| P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| P | <i>Cinna latifolia</i> | huldregras | NT |
| S | <i>Amphisphaeria umbrina</i> | - | DD |
| S | <i>Auricularia mesenterica</i> | skrukkeøyre | NT |
| S | <i>Caliciopsis calicioides</i> | - | EN |
| S | <i>Chlorostroma vestlandicum</i> | - | EN |
| S | <i>Dendrothele alliacea</i> | lauvborkskorpe | NT |
| S | <i>Eutypella stellulata</i> | - | VU |
| S | <i>Hymenochaete ulmicola</i> | almebroddsopp | VU |
| S | <i>Hypoxylon vogesiacum</i> | almekolsopp | NT |
| S | <i>Lopadostoma pouzarii</i> | - | VU |
| S | <i>Multiclavula mucida</i> | vedalgekølle | NT |
| S | <i>Sidera lenis</i> | tyrikjuke | NT |

Det er ialt funne 33 raudlisteartar, 13 lavartar, 2 moseartar, 7 karplanteartar og 11 soppartar. Særleg interessant er funn av dei sterkt truga artane *Chlorostroma vestlandicum*, *Gyalecta derivata* (begge på alm) og *Caliciopsis calicioides* (på gammal osp). Heile 14 av artane er knytte til alm (grov bork/daud ved på gamle tre eller læger).

Funnliste

Raudlisteartar etter raudlista for artar 2015 registrert under kartlegginga er oppsummert i tabell 6. Somme artar er funne fleire stader på same lokalitet, det vil i så fall gå fram av Artskart når funna frå prosjektet er tilgjengelege der.

Tabell 7. Oversikt over lokalitetsfunn av raudlisteartar registrert under kartlegginga, sortert etter stigende lokalitetsnummer. Gr=organismegruppe: P=karplanter, L=lav, M=mosar, S=sopp; RL=raudlistestatus.

| Lok-nr | Kommune | Lokalitetsnamn | Gr | Vitskapleg namn | Norsk namn | RL |
|--------|---------|--------------------|----|------------------------------------|-----------------|----|
| 16001 | Averøy | Trolldalen | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16003 | Averøy | Øykjeåsen søraust | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16005 | Gjemnes | Varvika | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16005 | Gjemnes | Varvika | S | <i>Dendrothele alliacea</i> | lauvborkskorpe | NT |
| 16006 | Haram | Vatne: Øygarden | P | <i>Lysimachia nemorum</i> | skogfredlaus | NT |
| 16008 | Neset | Tjellefonna nedre | L | <i>Rostania occultata</i> | skorpeglye | VU |
| 16008 | Neset | Tjellefonna nedre | L | <i>Fuscopannaria mediterranea</i> | olivenlav | NT |
| 16009 | Neset | Tjellefonna øvre | P | <i>Fraxinus excelsior</i> | ask | VU |
| 16009 | Neset | Tjellefonna øvre | L | <i>Biatoridium monasteriense</i> | klosterlav | NT |
| 16009 | Neset | Tjellefonna øvre | L | <i>Gyalecta flotowii</i> | bleik kraterlav | VU |
| 16009 | Neset | Tjellefonna øvre | S | <i>Sidera lenis</i> | tyrikjuke | NT |
| 16009 | Neset | Tjellefonna øvre | S | <i>Auricularia mesenterica</i> | skrukkeøre | NT |
| 16009 | Neset | Tjellefonna øvre | M | <i>Multiclavula mucida</i> | vedalgekølle | NT |
| 16009 | Neset | Tjellefonna øvre | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16010 | Norddal | Døving | L | <i>Sclerophora pallida</i> | bleikdoggnål | NT |
| 16010 | Norddal | Døving | P | <i>Fraxinus excelsior</i> | ask | VU |
| 16010 | Norddal | Døving | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16010 | Norddal | Døving | S | <i>Hypoxyton vogesiacum</i> | almekolsopp | NT |
| 16011 | Norddal | Kleivahamrene | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16012 | Rauma | Bjørmosen | P | <i>Fraxinus excelsior</i> | ask | VU |
| 16012 | Rauma | Bjørmosen | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16013 | Rauma | Grisetlia | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16013 | Rauma | Grisetlia | S | <i>Lopodostoma pouzarii</i> | | VU |
| 16013 | Rauma | Hole | P | <i>Fraxinus excelsior</i> | ask | VU |
| 16015 | Rauma | Horgheim | M | <i>Callicladium haldanianum</i> | morknemose | NT |
| 16015 | Rauma | Horgheim | P | <i>Fraxinus excelsior</i> | ask | VU |
| 16016 | Rauma | Isfjorden: Breivik | P | <i>Dryopteris expansa willeana</i> | bruntelg | VU |
| 16016 | Rauma | Isfjorden: Breivik | P | <i>Fraxinus excelsior</i> | ask | VU |
| 16016 | Rauma | Isfjorden: Breivik | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16016 | Rauma | Isfjorden: Breivik | S | <i>Dendrothele alliacea</i> | lauvborkskorpe | NT |
| 16017 | Rauma | Krohnberga | P | <i>Fraxinus excelsior</i> | ask | VU |
| 16017 | Rauma | Krohnberga | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16018 | Rauma | Mækjå | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16019 | Rauma | Marstein | L | <i>Biatoridium monasteriense</i> | klosterlav | NT |
| 16019 | Rauma | Marstein | L | <i>Sclerophora pallida</i> | bleikdoggnål | NT |
| 16019 | Rauma | Marstein | P | <i>Fraxinus excelsior</i> | ask | VU |
| 16019 | Rauma | Marstein | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16019 | Rauma | Marstein | S | <i>Auricularia mesenterica</i> | skrukkeøyre | NT |
| 16019 | Rauma | Marstein | S | <i>Hymenochaete ulmicola</i> | almebroddsopp | VU |
| 16020 | Rauma | Moanebba | L | <i>Biatoridium monasteriense</i> | klosterlav | NT |

| Lok-nr | Kommune | Lokalitetsnamn | Gr | Vitskapleg namn | Norsk namn | RL |
|--------|---------|----------------------------|----|------------------------------------|----------------|----|
| 16020 | Rauma | Moanebba | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16021 | Rauma | Norviklia | L | <i>Biatoridium monasteriense</i> | klosterlav | NT |
| 16021 | Rauma | Norviklia | L | <i>Gyalecta derivata</i> | | EN |
| 16021 | Rauma | Norviklia | P | <i>Dryopteris expansa willeana</i> | bruntelg | VU |
| 16021 | Rauma | Norviklia | P | <i>Fraxinus excelsior</i> | ask | VU |
| 16021 | Rauma | Norviklia | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16021 | Rauma | Norviklia | S | <i>Auricularia mesenterica</i> | skrukkeøyre | NT |
| 16021 | Rauma | Norviklia | S | <i>Dendrothele alliacea</i> | lauvborkskorpe | NT |
| 16021 | Rauma | Norviklia | S | <i>Hypoxyton vogesiacum</i> | almekolsopp | NT |
| 16021 | Rauma | Norviklia | S | <i>Lopadostoma pouzarii</i> | | VU |
| 16022 | Rauma | Romsdalshorn ved riksvegen | P | <i>Fraxinus excelsior</i> | ask | VU |
| 16025 | Rindal | Almberg nedre | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16026 | Rindal | Almberg vest | L | <i>Gyalecta ulmi</i> | almelav | NT |
| 16026 | Rindal | Almberg vest | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16026 | Rindal | Almberg vest | S | <i>Hypoxyton vogesiacum</i> | almekolsopp | NT |
| 16027 | Rindal | Tørset V | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16028 | Rindal | Almdalen øst | L | <i>Gyalecta ulmi</i> | almelav | NT |
| 16028 | Rindal | Almdalen øst | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16028 | Rindal | Almdalen øst | S | <i>Hypoxyton vogesiacum</i> | almekolsopp | NT |
| 16029 | Rindal | Almberg øvre | L | <i>Biatoridium monasteriense</i> | klosterlav | NT |
| 16029 | Rindal | Almberg øvre | L | <i>Gyalecta ulmi</i> | almelav | NT |
| 16029 | Rindal | Almberg øvre | L | <i>Sclerophora farinacea</i> | blådoggnål | VU |
| 16029 | Rindal | Almberg øvre | L | <i>Sclerophora pallida</i> | bleikdoggnål | NT |
| 16029 | Rindal | Almberg øvre | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16029 | Rindal | Almberg øvre | S | <i>Hypoxyton vogesiacum</i> | almekolsopp | NT |
| 16030 | Rindal | Almdalen | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16031 | Stranda | Hellesylt-Karbøen | L | <i>Sclerophora peronella</i> | kystdoggnål | NT |
| 16032 | Sunndal | Svorundøya N | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16032 | Sunndal | Svorundøya N | S | <i>Hymenochaete ulmicola</i> | almebroddsopp | VU |
| 16033 | Sunndal | Hjelle | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16035 | Sunndal | Hagen | L | <i>Biatoridium monasteriense</i> | klosterlav | NT |
| 16035 | Sunndal | Hagen | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16035 | Sunndal | Hagen | S | <i>Hypoxyton vogesiacum</i> | almekolsopp | NT |
| 16036 | Sunndal | Hoås | L | <i>Biatoridium monasteriense</i> | klosterlav | NT |
| 16036 | Sunndal | Hoås | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16036 | Sunndal | Hoås | S | <i>Amphisphaeria umbrina</i> | | DD |
| 16036 | Sunndal | Hoås | S | <i>Chlorostroma vestlandicum</i> | | EN |
| 16036 | Sunndal | Hoås | S | <i>Dendrothele alliacea</i> | lauvborkskorpe | NT |
| 16036 | Sunndal | Hoås | S | <i>Eutypella stellulata</i> | | VU |
| 16036 | Sunndal | Hoås | S | <i>Hypoxyton vogesiacum</i> | almekolsopp | NT |
| 16038 | Sunndal | Hoåslykkja | L | <i>Biatoridium monasteriense</i> | klosterlav | NT |
| 16038 | Sunndal | Hoåslykkja | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16038 | Sunndal | Hoåslykkja | S | <i>Auricularia mesenterica</i> | skrukkeøyre | NT |
| 16038 | Sunndal | Hoåslykkja | S | <i>Hypoxyton vogesiacum</i> | almekolsopp | NT |
| 16039 | Sunndal | Holan | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16040 | Sunndal | Kræksøra | P | <i>Myricaria germanica</i> | klåved | NT |
| 16041 | Sunndal | Teinøra | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |

| Lok-nr | Kommune | Lokalitetsnamn | Gr | Vitskapleg namn | Norsk namn | RL |
|--------|----------|---------------------------------------|----|----------------------------------|-----------------|----|
| 16042 | Sunndal | Romfo: Klysurå | L | <i>Biatoridium monasteriense</i> | klosterlav | NT |
| 16042 | Sunndal | Romfo: Klysurå | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16042 | Sunndal | Romfo: Klysurå | S | <i>Amphisphaeria umbrina</i> | | DD |
| 16042 | Sunndal | Romfo: Klysurå | S | <i>Hypoxylon vogesiacum</i> | almekolsopp | NT |
| 16042 | Sunndal | Romfo: Klysurå | S | <i>Lopadostoma pouzarii</i> | | VU |
| 16043 | Sunndal | Åkerstranda | L | <i>Biatoridium monasteriense</i> | klosterlav | NT |
| 16043 | Sunndal | Åkerstranda | L | <i>Gyalecta derivata</i> | | EN |
| 16043 | Sunndal | Åkerstranda | P | <i>Fraxinus excelsior</i> | ask | VU |
| 16043 | Sunndal | Åkerstranda | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16043 | Sunndal | Åkerstranda | S | <i>Amphisphaeria umbrina</i> | | DD |
| 16044 | Sunndal | Flåstranda | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16045 | Sunndal | Flåstranda, Bytdalen | L | <i>Biatoridium monasteriense</i> | klosterlav | NT |
| 16045 | Sunndal | Flåstranda, Bytdalen | L | <i>Gyalecta flotowii</i> | bleik kraterlav | VU |
| 16045 | Sunndal | Flåstranda, Bytdalen | L | <i>Gyalecta ulmi</i> | almelav | NT |
| 16045 | Sunndal | Flåstranda, Bytdalen | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16045 | Sunndal | Flåstranda, Bytdalen | S | <i>Amphisphaeria umbrina</i> | | DD |
| 16045 | Sunndal | Flåstranda, Bytdalen | S | <i>Auricularia mesenterica</i> | skrukkeøyre | NT |
| 16045 | Sunndal | Flåstranda, Bytdalen | S | <i>Dendrothele alliacea</i> | lauvborkskorpe | NT |
| 16046 | Sunndal | Flåstranda under Karihaugen | L | <i>Gyalecta derivata</i> | | EN |
| 16046 | Sunndal | Flåstranda under Karihaugen | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16046 | Sunndal | Flåstranda under Karihaugen | S | <i>Amphisphaeria umbrina</i> | | DD |
| 16046 | Sunndal | Flåstranda under Karihaugen | S | <i>Dendrothele alliacea</i> | lauvborkskorpe | NT |
| 16048 | Sunndal | Sandlykkja | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16049 | Sunndal | Storøra | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16050 | Sunndal | Viromdalen: Dalsbø, ved Heggevollan A | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16050 | Sunndal | Viromdalen: Dalsbø, ved Heggevollan A | L | <i>Sclerophora pallida</i> | bleikdoggnål | NT |
| 16050 | Sunndal | Viromdalen: Dalsbø, ved Heggevollan A | S | <i>Hypoxylon vogesiacum</i> | almekolsopp | NT |
| 16050 | Sunndal | Viromdalen: Dalsbø, ved Heggevollan A | S | <i>Auricularia mesenterica</i> | skrukkeøyre | NT |
| 16051 | Sunndal | Viromdalen: Dalsbø, ved Heggevollan B | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16052 | Surnadal | Almbekken | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16052 | Surnadal | Almbekken | S | <i>Hypoxylon vogesiacum</i> | almekolsopp | NT |
| 16052 | Surnadal | Almbekken | L | <i>Gyalecta ulmi</i> | almelav | NT |
| 16052 | Surnadal | Almbekken | L | <i>Sclerophora peronella</i> | kystdoggnål | NT |
| 16052 | Surnadal | Almbekken | L | <i>Sclerophora farinacea</i> | blådoggnål | VU |
| 16052 | Surnadal | Almbekken | S | <i>Hymenochaete ulmicola</i> | almebroddsopp | VU |
| 16052 | Surnadal | Almbekken | S | <i>Dendrothele alliacea</i> | lauvborkskorpe | NT |
| 16052 | Surnadal | Almbekken | L | <i>Chaenotheca gracilentia</i> | kvithodenål | NT |
| 16052 | Surnadal | Almbekken | L | <i>Sclerophora pallida</i> | bleikdoggnål | NT |
| 16052 | Surnadal | Almbekken | P | <i>Cinna latifolia</i> | huldregras | NT |
| 16052 | Surnadal | Almbekken | S | <i>Chlorostroma vestlandicum</i> | - | EN |
| 16053 | Surnadal | Bæverfjord | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |

| Lok-nr | Kommune | Lokalitetsnamn | Gr | Vitskapleg namn | Norsk namn | RL |
|--------|----------|----------------------------|----|---------------------------------------|-----------------|----|
| 16054 | Surnadal | Nord for Tverråa | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16054 | Surnadal | Nord for Tverråa | L | <i>Fuscopannaria ignobilis</i> | skorpelav | NT |
| 16054 | Surnadal | Nord for Tverråa | S | <i>Caliciopsis calicioides</i> | - | EN |
| 16055 | Surnadal | SV for Taløyan | L | <i>Sclerophora coniophaea</i> | rustdoggnål | NT |
| 16055 | Surnadal | SV for Taløyan | S | <i>Hypoxylon vogesiacum</i> | almekolsopp | NT |
| 16055 | Surnadal | SV for Taløyan | L | <i>Gyalecta ulmi</i> | almelav | NT |
| 16055 | Surnadal | SV for Taløyan | L | <i>Chaenotheca gracilentia</i> | kvithodenål | NT |
| 16055 | Surnadal | SV for Taløyan | L | <i>Sclerophora pallida</i> | bleikdoggnål | NT |
| 16055 | Surnadal | SV for Taløyan | L | <i>Sclerophora farinacea</i> | blådoggnål | VU |
| 16055 | Surnadal | SV for Taløyan | S | <i>Dendrothele alliacea</i> | lauvborkskorpe | NT |
| 16055 | Surnadal | SV for Taløyan | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16056 | Surnadal | Brekhamran | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16057 | Surnadal | Ovanfor Kvennhusråa | L | <i>Chaenotheca gracilentia</i> | kvithodenål | NT |
| 16057 | Surnadal | Ovanfor Kvennhusråa | L | <i>Sclerophora farinacea</i> | blådoggnål | VU |
| 16057 | Surnadal | Ovanfor Kvennhusråa | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 16069 | Tingvoll | | | | | |
| 16070 | Vestnes | Faksen aust | L | <i>Arthonia stellaris</i> | - | VU |
| 16080 | Volda | Sulvassdalen A | M | <i>Anastrophyllum donnianum</i> | prakttraugmose | NT |
| 16081 | Volda | Sulvassdalen B | M | <i>Anastrophyllum donnianum</i> | prakttraugmose | NT |
| 160062 | Tingvoll | Kamlia nordvest | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 160063 | Tingvoll | Kamlia søraust | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 160064 | Tingvoll | Kamlia søraust – gamal alm | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 160065 | Tingvoll | Li: lokalitet B | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 160065 | Tingvoll | Li: lokalitet B | P | <i>Monotropa hypopitys hypophegea</i> | snau vaniljerot | NT |
| 160069 | Tingvoll | Vatsellen - Berget | P | <i>Ulmus glabra</i> | alm | VU |
| 160069 | Tingvoll | Vatsellen - Berget | S | <i>Hypoxylon vogesiacum</i> | almekolsopp | VU |

DATAKVALITET

Kvalitet på eldre data

Generelt

Kjeldene til første naturtypekartlegging i dei undersøkte kommunane er vist i tabell 1, og varierer i tid frå 2000 til 2007. Krav til presisjon på avgrensing, innhald i områdeskildringar og grunngeving for verdisetting har endra seg betrakteleg sidan første handboka kom i 1999. Dei gamle lokalitetane er ofte unøyaktig avgrensa, har mangelfull beskriving, og ei verdivurdering som ikkje samsvarar med 2007-metodikk (som skal nyttast til skoglokalitetar i denne rapporten). Mange av lokalitetane er basert på eldre skildringar (andrehands opplysningar), og vart ikkje undersøkt i felt av forfatternen av områdeskildringane. Dermed er dei ofte mangelfulle. Andre lokalitetar var opprinneleg berre avstandsbetrakta, og var også mangelfulle særleg med omsyn på områdeskildring og verdivurdering. Det er i denne samanheng grunn til å minna om at naturtypekartlegginga i desse første åra ofte hadde svært knappe ressursar og tida rakk berre til feltarbeid på eit avgrensa tal lokalitetar. Det vart da ofte sett som viktig å få med ei første grov markering av at det her finst noko av forvaltningsmessig verdi, slik at dette kunne undersøkast betre seinare.

Kartavgrensing

Lokalitetane i oppdraget var for det meste grovt avgrensa på svartkvite manuskart i målestokk 1:5000 - 1:20000, og deretter digitalisert av andre. Nokre gonger omfatta dei større område der naturtypen finst flekkvis og spreidd innanfor avgrensinga. Slike lokalitetar vart under denne naturtypekartlegginga splitta opp i fleire mindre og meir nøyaktig avgrensa lokalitetar. Fleire lokalitetar er basert på eldre skildringar og artsregistreringar som har grov avgrensing. Desse lokalitetane er ofte avgrensa som eit grovt polygon rundt det området som det er sannsynleg at den aktuelle naturtypen finst, sidan ein rekna med at dette var betre enn ingenting, og at undersøkingane skulle takast oppatt seinare.

Lokalitetsskildringar

Krava til dokumentasjon i form av lokalitetsbeskriving var nokså vagt formulert i Direktoratet for naturforvaltning (1999), og i somme kommunar vart det akseptert lokalitetar heilt utan slik beskriving. Ein del lokalitetar er basert på skildringar og artsregistreringar frå før 1990 (t.d. Fylkesmannens EDNA-register), noko som gjer at det er tvil knytt til om dei skildra artane og naturtypane framleis finst der. Naturlege endringar eller fysiske inngrep kan ha ført til at artar og naturtypar omtala i gamle skildringar har forsvunne. Feltundersøkingar er derfor naudsynt for å seie noko om dagens tilstand.

Verdisetting

Det har skjedd endringar med omsyn på verdisetting av forvaltningsprioriterte naturtypar i revisjons-prosessane i 2005-2007 og 2012-2015 (vi nyttar 2007-metodikk til skog og 2015-metodikk til andre typar). Somme lokalitetar har derfor fått endra verdi. Andre lokalitetar tilfredsstillar ikkje lenger kriteriana til å avgrensast som forvaltningsprioritert naturtype.

Kvalitet på nye data

Generelt

Direktoratet for naturforvaltning (2007) er på ein del punkt forskjellig frå 1999-metodikken, og mange ting er forbetra basert på erfaringar samla i ettertid. Den finst fleire/reviderte

naturtypar, og fleire/reviderte delnaturtypar, samanlikna med første utgåva av DN-håndbok 13, og betre presisjon og tilpassing til forvaltninga sine behov. 2015-metodikken er enda meir detaljert, har fleire og betre beskrivne forvaltningsrelevante typar og meir handfaste kriteriar for verdsetting.

Kartavgrensing

Bruk av GPS har ført til betre nøyaktigheit i stadfesting av alt frå einskilde funn til lokalitetsgrenser. Sidan ca. 2005 har alle fått tilgang på digitale ortofoto, og seinare har ein også fått tilgang på gratis kartprogram (Gislink, QGIS) som har medført at det no er den som har gjort feltarbeidet som også utfører digital avgrensing. Til saman har alt dette ført til mykje høgare kvalitet på avgrensingane dei siste åra.

Lokalitetsskildringar

Lokalitetane er no skildra etter ein fast mal med deloverskrifter slik som beskrive under metodekapitlet, og som er vesentleg ulikt 1999-metodikken, da slike krav ikkje var særleg mykje spesifiserte. Vi meiner skildringane no er meir fyldige, etterprøvbare og nyttigare for brukarane enn tidlegare.

Verdisetting

Det har skjedd endringar med omsyn på verdsetting av forvaltningsprioriterte naturtypar i revisjons-prosessane i 2005-2007 og 2012-2015 (som nemnt tidlegare nyttar vi 2007-metodikk på skog og 2015-metodikk på andre typar). Det har ført til at somme lokaltetar ikkje lenger tilfredsstillar kriteria til å avgrensast som forvaltningsprioritert naturtype, eller verdien har endra seg. Ved å nytta 2007-metodikk på skoglokalitetar, vert verdsettinga likevel meir skjønsmessig og mindre etterprøvbar enn om ein hadde bestilt oppdraget med 2015-metodikk.

KJELDER

Skriftlege kjelder

- Artsdatabanken 2016. Artsportalen. <http://www.artsportalen.artsdatabanken.no/> Sitert 15.12.2016.
- Artsdatabanken & GBIF 2016. Artskart. <http://artskart.artsdatabanken.no/> Sitert 15.12.2016.
- Aune, E. I. 2005a. Kartlegging av biologisk mangfold (naturtyper) i Rindal kommune. NTNU rapport botanisk serie 2005-4. 39 s.
- Aune, E. I. 2005b. Kartlegging av biologisk mangfold (naturtyper) i Surnadal kommune. NTNU rapport botanisk serie 2005-1. 52 s.
- Austrheim, G. 1991. Kantvegetasjon langs Driva. Kartlegging og vurdering av kantsonene langs Drivavassdraget i Sunndal kommune. Rapport for miljøvernadministrasjonen, Sunndal kommune høsten 1991. 68 s.
- Bendiksen, E. 2013. Registrering av biologisk mangfold i Rindal kommune (Møre og Romsdal). Supplerende naturtypekartlegging. NINA Rapport 626. 229 s.
- Bendiksen, E. 2016. Naturtypekartlegging i Rindal kommune (Møre og Romsdal) 2015. NINA Rapport 1271. 96 s.
- Blikra, L.H., Longva, O., Braathen, A., Anda, E., Dehls, J.F., Stalsberg, K., 2006. Rock slope failures in Norwegian fjord areas: examples, spatial distribution and temporal pattern, in: Evans, S.G., Mugnozza, G.S., Strom, A., Hermanns, R.L. (Eds.), Landslides from Massive Rock Slope Failure. Springer, pp. 475 - 496.
- Bujakiewicz, M. 1993. General remarks on macrofungi occurring in boreal and temperate grey alder forests. *Blyttia* 51: 99-110.
- Direktoratet for naturforvaltning 1999. Kartlegging av naturtyper - verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13.
- Direktoratet for naturforvaltning 2007. Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13, 2. utgave 2007: 1-258 + vedlegg.
- Folkestad, A. O. & Bugge, O. A. 1988. Varmekjær lauvskog i Storfjorden og Hjørundfjorden. Rapport fra synfaring med båt 1987. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavdelinga, rapport no. 3-1988. 26 s.
- Furseth, A. 2006. Tjellafonna - norgeshistoriens største fjellskred, Skredulykker i Norge. Tun Forlag, s. 151-155.
- Gederaas, L., Moen, T.L., Skjelseth, S. & Larsen, L.-K. (red.) 2012. Fremmede arter i Norge – med norsk svarteliste 2012. Artsdatabanken, Trondheim.
- Grimstad, K. J. & Engen, T. H. 2005. Biologisk mangfold i Volda. Upublisert rapport, 25 s.
- Gaarder, G. & Oldervik, F. 2003. Kartlegging av biologisk mangfold i Averøy komme. Miljøfaglig utredning, rapport 2003:19, 39 s.
- Hagen, G. 2000. Kartlegging og verdisetting av naturtyper i Tingvoll kommune etter DN-håndbok 13-1999. Hovudfagsoppgåve i naturvern ved Institutt for biologi og naturforvaltning, Norges Landbrukshøgskole. 216 s. + vedlegg.
- Halvorsen, R., Bryn, A., Erikstad, L. & Lindgaard, A. 2015. Natur i Norge - NiN. Versjon 2.0.0. Artsdatabanken, Trondheim (<http://www.artsdatabanken.no/nin>).
- Henriksen, S. & Hilmo, O. (red.) 2015. Norsk rødliste for arter 2015. Artsdatabanken, Norge.
- Holtan, D. & Grimstad, K. J. 2000. Kartlegging av biologisk mangfold i Norddal - biologiske undersøkingar i 1999. Norddal kommune, rapport. 96 s.
- Holtan, D. & Grimstad, K. J. 2004. Biologisk mangfold i Stranda kommune. Kartleggingsrapport 2000. Stranda kommune, rapport. 127 s. + kart.
- Holtan, D. & Jordal, J.B. 2008. Supplerande kartlegging av naturtyper i Volda kommune 2007. Møre og Romsdal fylke, Areal- og miljøvernavdelinga rapport 2008-02, 105 s.

- Holten, J. I. 1977. Floristiske og vegetasjonsøkologiske undersøkelser i sør- og nordeksponerte ller ved Gjõra i Sunndal. Hovedfagsoppg. i spes. bot. Univ. Trondheim. 332 s. Upubl.
- Holten, J. I. 1978. Verneverdige naturtyper på Nordmøre, foreløpig rapport. Kgl. norske vidensk. selsk. Mus. 62 s.
- Holten, J. I. 1979. Verneverdige naturtyper i Møre og Romsdal. II. Kgl. norske vidensk. selsk. Mus. Bot avd. 58 s.
- Holten, J. I. 1984. Flora- og vegetasjonsundersøkelser i Raumavassdraget, med vegetasjonskart i M 1:50 000 og 1:150 000. DKNVSM rapport, Botanisk Serie 1984-4: 141 s.
- Jordal, J. B. 2000. Kartlegging av biologisk mangfold i Gjemnes kommune 1999-2000. Gjemnes kommune. 110 s. + kart.
- Jordal, J. B. 2003. Kartlegging av biologisk mangfold i Vestnes kommune, Møre og Romsdal. Vestnes kommune, rapport. 114 s.
- Jordal, J. B. 2004. Et gløtt inn i Sunndalsnaturen – en kartlegging av viktige naturtyper. Sunndal kommune, rapport. 262 s.
- Jordal, J. B. 2005a. Kartlegging av naturtyper i Fræna kommune. Rapport J. B. Jordal nr. 5-2005. 140 s.
- Jordal, J. B. 2005b. Kartlegging av naturtyper i Nesset kommune. Rapport J. B. Jordal nr. 6-2005. 162 s.
- Jordal, J.B. & Gaarder, G. 1993. Soppfloraen i en del naturbeitemarker og naturenger i Møre og Romsdal og Trøndelag. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernveddelinga rapport nr. 9-1993. 76 s.
- Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1997. Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1995-1996. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 97. 178 s.
- Jordal, J. B. & Holtan, D. 2005. Kartlegging av naturtyper i Haram kommune. Haram kommune, rapport. 117 s. + bilete og kart.
- Jordal, J. B. & Stueflotten, S. 2004. Kartlegging av biologisk mangfold i Rauma kommune, Møre og Romsdal. Rauma kommune, rapport. 192 s. + kart.
- Jørstad, F. 1965. Fjellskedet ved Tjelle. Naturen Vol. 80, 323-333.
- Jørstad, F. 1968. Waves generated by landslides in Norwegian fjords and lakes, Norwegian Geotechnical Institute, Oslo, pp. 13-32.
- Korsmo, H. 1975. Naturvernrådets landsplan for edellauvskogsreservater i Norge. IV. Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Botanisk institutt, Ås-NLH. 204 s.
- Lindgaard, A. & Henriksen, S. (red.) 2011. Norsk rødliste for naturtyper 2011. Artsdatabanken, Trondheim.
- Miljøverndepartementet 2001. St.meld. nr. 42 (2000-2001). Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning. 220 s.
- Miljøverndepartementet 2010. Lovdata fra Norsk Lovtidend: Forskrift om konsekvensutredninger: <http://www.lovdata.no/cgi-wift/ldles?doc=/sf/sf/sf-20050401-0276.html>
- Miljødirektoratet 2015. Naturtyper på land og i ferskvann. (<http://www.miljodirektoratet.no/no/Tema/Miljoovervakning/Kartlegging-av-natur/Kartlegging-av-naturtyper/Naturtyper-pa-land-og-i-ferskvann/>).
- Miljødirektoratet 2016. Naturbase. www.kart.naturbase.no
- Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. Statens kartverk, Hønefoss.
- Morsing, C. 1756. En kortileg beskrivelse over Jordskiælvet, og Fieldets Nedfald Som skede udj Nesset Præstegjæld i Romsdahls Provstie, og Trondhiems Stift udj Norge, nest afvigte Aar, Natten til dend 23 February 1756. Norsk Historisk Kjedskrift Institutt, København.

- Sandøy, G. 2012. Back-analysis of the 1756 Tjellefonna rockslide, Langfjorden (Masteroppgave). NTNU, Trondheim.
- Stokke, B. & Gjeldnes, Ø. 1998. Fugleobservasjoner i Gjemnes kommune pr. 31/12-1998. Manus, unpubl. 22 s.
- Stueflotten, S. 2002. Planter i Rauma. Rauma kommune, rapport. 155 s.
- Stueflotten, S. 2006. Nye naturtypelokaliteter i Rauma. Notat til Rauma kommune. 15 s.
- Stueflotten, S. 2007. Fugler i Rauma. En presentasjon av fuglefaunaen i Rauma kommune, Møre og Romsdal. Rapport 156 s.
- Stølen, A. M. 1986. En plantesosiologisk analyse av svartorskog i Romsdalen, Møre og Romsdal. Hovedfagsoppg. Univ. i Trondheim (unpubl.) 112 s.
- Sæbø, S. 1990. Planteliv. I: Bjørnstad m. fl.: Ei bok om Rauma. Rauma kommune. s. 26-33.

Muntlege kjelder

Oddvar Hanssen, Trondheim
Jarle Holten, Hommelvik
Torbjørn Høitomt, Bø
Perry G. Larsen, Skodje
Steinar Stueflotten, Drammen

VEDLEGG

Lokalitetsskildringar

Nedanfor er lokalitetar skildra, sortert etter stigande id-nummer, som også gjer at dei er sorterte etter kommune og lokalitetsnamn.

16001 Trolldalen

| | |
|----------------------|----------------------|
| Kommune: | Averøy |
| IID: | BN00013481 |
| Naturtype: | F01 Rik edellauvskog |
| Delnaturtype: | F0106 Gråor-almeskog |
| Verdi: | B |
| Feltsjekk: | 17.11.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Sylvelin Tellnes, Miljøfaglig utredning 14.11.16 basert på eige feltarbeid 21.10.16 saman med Geir Gaarder. Feltarbeid er gjort i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Nyregistrert lokalitet erstattar tidlegare lokalitet med naturbase-id BN00013481. Området er tidlegare undersøkt og skildra av Holten (1978,1986) og av Gaarder & Oldervik (2003). Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordsida av Trolldalen i den sørvendte lia opp mot Nosa, i Averøy kommune. Berggrunnen er av granittisk gneis med eit lausmassedekke av humus. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og vegetasjonssesksjona er sterkt oseanisk, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er ein rasmarsprega, rik edellauvskog av typen gråor-almeskog. Treslaga er fordelt på furu, bjørk, hassel, alm, litt rogn, selje og litt osp. Edellauvskogen utgjør rundt 30-50% av arealet. Det er også knytt kvalitetar til gammal boreal lauvskog og litt gammal furu og edellauvskogen veks i mosaikk med desse treslaga. Grunntypen er lågurtskog, men nokre mindre parti innanfor avgrensinga grenser til svak-lågurtskog.

Artsmangfald: Lågurtvegetasjonen består av taggbregne, sanikel, kusymre, markjordbær, enghumleblom, myske, junkerbregne, legeveronika, brunrot, hundekveke, skogsalat, fagerperikum, kratthumleblom, tviskjeggveronika. Tidlegare er det registrert ramslauk, gullstjerne og skogsvingel, og det er grunn til å tru at desse framleis veks her. Elles er det mykje storstylete, noko som indikerer eit oseanisk miljø. Kveilmose er registrert på berg. Lungeneversamfunnet inkluderer artar som lungenever, kystfiltlav, vanleg blåfiltlav, stiftglye, grynfiltlav, skrubbenever, kystårenever og puteglye. Lite vedbuande sopp er funne. Ingen raudlisteartar utanom alm (VU) er registrert.

Bruk, tilstand og påverknad: Det finst grov bjørk og furu i vest, men elles er skogen yngre og i god vekst. Ein del daud ved i rasmarka også av grove furu- og ospelæger, men mangel på daudved-artar gir inntrykk av ein heller dårleg skogkontinuitet og ein middels gammal skog. Likevel er det ingen synlege hogststubbar. Det er ingen synleg påverknad eller fysiske inngrep.

Framande artar: Enkelttre av platanlønn (SE – svært høg risiko) vart observert.

Skjøtsel og omsyn: Platanlønn bør fjernast for å unngå at den utkonkurrerer m.a. almetre. Området krev elles ingen skjøtsel og fri utvikling kan auke verdien av det biologiske

mangfaldet. Konsekvens av fysiske inngrep og hogst vil vere tap av ein rikare skogtype og bestand med det truga treslaget alm.

Del av heilskapleg landskap: Det ligg fleire mindre lokaliteter på Averøya av rik edellauvskog som har større verdi og kvaliteter, men denne skogen er av dei største i areal.

Verdivurdering: Lokaliteten har verdier knytt til et større område av naturtypen rik edellauvskog med alm (VU). Det er ikkje artar som særleg trekk opp verdien, men størrelsen og på lokaliteten som gjev mest utslag. Verdien vert sett til B-verdi, viktig.

16002 Øykjeåsen sør

Kommune: Averøy
IID: BN00013441
Naturtype: F01 Rik edellauvskog
Delnaturtype: F0103 Rikt hasselkratt
Verdi: A
Feltsjekk: 17.11.2016
Stadkvalitet: 4

Beskriving

Innleing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Sylvelin Tellnes, Miljøfaglig utredning 19.12.16 basert på eige feltarbeid 17.11.16 saman med Geir Gaarder. Feltarbeid er gjort i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Nyregistrert lokalitet erstattar og deler opp tidlegare lokalitet med naturbase-id BN00013441. Området er tidlegare undersøkt og skildra av Holten (1978,1986) og av Gaarder & Oldervik (2003) med grunnlag i feltarbeid av Finn Oldervik i 2002. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i den sørvendte lia ovanfor Folland i Averøy kommune. Lokaliteten grensar for ein stor del mot granplantefelt. Berggrunnen er av granittisk gneis med skredmateriale oppå. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og vegetasjonssesksjona er sterkt oseanisk, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er ein rik, rasmarksprega edellauvskog av utformingstype rikt hasselkratt og noko alm-lindeskog. Stadvis består skogen utelukkande av eldre hasselkratt, men andre stader kjem alm og selje inn saman med noko bjørk. Grunntypen er rikare lågurtskog med fleire varmekjære artar.

Artsmangfald: Tidlegare er raudlisteartane piggsvinrøysopp (EN) og alm (VU) registrert. Dvergstanksopp (VU) er registrert nokre hundre meter lengre nord i lia og det er potensiale for at den også finst innanfor den nye avgrensinga. Ein del varmekjære artar vart funne i 2016, slik som skogfaks, fuglereir, skogstorr, lundgrønaks og svarterteknapp. Junkerbregne og sanikel står saman med lågurtvegetasjonen av myske, markjordbær, enghumbleblom, raud jonsokblom og stankstorkenebb. Tidlegare er det også registrert ramsløk, fingerstorr, harematt, krattlodnegras, kransmynte, vårerteknapp, krossved, trollbær, skogsalat og vårmarihånd. Galleteppemose vart registrert på ein låg berghammar i 2016. Tidlegare er det registrert rustkjuke på hassel, teglkjuke på selje og den marklevande arten gulnande begersopp.

Bruk, tilstand og påverknad: Hasselkratta er velutvikla. Det er ingen andre store og grove tre. Ein del av edellauvskogen i lia har sannsynlegvis gått tapt til fordel for granplantefelt og det er fortsatt lågurtplanter å finne i granskogen.

Framande artar: Nokre få platanlønn (SE – svært høg risiko) står lengst aust i lokaliteten.

Skjøtsel og omsyn: Platanlønn bør fjernast for å unngå at den konkurrerer med almebestanden. Området krev ingen skjøtsel, og fri utvikling kan auke verdien av dei

biologiske verdiane. Konsekvens av fysiske inngrep og hogst vil vere tap av ein rikare skogtype og raudlisteartar.

Del av heilskapleg landskap: Det ligg fleire mindre lokaliteter av rik edellauvskog i lia, og elles på Averøya.

Verdivurdering: Lokaliteten har verdier knytt til et område av naturtypen rik edellauvskog med fleire raudlista og truga artar, samt fleire varmekjære karplantar som er sjeldne i regionen. Verdien for lokaliteten vert sett til A-verdi –svært viktig.

16003 Øykjeåsen søraust

| | |
|----------------------|------------------------|
| Kommune: | Averøya |
| IID: | NY |
| Naturtype: | F01 Rik edellauvskog |
| Delnaturtype: | F0103 Rikt hasselkratt |
| Verdi: | B |
| Feltsjekk: | 17.11.2016 |
| Stadkvalitet | 3 |

Beskriving

Innleing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Sylvelin Tellnes, Miljøfaglig Utredning 19.12.16 basert på eige feltarbeid 17.11.16 saman med Geir Gaarder. Feltarbeid er gjort i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Nyskildra lokalitet er splitta ut frå ein større og eldre lokalitet (naturbase-id BN00013441). Kjeldene er ikkje vidareført frå denne, men området er tidlegare undersøkt i samband med denne og skildra av Holten (1978,1986) og av Gaarder & Oldervik (2003). Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i den sørvendte lia ovanfor Folland Averøy kommune. Lokaliteten avgrensar mot granplantefelt i vest og meir fattig boreal lauvskog i aust. Berggrunnen er av granittisk gneis med skredmateriale oppå. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og vegetasjonsseksjona er sterkt oceanisk, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er ein rik, rasmarksprega edellauvskog av utformingstype rikt hasselkratt og noko alm-lindeskog. Skogen består av eldre hasselkratt med alm, selje og noko bjørk. Grunntypen er rik lågurtskog med nokre varmekjære artar.

Artsmangfald: Det er registrert lågurtplanter som kusymre, lundgrønaks, myske, sanikel, enghumleblom og skogfiol.

Bruk, tilstand og påverknad: Hasselkratta er velutvikla. Det er elles ingen store og grove tre. Ein del av edellauvskogen i lia har sannsynlegvis gått tapt til fordel for granplantefelt og denne lokaliteten var sannsynlegvis tidlegare ein del av lokaliteten lengre vest.

Framande artar: Nokre få platanlønn (SE – svært høg risiko) står lengst aust i lokaliteten.

Skjøtsel og omsyn: Platanlønn bør fjernast for å unngå at den konkurrerer med almetrea. Også frøspreidd gran oppover lia bør vurderast fjernet. Området krev elles ingen skjøtsel og fri utvikling kan auke verdien. Konsekvens av fysiske inngrep og hogst vil vere tap av ein rikare skogtype med potensiale for raudlisteartar.

Del av heilskapleg landskap: Det ligg fleire lokaliteter av rik edellauvskog i lia, og elles på Averøya.

Verdivurdering: Lokaliteten har verdier knytt til et område av naturtypen rik edellauvskog med alm (VU). Lokaliteten ligg nært til andre liknande lokalitetar og har eit potensiale for fleire raudlisteartar. Verdien for lokaliteten vert sett til B-verdi –viktig.

16004a Langevatnet: nedanfor Hustad kalk og marmor

| | |
|----------------------|--------------------|
| Kommune: | Fræna |
| IID: | BN00020378 |
| Naturtype: | F06 Rik sumpskog |
| Delnaturtype: | F0601 Rik sumpskog |
| Verdi: | B |
| Feltsjekk: | 21.07.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleing: Lokaliteten er opphavleg skildra av Jordal (2005), basert på eige feltarbeid, og tidlegare undersøkingar av Gaarder og Stenberg (2003) og Malme (1966). Han er seinare revidert av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning 04.01.2017, basert på eige feltarbeid utført 21.07.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0 i skala 1:5000. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten Langevatnet: nedanfor Hustad kalk og marmor med IID BN00020378 blir her vidareført med større justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving. Store delar av den gamle avgrensinga er ikkje med vidare på grunn av at den inkluderer ein straumlinjetrase og andre naturtypar.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på ei flate langs sørbreidda av Langvatnet ved Hustad kalk og marmor. Avgrensinga stansar i sør ved ein straumlinjetrase som er rundt 150 meter brei. Sumpskogen strakk seg opphavleg eit lite stykke vidare opp i traseen, men kan ikkje lenger klassifiserast som intakt sumpskog sidan skogen har blitt snauhagd. Traséen veks no att med gråor, bjørk og vierkratt. Berggrunnen består av ambifolitt. Lausmassane består av morenemateriale (www.ngu.no). Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i stert oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h) (Moen 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg rik sumpskog til kildeskog dominert av gråorkratt, elles noko vierkratt, og innslag av hassel, hegg, furu og bjørk. Delnaturtype er rik sumpskog (F0601, NiN-grunntype V2-C-3), for det meste svært fuktig.

Artsmangfald: Av planter kan nemnast skogsnelle, engsnelle, mjøduert, enghumleblom, sumphaukeskjegg, sølvbunke, knappsiv og kornstorr. I tørrare områder med meir fuktig høgstaudepreg dukkar det opp blant anna skogsvinerot, myske, tannrot og grov nattfiol. Malme (1966) fann den regionalt sjeldsynte arten slakkstorr (ein karakterart for rik, varmekjær sumpskog) i nærleiken, men truleg noko lenger ovanfor avgrensinga. Han skreiv ”Denne arten fant jeg ved en bekk på et kalkrikt område nedanfor Steinbruddet, ca. 70 m.o.h. Den fantes ganske rikelig over en kortere strekning.” Elles er det eit potensiale for kravfulle og sjeldne artar.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er ung til middelaldrande, store delar dominert av kratt. Lite daudt trevirke. Ein veg går gjennom lokaliteten. Det finst truleg ingen soklar, men det er potensiale for smådammar.

Framande artar: Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera urørt utan inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Området rundt Hustad kalk og marmor er generelt svært kalkrikt, og det meste av lia består av lågurt- og kalklågurtskog (NiN-grunntype T4-C-3 og T4-C-4), stadvis med edellauvtre i tresjiktet. Det finst spreidde småflekkear av rik sumpskog langs breidda av Langevatnet.

Verdivurdering: Lokaliteten er eit relativt stort område med rik sumpskog med ein del kalkkrevjande artar, og med potensiale for sjeldne og kravfulle artar. Han er delvis påverka av

ein veg som går gjennom lokaliteten, og av straumlinetraseen i overkant, noko som tel negativt. Han får derfor verdi B- viktig.

16004b Langevatnet: nordaust for Hustad kalk og marmor B

Kommune: Fræna
IID: NY
Naturtype: F01 Rik edellauvskog
Delnaturtype: F0103 Rikt hasselkratt
Verdi: B
Feltsjekk: 21.07.2016
Stadkvalitet: 4

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er skildra av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning 27.01.2017, basert på eige feltarbeid utført 21.07.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0 i skala 1:5000. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Han grensar mot lokaliteten Langevatnet: nordaust for Hustad kalk og marmor (Jordal 2005) med IID BN00020309. Lokaliteten vart berre raskt undersøkt, då området ikkje var målet for turen. Andre som har kartlagt i området er Malme (1966) og Gaarder og Stenberg (2003).

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på søraustsida av Langevatnet, i ein kile mellom ein sving i Tverrfjellvegen like nordvest for Hustad kalk og marmor. Berggrunnen er kalkrik og består av ambifolitt. Lausmassane består av morenemateriale (www.ngu.no). Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i stert oseanisk vegetasjonssesksjon, humid underseksjon (O3h) (Moen 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg rik edellauvskog med hassel som dominerande edellauvtre, og elles ein del bjørk, samt innslag av rogn, gråor, hegg og selje. Delnaturtype er rikt hasselkratt (F0103), der NiN-grunntype er høgstaudeskog (T4-C-18).

Artsmangfald: Av planter kan nemnast myske, vendelrot, skogsvinerot, skogstorkenebb, skogsalat, storfrytle, markjordbær, trollurt, skogstjerneblom og bringebær. På ein nabolokalitet er det registrert fleire artar i lungeneversamfunnet. Det er derfor potensiale for eit brukbart utvikla lungeneversamfunn, og andre kravfulle lav- og sopparar.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med ein del daudt trevirke. Det er mykje inngrep i området rundt i form av vegar og kalkuttak i samband med Hustad kalk og marmor. Sjølve lokaliteten er intakt.

Framande artar: Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera urørt utan inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Området rundt Hustad kalk og marmor er generelt svært kalkrikt, og det meste av lia består av lågurt- og kalklågurtskog (NiN-grunntype T4-C-3 og T4-C-4), stadvis med edellauvtre i tresjiktet.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein rik edellauvskog med få påviste kravfulle edellauvskogsartar, men med god struktur og potensiale for fleire kjenneteiknande og kravfulle karplanter, sopp- og lavartar. Han vurderast derfor å ha verdi viktig – B.

16004c Langevatnet: sørvest for Hustad kalk og marmor

Kommune: Fræna
IID: NY
Naturtype: F01 Rik edellauvskog

Delnaturtype: F0103 Rikt hasselkratt
Verdi: C
Feltsjekk: 21.07.2016
Stadkvalitet: 4

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er skildra av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning 27.01.2017, basert på eige feltarbeid utført 21.07.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0 i skala 1:5000. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Lokaliteten overlappar delvis med den gamle naturbaselokaliteten Langevatnet: nedanfor Hustad kalk og marmor med IID BN00020378, som er vidareført som ein mindre sumpskogskoglokalitet. Den gamle skildringa (Jordal 2005) nemner også hasselkratta avgrensa i denne lokaliteten (opphavleg skildra av Gaarder og Stenberg 2001, lok 17). Malme (1966) har også kartlagt i området. Avgrensing i vest er noko usikker.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på søraustsida av Langevatnet, like sørvest for Hustad kalk og marmor. I underkant går ein straumlinetrasé, og i overkant masseuttak i samband med kalkbrotet. Berggrunnen er kalkrik og består av ambifolitt. Lausmassane består av morenemateriale (www.ngu.no). Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i stert oseanisk vegetasjonssesksjon, humid underseksjon (O3h) (Moen 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg rik edellauvskog med hassel som dominerande edellauvtre, og elles ein del bjørk, furu, rogn, gråor, hegg og selje. Delnaturtype er rikt hasselkratt (F0103), der NiN-grunntype er høgstaudeskog (T4-C-18, 90 %), og med innslag av laus, stert endra mark (T35, 10 %).

Artsmangfald: Av planter kan nemnast myske (delvis dominerande), skogsalat, storfrytle, markjordbær, ormetelg, mjødukt, bringebær, brudespore og tannrot. Det er potensiale for fleire lavartar innanfor lungeneversamfunnet.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er ung til middelaldrande med noko daudt trevirke. Lokaliteten omfattar restar av rik edellauvskog mellom vegar og masseuttak sørvest for Hustad kalk og marmor. Det er derfor innslag av stert endra mark i gjengroing, og det er noko forsøpling.

Framande artar: Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er å fjerne søppel, og elles la lokaliteten få vera urørt utan inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Området rundt Hustad kalk og marmor er generelt svært kalkrikt, og det meste av lia består av lågurt- og kalklågurtskog (T4-C-3 og T4-C-4), stadvis med edellauvtre i tresjiktet.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein rik edellauvskog med få påviste kravfulle edellauvskogsartar, og som er stert påverka av utbygging i samband med Hustad kalk og marmor. Han oppnår dermed verdi lokalt viktig – C.

16005 Flemma: Varvika

Kommune: Gjemnes
IID: BN00001817
Naturtype: F01 Rik edellauvskog
Delnaturtype: F0106 Gråor-almeskog
Verdi: B
Feltsjekk: 07.09.2016
Stadkvalitet: 4

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Jordal (2000, besøkt 04.09.1997), og revidert av John Bjarne Jordal 07.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 07.09.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten BN00001817 blir her vidareført med justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten er ei søraustvendt li i Varvika mellom Flemma og Hoem. Han grensar til boreal skog i nord, sør og vest, elles til granplantefelt og meir kulturpåverka skog i aust og nedre del. Berggrunnen består av grovkorna granittisk gneis, augegneis og gneisgranitt (www.ngu.no). Lausmassane består av morene (sand, grus og stein) og litt rasmateriale. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg rik edellauvskog med alm og hassel, almen er opptil 65 cm i diameter i brysthøgde (ustyva). Delnaturtype er gråor-almeskog, og overgangar mot gråor-heggeskog og blåbærbjørkeskog. Det vart også observert noko grov osp og selje. Vegetasjonen er dominert av lågurt-, høgstaude- og stadvis storbregnevegetasjon. Av tre- og buskslag vart det notert alm (VU), bjørk (opptil 60 cm), gran, hassel, platanlønn, osp (50 cm), rogn og selje (største diam. 60 cm).

Artsmangfald: Av planter kan nemnast brunrot, fingerstorr, firblad, hengjeaks, hundekveke, junkerbregne, kranskonvall, kratthumleblom, liljekonvall, lundrapp, markjordbær, myske, myskegras, sanikel, skogfiol, skogrøykvein, skogsalat, skogstjerneblom, skogsvinerot, skogvikke, storklokke, strutsving, svartburkne, svarterteknapp, trollbær, tågebær, vårerteknapp. Lav: buskhinnelav, grynvrenge, kystfiltlav (alm, osp), lungenever (selje og alm), stor fløyelslav (osp), vanleg blåfiltlav (osp). Mosar: piskraggmose, reipmose, ryemose (alle alm). Sopp: *Kirschsteiniothelia aethiops*, lauvborkskorpe (NT), narrepiggssopp (alle på alm), *Sillia ferruginea* (hasselved), honningvokssopp, skarlagenvokssopp (på marka). Kvitryggspett har hekka (Stokke & Gjeldnes 1998).

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med noko daudt trevirke, men få gamle og grove tre. Litt hogstspor, noko planta gran i nedre deler. Det vart konstatert sterk hjortebeiting på almebusker, og fleire almetre var drepne av hjort som følgje av borkgnag.

Framande artar: Det vart registrert platanlønn (SE - svært høg risiko), mykje i nedre del.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera minst muleg påverka. Almeforekomstane bør ikkje utsettast for hogst eller treslagskifte. Det er ønskjeleg med fjerning av framande artar.

Del av heilskapleg landskap: Rik edellauvskog med alm og hassel finst spreidd fleire stadar i bratte, solvende lisider i distriktet.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein rik edellauvskog med eit avgrensa mangfald av edellauvskogsartar. Han får derfor verdi B - viktig.

16006 Vatne: Øygarden

| | |
|----------------------|------------------------|
| Kommune: | Haram |
| IID: | BN00019392 |
| Naturtype: | F01 Rik edellauvskog |
| Delnaturtype: | F0103 Rikt hasselkratt |
| Verdi: | C |
| Feltsjekk: | 05.10.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleing: Lokaliteten er skildra av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning 31.01.17, delvis basert på eige feltarbeid 5.10.16 som del kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på vegne av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Dette er ein revisjon av ein lokalitet som tidlegare er omtalt av Jordal & Holtan (2005), og som mest bygger på Sandnes (2000). Skildringa er no heilt omskriven med grunnlag i det nye feltarbeidet og avgrensinga ein del redusert, helst som følgje av meir kritisk vurdering av naturverdiar og inngrep. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0 i skala 1:5000. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei sørvendt li rett nord for Øygarden på Vatne. Den grenser inn til granplantefelt i vest, ein bilveg opp til eit vassverk i nord, innslag av planta gran i aust, samt ungsog og attgroande kulturmark i sør. Berggrunnen verkar nokså kalkfattig. Det er innslag av fuktig og periodiske småbekker i lia.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Som Jordal & Holtan (2005) skriv så er det lågurtskog i dei hasselrike partia av lia. Truleg er det mest slik skog innanfor lokaliteten, men det er nok også noko svak lågurtskog, og desse er her vanskeleg å skilje. I tillegg er det små innslag av noko kjeldepåverka skog, som her truleg bør reknast som høgstaudeskog (men under 5% slik skog).

Artsmangfald: Hassel er dominerande treslag/buske (over 50%). I tillegg finst noko gråor, bjørk og rogn. Feltsjiktet er ikkje utprega rikt, men det finst sparsamt med lågurtartar som skogfiol, samt lokalt høgstaudeartar som skogsvinerot og enghumleblom. I tillegg litt, men ikkje mykje myske. Mest interessante funn var av skogfredlaus (NT) ein stad, ein sørleg edellaauvskogsart, som byrjar å bli ganske sjeldsynt så langt mot nord. Elles mindre krevjande artar som mykje sølvbunke samt noko jordnøtt. Det vart søkt etter kravfulle og raudlista lav på hassel, m.a. regnskogsartar, men ingen slike vart funne.

Bruk, tilstand og påverknad: Det har opplagt vore mykje bruk av denne lia, men skogen har no fått gro att i fleire ti-år. Bruken har helst vore så høg at dette kanskje burde ha vore rekna som ei skogkledt semi-naturleg eng. Det er innslag av nokså kraftige og gamle hasselkratt her, men dei einskilde stammane verker ikkje særleg gamle. Det same gjeld andre treslag, som for det meste ikkje har kome ut av vekstfasen, men må reknast for å vere i ein optimalfase. I kantsonar, m.a. i sørvest, står det gamle steingjerde mot innmarka.

Framande artar: Det er planta ein del norsk gran i nærleiken og både denne og ikkje minst platanlønn (SE – svært høg risiko) er under sterk spreiding her.

Skjøtsel og omsyn: Det er særleg viktig å la hassel få stå i fred. Derimot vil det vere heilt naudsynt med kraftig hogst av platanlønn både innanfor og rundt lokaliteten om denne ikkje skal ta heilt overhand i løpet av nokre år. Også gran bør fjernast innanfor og rundt lokaliteten. Litt beite av husdyr kan vere positivt.

Del av heilskapleg landskap: Det finst nok ein del rike hasselkratt i liene i nærleiken, så lokaliteten er helst del av eit større nettverk.

Verdivurdering: Lokaliteten er ikkje særleg stor, den er artsfattig og ligg klart i grenseland for å reknast som ein rik edellaauvskog. Verdien vert difor redusert frå tidlegare viktig – B til no berre lokalt viktig – C.

16007 Tjellefonna (geologi)

Kommune: Nesset
IID: NY
Naturtype: B10
Delnaturtype:
Verdi: A

Feltsjekk: 07.11.2016
Stadkvalitet: 4

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er fyrste gong skildra av Sylvelin Tellnes (Miljøfaglig Utredning) 19.12.16 basert på eige feltarbeid 7.11.16, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på vegne av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildringa følgjer metodikken i Miljødirektoratet (2015). Fleire undersøkingar av geologien har vore gjort her av ulike fagfolk (Blikra mfl. 2006, Furseth 2006, Sandøy 2012).

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordsida av Langfjorden i Nesset kommune, ca. 1 km vest for Tjelle. Lokaliteten omfattar ei stor, sørvendt rasmark frå Tjelleskredet som gjekk i 1756 (Jørstad 1965, 1968). Fjellskredet er landets største målt i volum rasmasse med sine 12 mill m³ steinmassar (Sandøy 2012). Hellinga i fjellsida vest for skredet er ikkje meir enn 20-30 grader og landskapet er ikkje ein opplagt stad for store fjellskred. Ei geologisk forklaring på at skredet gjekk, er at det låg ei forkasting bak skredet som fungerte som ei sone med svakare struktur (Blikra m.fl. 2006). Det hadde vore observert av lokalbefolkninga ein sprekk i berget som vart breiare og tydelegare for kvart år. Raset skapte flodbølger i Langfjorden og Eresfjorden på 40-50 meter (Furseth 2006). 32 menneske vart drepne, 168 hus og 196 båtar ble øydelagde (Morsing 1756). Berggrunnen er av gneis og skredmaterialet kjem frå same materialet. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone opp til rundt 250-300 moh. der sørboreal sone kjem inn i øvre del. Vegetasjonsseksjonen er klart oseanisk (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er sett til B10, Ur og rasmark. Som det største fjellskredet i landet, er dette eigentleg ein geotop, sidan dei geofaglege verdiane er hovudsaka, men det finst ingen type som høver. Rasmarka er delvis open og delvis tresett av bartre, boreale lauvtre og edellauvtre. Etter NiN 2.0 kan grunntypen i området klassifiserast som historisk rasmark. Berggrunnen og skredmaterialet består av granittisk til granodiorittisk gneis, vanlegvis lyseraud. Noverande avgrensing er etter Sandøy (2012). Det er mogleg at eit større område kunne vore inkludert (jamfør lausmassekart på ngu.no).

Artsmangfald: Sjå andre naturbaselokalitetar innanfor avgrensinga. I ura står einskilde almetre (VU).

Bruk, tilstand og påverknad: Fylkesveg 195 går langs fjorden og gjennom skredmassane. Ut frå denne går to skogsbilvegar oppover i lia.

Framande artar: Uvanleg mykje edelgran (HI – høg risiko) og norsk gran står frøspreidd i heile området, også i ura. Europalerk (SE – svært høg risiko) finst i nedre deler og dessutan finst hagelupin på den nye vegen i aust.

Skjøtsel og omsyn: Dei geologiske verdiane krev ingen skjøtsel, men fysiske inngrep i form av fleire vegar bør helst unngåast.

Del av heilskapleg landskap: Ingen liknande lokaliteter er kjent i nærleiken og det er helst få andre skred i Noreg av liknande storleik og med ein så godt kjent historikk.

Verdivurdering: Tjelleskredet er det største i Norge i nyare tid. Det høver for forskning og undervisning av geologiske skredprosessar og da særleg i fjordsystem på Vestlandet. Ettersom det manglar et verdisettingssystem for verdivurdering av liknande geologiske førekomstar blir denne vurderinga skjønsmessig og lokaliteten er foreløpig gitt verdien svært viktig, A-verdi, basert på føre-var-prinsippet.

16008 Tjellefonna nedre

Kommune: Nesset
IID: NY
Naturtype: F07 Gammal lauvskog

Delnaturtype: F0701 Gamle ospeholt
Verdi: B
Feltsjekk: 10.11.2016
Stadkvalitet 4

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er skildra av Sylvelin Tellnes 19.12.16 basert på eige feltarbeid 7.11.16, og saman med Geir Gaarder og John Bjarne Jordal 10.11.16 i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på vegne av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Nyregistrert lokalitet erstattar deler av ein tidlegare lokalitet, ”Langfjorden: Tjellefonna” (BN00022276). Området er tidlegare skildra av Jordal (2005) basert på undersøking av Geir Gaarder i 1999. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordsida av Langfjorden i Nesset kommune, ca. 1 km vest for Tjelle. Lokaliteten ligg ovanfor hovudvegen og avgrensar mot skog med mindre boreale lauvtre. Berggrunnen er av gneis og skredmaterialet kjem frå same materialet. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone. Vegetasjonsseksjonen er klart oseanisk (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er ein gammal boreal lauv- og blandingsskog. Det står relativt grov osp (20%) saman med eldre bjørketre (40%) og furu (40%). Grunntypen er fuktig blåbærskog på grov rasmark.

Artsmangfald: Raudmuslingmose blei registrert like ovanfor lokaliteten og vitnar om et fuktig lokalklima i ei elles søreksponert lise. Pusledraugmose vart funne på læger. Alle registrerte raudlisteartar er knytt til lungeneversamfunnet med olivenlav (NT), skorpefiltlav (NT) og skorpeglye (VU). Skorpeglye (VU) og olivenlav (NT) er registrert på osp i 2016 og skorpefiltlav (NT) er tidlegare registrert utan at denne vart funne att i 2016. Det vart dessutan registrert lungenever, stor fløyelslav, litt sølvnever utan cefalodier, vanleg blåfiltlav, kystfiltlav, grynfiltilav og ospeblæreglye, alle på osp. Ospespesialistane stor ospeildkjuke og borkhårskål vart òg registrert.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er fleirsjiktet med osp på 60-70 cm i dbh. Det er lite daudved og den er mest av bjørk innanfor lokaliteten. Det er ingen synlege hogststubbar.

Framande artar: Ein del edelgran (HI – høg risiko) står frøspreidd i området. Mortre står ved hovudvegen og nye planter på rundt 40 cm og høgare er etablert. Noko frøspreidd gran. Utanfor lokaliteten står europalerk (SE – svært høg risiko) og denne kan på sikt etablere seg i lokaliteten.

Skjøtsel og omsyn: Edelgrana og gran bør fjernast for å unngå konkurransen med stadeigne treslag. Området er sårbart for alle typar hogst og fysiske inngrep på stadeigne treslag. Konsekvensen av hogst eller rydding kan være tap av raudlisteartar og dessutan tap av et mogleg ekspansjonsområde for nærliggande raudlisteartar. Fri utvikling av skogen er tilrådd.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i et område med fleire naturbaselokaliteter og desse er av typene gammal boreal lauvskog, rik edellauvskog og gammal barskog. Det er generelt mykje osp i lia utanfor lokaliteten og det kan også vere at raudlisteartane kan finnast andre stader i lia.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein gammal lauvskog med eit knippe raudlisteartar knytt til gamle ospetre i eit fuktig klima. Han får derfor verdi B- viktig.

16009 Tjellefonna øvre

Kommune: Nesset
IID: NY
Naturtype: F01 Rik edellauvskog

Delnaturtype: F0106 Gråor-almeskog
Verdi: A
Feltsjekk: 10.11.2016
Stadkvalitet: 4

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er skildra av Sylvelin Tellnes 19.12.16 basert på eige feltarbeid 7.11.16, og saman med Geir Gaarder og John Bjarne Jordal 10.11.16 i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på vegne av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Den nyregistrerte lokaliteten erstattar deler av ein tidlegare lokalitet "Langfjorden: Tjellefonna" (BN00022276). Området er tidlegare skildra av Jordal (2005) basert på undersøking av Geir Gaarder i 1999. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordsida av Langfjorden i Nesset kommune, ca. 1 km vest for Tjelle. Lokaliteten omfattar oversida av ei stor, sørvendt rasmark etter Tjelle-skredet som gikk i 1756. Fjellskredet er landets største målt i volum rasmasse og raste ut i Langfjorden. Lokaliteten har ei avgrensing mot bergvegger i overkant og på nedsida av trelaus rasmark. I aust og vest grensar lokaliteten mot meir fattig skog. Berggrunnen er av gneis og skredmaterialet kjem frå same materialet. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone opp til rundt 250-300 moh. der sørboreal sone kjem inn i øvre del. Vegetasjonsseksjonen er klart oseanisk (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er ein rasmarksprega rik og gammal edellauvskog med element av gammal boreal lauvskog og gammal furuskog. Det står alm og ask relativt høgt opp i lia (i alle fall til 320moh.) saman med hassel, osp og selje i aust medan dei to treslaga står saman med bjørk, selje, og rogn i vest. Furu veks spreidd i heile lokaliteten. Noko grov rasmark er inkludert i lokaliteten. Grunntypen er lågurtskog.

Artsmangfald: Raudlisteartar er i hovudsak knytt til gamle almetre (VU) slik som klosterlav (NT), bleik kraterlav (VU), og skrukkeøre (NT), mens tyrirkjuka (NT) vart funne på ei grov furulåg og soppen vedalgekølle (NT) på ein ospelåg. Ask (VU) står spreidd i lokaliteten. Ein god del edellauvskogsartar finst i lia slik som skogfaks, skogsvinerot, kjempesvingel, junkerbregne, svarterteknapp, vårerteknapp, lundgrønaks, myske og sanikel. I tillegg står lågurtvegetasjonen med artar som hundekveke, markjordbær, skogsalat, kratthumbleblom, legeveronika, myskegras, fingerstorr, lundrapp, svartburkne, taggbregne. På grov osp vart det registrert barkhårskål og buskhinnelav. På grov alm var det til stades skorpelavene almelundlav, bleik skribelav og *Lasiobolium lonicerae*. Av mosar vart piggtrådmose og larvemose registrert på råteved (ubestemt treslag). Undersøkingar vart gjort etter soppesongen var over, men rester etter antatt franskbrødsopp vart funne. På råteved av osp vart vanlege artar som fiolbeger/søskenfiolbeger og *Nemaria* sp. funne. Lungeneversamfunnet omfatta fertil sølvnever med cephalodier, blyhinnelav, fertil flishinnelav, lungenever, vanleg blåfiltlav, kystfiltlav, kystnever, skrubbenever og muslinglav. Kvitryggspett og røyskatt vart observert. Det er også verdt å nemne at det i rasmarka kan være potensiale for sjeldne insekt, men dette er ikkje undersøkt.

Bruk, tilstand og påverknad: Grove almetre (>70 cm dbh) finst lengst aust i lokaliteten saman med grove ospetre (30-40 cm dbh) og hassel. Lengre mot vest fortsett det rike elementet, men med færre gamle edellauvtre. Yngre alm og ask står jamt her og delen har dessutan preg av gammal boreal lauvskog med grove tre av bjørk og selje, sistnemnte ofte med mykje lungenever til øvste greiner. Ask og alm viser god rekruttering. Ein del grove furutre står spreidd i heile lokaliteten, fleire med dbh. mellom 70-100 cm. Skogen er fleirsjikt og har ein del daud ved av alle tilhørande treslag, og nokre grove læger av furu og osp. Det er ingen synlege hogststubbar og hogst i nyare tid verkar lite sannsynleg pga. terreng

og plassering. Det går ein ganske ung hogstveg inn i sørlige del av lokaliteten, men det er ikkje gjort nylig hogst utanom dette. Mykje hjortegneg på alm i vestre del, men ikkje i austre del.

Framande artar: Uvanleg mykje edelgran (HI – høg risiko) står frøspreidd i heile området. Modertre står ved hovudvegen, men også øvst i lia er det vaksen edelgran og nye planter på rundt 40 cm i dbh står med et mellomrom på 50 meter eller mindre. Ein del norsk gran står også i lia, men denne verker ikkje å være like aggressiv som edelgrana. Utanfor lokaliteten står europalerk (SE – svært høg risiko) og denne kan på sikt etablere seg i lokaliteten.

Skjøtsel og omsyn: Edelgrana og gran bør fjernast for å unngå konkurrans med raudlista ask og alm. Det bør samtidig vurderast å fjerne lerk frå like utanfor området for å unngå spreiding innanfor lokalitetsgrensa. Området er sårbart for alle typar hogst og fysiske inngrep på stadeigne treslag. Konsekvensen av hogst eller rydding kan vere tap av raudlisteartar og dessutan tap av mulig ekspansjonsområde til nærliggande raudlisteartar. Fri utvikling av skogen vil bevare og auke verdiane.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i et område med fleire naturbaselokaliteter og disse er av typane gammal boreal lauvskog, rik edellauvskog og gammal barskog.

Verdivurdering: Lokaliteten har verdiar knytt til rik og gammal edellauvskog med fleire raudlisteartar knytt til død ved og fleire levande treslag. Han har òg verdiar knytt til forynging av raudlista ask og alm. Ein stor del framande artar trekk verdien litt ned, men han får likevel verdi A-verdi –svært viktig.

16010 Døving-Bjorstad

| | |
|----------------------|----------------------|
| Kommune: | Norddal |
| IID: | BN00008403 |
| Naturtype: | F01 Rik edellauvskog |
| Delnaturtype: | F0106 Gråor-almeskog |
| Verdi: | B |
| Feltsjekk: | 09.09.2016 |
| Stadkvalitet: | 3 |

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Holtan & Grimstad (2000, besøkt 20.07.1999). Han er seinare revidert av John Bjarne Jordal 07.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 09.09.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten med IID BN00008403 blir her vidareført med justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Området ligg opp mot Klingrehamrane mellom gardane Døving og Bjorstad i Valldal og er ei bratt, vest-nordvest lisode med spreidde granplantefelt. Avgrensinga går dels langs ein skogsbilveg i området, med granplantinga på nordaustsida som naturleg avgrensing den vegen. Han grensar elles til annan skog i øverkant og granplantefelt eller kulturpåverka skog med gråor i nedkant. Det er problem med avgrensinga pga. ubrukeleg ortofoto (fjellskugge) slik at ein ikkje ser granplantefelta. Berggrunnen består av ikkje inndelt gneis (www.ngu.no). Lausmassane består av morene (sand, grus og stein) og rasmateriale. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonssesjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg rik edellauvskog. Delnaturtype er gråor-almeskog. Av tre- og buskslag vart det notert alm (VU, opptil 342 cm i omkrets), ask (VU, opptil 160 cm i omkrets), gran, gråor, hassel, hegg,

platanlønn (opptil 40 cm diam.), rogn, selje. Dominerende treslag er gråor, bjørk og alm. Både gråor, hegg og alm er til dels grov. Her er òg noko læger, nokre av dei heilt nedbrotne. Feltsjiktet er dominert av høge bregnar og urter.

Artsmangfald: Av planter kan nemnast brunrot, bruntelg (VU), fingerstorr, hengjeaks kratthumleblom, kvitmaure, markjordbær, myske, skogsalat, skogstjerneblom, storklokke, torhjelm, trollbær og tågebær. Lav på styva almetre: bleik skribelav, bleikdoggnål (NT), grynvrenge, kystårenever, lungenever. Mosar på styva almetre: almeteppepose, broddfagermose, broddtråklepose, ekornmose, gulband, putehårstjerne. Sopp på alm: almekolsopp (NT), *Eutypella stellulata* (VU), lønnekjuka, narrepiggsopp; annan sopp: rustkjuka, ametystsopp, stripebrødkorg. Naturtypen har mange planteartar felles med gråor-heggeskog. Kvitryggspetten hekka i området i 1999.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med litt dautt trevirke, og få gamle og grove tre med unntak av gammal styva alm. Det er ein del planta gran i omgjevnadene, og spor etter hogst. Grov alm var styva (det er få att), yngre alm var ikkje styva. Alm er mykje påverka av borkgnag av hjort, og mange almer er daude.

Framande artar: Mykje platanlønn (SE - svært høg risiko), flekkvis (særleg i nedre deler) er det tendensar til at platanlønna vil overta heilt. Granplantinga på nordaustsida av området viste seg å innehalde vestamerikansk hemlokk (SE - svært høg risiko), ein art ein må vere merksam på i framtida pga. stort spreingspotensial.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera minst muleg påverka. Det er ønskjeleg med fjerning av framande artar.

Del av heilskapleg landskap: Rik edellauvskog med alm og hassel finst spreidd fleire stadar i dei bratte lisdene i distriktet.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein rik edellauvskog med eit avgrensa mangfald av edellauvskogsartar. Han får derfor verdi B - viktig.

16011 Kleivahamrane

| | |
|----------------------|----------------------|
| Kommune: | Norddal |
| IID: | BN00008442 |
| Naturtype: | F01 Rik edellauvskog |
| Delnaturtype: | F0106 Gråor-almeskog |
| Verdi: | A |
| Feltsjekk: | 09.09.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Holtan & Grimstad (2000, besøkt 17.07.1999). Han er seinare revidert av John Bjarne Jordal 07.12.2016 i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, basert på avstandsbetraktning 09.09.2016 og eige feltarbeid saman med Perry G. Larsen utført 25.05.2012 (ARKO-prosjektet, jf. Artskart). Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten BN00008442 blir her vidareført med justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei bratt, stort sett vestvendt lisode mellom Øye og Kleiva øvst i Eidsdalen, under Kleivahamrane. Nordlege del er nordvestvendt. Han grensar til open steinur og annan skog i nedkant, og stort sett til bratte berg i øverkant. Berggrunnen består av ikkje inndelt gneis (www.ngu.no). Lausmassane består for det meste av rasmateriale. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonssesjon (O2). Stein- og snøras set preg på vegetasjonen.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg rik edellauvskog med ein del hassel og alm. Delnaturtype er gråor-almeskog. Av tre- og buskslag vart det notert alm (VU, nokre styva, opptil ca, 1 m i tverrmål), bjørk, gran, gråor, hengjebjørk, rogn og selje. Hist og her kjem det fuktige sig frå hamrane som overrislar berga og skaper gode forhold for fuktkevande plantar. Skogen er i samband med bergknausar og steinur broten opp av meir opne engsamfunn med gras eller urter.

Artsmangfald: Av planter kan nemnast bergfrue, bergmynte, dvergmispel, laukurt, myske, trollbær, trollurt og springfrø (sparsam). Området er eit av få gode i kommunen når det gjeld lungenever-samfunnet, i tillegg til gode førekomstar av lungenever, skrubbenever og t.d. kystvrenge, vart også sølvnever funnen sparsam. Utval av lav, mosar og sopp på 10 undersøkte grove, styva almer (ARKO): almelundlav, *Bilimbia sabuletorum*, bleik skribelav, bleikdoggnål (NT), filthinne-lav, gryna egg-lav, klosterlav (NT), kystdoggnål (NT), kystårenever, *Mycobilimbia pilularis*, vanleg blåfyllav, bleikbustehette, buttbustehette, kystbustehette, piskraggmose, putehårstjerne, tønnebustehette, almekolsopp (NT), *Lasiobelonium lonicerae*, *Lopadostoma pouzarii* (VU), lønnekjuke, narrepiggsopp og taggskinn. Kvitryggspetten hekkar truleg, det vart påvist mykje hakkemerker på daud ved. Kattugle er observert.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er eldre med noko daudt trevirke. Mange av almane er styva, og her er døme på tre som er godt over ein meter i tverrmål og almelæger opptil ca. 80 cm, altså ein del grove dimensjonar, og med mange holrom. Omtrent alle almetre har merke etter borknag av hjort, og somme er drepne. Elles er læger spreidd utover, helst moderat i mengd, nokre stader likevel rikeleg.

Framande artar: Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera mest muleg minst muleg påverka.

Del av heilskapleg landskap: Rik edellauvskog med alm og hassel finst spreidd fleire stadar i dei bratte solvende lisdene i distriktet.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein rik edellauvskog med stort arts-mangfald av edellauvskogsartar og ein del daudt trevirke. Han får derfor verdi A (svært viktig).

16012 Bjørmosen

| | |
|----------------------|----------------------|
| Kommune: | Rauma |
| IID: | BN00001654 |
| Naturtype: | F01 Rik edellauvskog |
| Delnaturtype: | F0105 Alm-lindeskog |
| Verdi: | A |
| Feltsjekk: | 07.09.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Jordal & Stueflotten (2004, besøkt 20.06.2000). Han er seinare revidert av John Bjarne Jordal 08.12.2016, basert på besøk av Steinar Stueflotten 18.06.2010 (pers. medd.) og eige feltarbeid utført 07.09.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten med IID BN00001654 blir her vidareført med justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei relativt bratt, vest- til sørvestvendt lisode like søraust for tettstaden Åndalsnes. Han grensar til bustadfelt og vassinntak i vest, elles til bratte berg og furuskog, og til annan skog. Berggrunnen består av silimanitthaldig,

kvartstrikk gneis (www.ngu.no). Lausmassane består av morene (sand, grus og stein) og rasmateriale. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og dessutan i svakt oseanisk vegetasjonssesksjon (O1). Boreonemoral, vestvendt fjellside/botn med edellauvskog og berg. Ask-gråorskog med sørberg øverst. Ras og steinsprang.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg rik edellauvskog, med overgang til steinur og grunnlendte/nakne berg. Delnaturtype er alm-lindeskog, men det er og innslag av or-askeskog, hasselkratt, og litt gråor-heggeskog i nedre deler. Vegetasjonen er dominert av låge urter, somme stader også litt høgstauder eller røsslyngvegetasjon. Av tre- og buskslag vart det notert alm (VU, spreidd, opptil 25 cm diam.), ask (VU, spreidd, få grove nedst), bjørk, furu (omkrets opptil 185 cm), gråor (omkrets opptil 159 cm), hassel (stadvis mykje), hegg, hengjebjørk, osp (opptil 55 cm diam.), platanlønn (opptil 40 cm), rogn, selje og øyrevier.

Artsmangfald: Av planter kan nemnast bergasal, bergfrue, bergrøykvein, breiflangre, dvergmispel, fingerstorr, firblad, fjellfiol, hengjeaks, hundekveke, junkerbregne, kranskonvall, krattfiol, kratthumleblom, krossved, liljekonvall, lundrapp, markjordbær, myske, myskegras, sanikel, skogfaks, skogfiol, skogsalat, skogstjerneblom, skogsvinerot, skogsvingel, svartburkne, taggbregne, torhjelm, trollbær, tågebær, vårerteknapp. Tidlegare (2000, 2010) også brudespore, furuvintergrøn, jordnøtt, kantkonvall, loppestorr, nattfiol, lundgrønaks, snerprøykvein, storklokke, tysbast og vårmarihand. Dvergmispel i berget øvst. Lav: lungenever, ospeblæreglye, stor fløyelslav (alle osp). Mosar: larvemose, piskraggmose (alm), pusledraugmose, reipmose. Sopp på osp: *Amphisphaerella dispersella*, borkhårskål; sopp på marka: ametystsopp, mørkfiolett slørsopp, skarlagenvokssopp.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med litt daudt trevirke, og få gamle og grove tre. Veg, stigar, vassmagasin og grøfter i nedkanten. Liten kulturpåverknad oppover. Litt borkgnag av hjort på alm og ask, ei drept alm observert.

Framande artar: Det vart registrert platanlønn (SE - svært høg risiko).

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera minst muleg påverka. Ein bør unngå treslagskifte, helst berre varsam plukkhogst. Det er ønskjeleg med fjerning av framande artar som platanlønn.

Del av heilskapleg landskap: Rik edellauvskog med alm og hassel finst spreidd fleire stadar i dei bratte lisdene i Romsdalen.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein rik edellauvskog med stort artsomangfald av edellauvskogsartar, dels boreonemorale artar. Han får derfor verdi A (svært viktig).

16013 Grisetlia

| | |
|----------------------|----------------------|
| Kommune: | Rauma |
| IID: | BN00001675 |
| Naturtype: | F01 Rik edellauvskog |
| Delnaturtype: | F0105 Alm-lindeskog |
| Verdi: | A |
| Feltsjekk: | 08.09.2016 |
| Stadkvalitet: | 3 |

Beskriving

Innleing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Jordal & Stueflotten (2004, besøkt 24.05.2000). Han er seinare revidert av John Bjarne Jordal 08.12.2016, basert på besøk av Steinar Stueflotten årleg i juni (pers. medd.) og eige feltarbeid utført 08.09.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007).

Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten BN00001675 blir her vidareført med justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei ganske bratt, vestvendt lise på austsida av Innfjorden. Han grensar til skogsveg/nedlagt riksveg og granplantefelt i nedre del, delvis er grensa sett heilt i sjøkanten der det er ein del alm nedanfor gammelriksvegen. Elles til annan skog i sør, nord og opp mot fjellet. Avgrensinga er basert på avstandsbetraktning frå motsett side av fjorden og ortofoto. Berggrunnen består av ikkje inndelt gneis (www.ngu.no). Lausmassane består av morene (sand, grus og stein) og rasmateriale. Lokaliteten ligg i boreonemoral til sørboreal vegetasjonssone (BN, SB) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2). Stein- og snøras set preg på vegetasjonen mange stader.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg rik edellauvskog, med noko innslag av steinurer. Delnaturtype er alm-lindeskog, med innslag av gråor-heggeskog i nedre deler og meir bjørkedominert skog i øvre deler. Vegetasjonen er dominert av lågurtskog og høgstaudeskog med ein del bregnerike parti. Av tre- og buskslag vart det notert alm (VU, mykje, opptil 60 cm diam.), bjørk, hassel (mykje), osp (opptil 55 cm), platanlønn, rogn og selje (opptil 50 cm).

Artsmangfald: Av planter i 2016 kan nemnast breiflangre, fingerstorr, hengjeaks, kranskonvall, krossved, liljekonvall, myske, myskegras, sanikel, skogfaks, skogsalat, skogsvingel, svartburkne, trollbær, tågebær, vårerteknapp. I 2000 og seinare også: brunrot, bruntelg (VU), fuglereir, haremat, jordnøtt, junkerbregne, krattfiol, kratthumbleblom, lodneperikum, maurarve, nattfiol, skogbjørnebær, skogvikke, slakkstorr (i fuktige sig fleire stader), storklokke, svarterteknapp og vårmarihand. Lungeneversamfunnet er somme stader nokså velutvikla. Lav: kystnever, lungenever, skrubbenever, stor vulkanlav (alm). Sopp: ametystsopp, borkhårskål (osp), flatkjuke, kantarellvokssopp, *Lasiobelonium lonicerae* (alm), *Lopadostoma pouzarii* (VU) (alm), rotgråhatt, *Stictis radiata*. Fuglar: 42 artar er registrert i området (1986-2001), m.a. hekkande kvitryggspett og grønspekk (Stueflotten 2007).

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande til gammal med noko daudt trevirke, og ein del gamle og grove tre. Nederst med nedlagt riksveg og gjengrodd traktorveg parallelt. Spreidde planta graner fleire stader, granplantefelt i kanten.

Framande artar: Det vart registrert platanlønn (SE - svært høg risiko).

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera minst muleg påverka. Det er viktigast å unngå treslagskifte. Preget av edellauvskog bør bevarast. Det er ønskjeleg med fjerning av framande artar.

Del av heilskapleg landskap: Rik edellauvskog finst spreidd mange stadar i dei bratte lisdene i kommunen.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein stor, rik edellauvskog med stort artsomfang og ein del daudt trevirke. Han får derfor verdi A (svært viktig).

16014 Hole

| | |
|----------------------|----------------------|
| Kommune: | Rauma |
| IID: | BN00001679 |
| Naturtype: | F01 Rik edellauvskog |
| Delnaturtype: | F0105 Alm-lindeskog |
| Verdi: | B |
| Feltsjekk: | 08.09.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Jordal & Stueflotten (2004, besøkt 30.07.2001). Han er seinare revidert av John Bjarne Jordal 08.12.2016, basert på besøk av

Steinar Stueflotten 18.07.2013 (pers. medd.) og eige feltarbeid utført 08.09.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten BN00001679 blir her vidareført med vesentlege justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei bratt, vest- til sørvestvendt lisode ved Hole i Romsdalen, i dalsida under Holstind. Han grensar til steinur og berg i øvre del, og diffust til gråorskog, platanlønndominert skog og kulturpåverka mark i nedre del. I nord er det sett ei grense ved eit større raslaup, nordafor der er det mest sterkt raspåverka hasselkratt. Berggrunnen består av ikkje inndelt gneis (www.ngu.no). Lausmassane består av morene (sand, grus og stein) og rasmateriale. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og dessutan i svakt oseanisk vegetasjonssesjon (O1).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg rik edellauvskog med steinur og raspåverka hasselskog. Delnaturtype er alm-lindeskog. Vegetasjonen er dominert av lågurtskog, med noko høgstaudeskog og store bregner. Av tre- og buskslag vart det notert alm (VU, sparsam), ask (VU, ein del, men døyande), bjørk, gråor, hassel (mykje), hegg, hengjebjørk, søtkirsebær, osp, platanlønn, rogn, selje (opptil 50 cm).

Artsmangfald: I den skogkledde rasmarka her er snerprøyrkvein ein vanleg art som dels er heilt dominerande i feltsjiktet. Lokalitetane nedst i Romsdalen er dei einaste kjende vest for hovudvasskiljet, dette er klart den største førekomsten av denne søraustlege arten i Rauma (og MR). Av planter elles kan nemnast bergfrue, fingerstorr, hundekveke, junkerbregne, kratthumleblom, liljekonvall, myske, skogfiol, skogstjerneblom, stankstorkenebb, svartburkne, torhjelm, trollurt. I 2001 og 2013 også: blårapp, junkerbregne, salatsveve, skogbjørnebær, skogmarihand, taggbregne. Sopp: puddertraksopp, stanksopp.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med ein del daudt trevirke, få gamle og grove tre. Kraftlinje, traktorvegar og dyrka eng nedst mot garden. Ask var tidlegare svært talrik (Jordal & Stueflotten 2004), men er på veg til å bli utrydda pga. hjortegnag (kanskje også i samverknad med snøras), ei rekkje daude tre vart observert, både unge og eldre. Også rogn drepen av hjort vart observert. Lite alm kan også skuldast hjort.

Framande artar: Det vart registrert platanlønn (SE - svært høg risiko), som er i kraftig spreining særleg i nedre del, og dels dominerer og har skugga ut og drepe hassel og gråor.

Skjøtsel og omsyn: Ein bør unngå hogst og fysiske inngrep. Det er ønskjeleg med fjerning av framande artar, men platanløna har overteke store areal. Hjorteindivid som har spesialisert seg på borkgnag av ask bør takast ut, sidan asken er utdøyande pga. hjorten.

Del av heilskapleg landskap: Rik edellauvskog finst mange stader i dei bratte lisdene i Romsdalen, men ikkje mange lokalitetar har så mykje ask som denne hadde tidlegare.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein rik edellauvskog med eit middels mangfald av edellauvskogsartar. Han får derfor verdi B - viktig. Den største bestanden i fylket av snerprøyrkvein.

16015 Horgheim

| | |
|----------------------|--------------------|
| Kommune: | Rauma |
| IID: | BN00001709 |
| Naturtype: | F06 Rik sumpskog |
| Delnaturtype: | F0601 Rik sumpskog |
| Verdi: | A |
| Feltsjekk: | 05.10.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Jordal & Stueflotten (2004) basert på Stølen (1986). Han er seinare revidert av John Bjarne Jordal 08.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 05.10.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten BN00001709 blir her vidareført med justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på ei flate nær elva, sør for Horgheim på sørsida av E 136. Han grensar til open flommark i sørvest, dyrka mark i vest, traktorveg i nordvest, til europavegen i nord og aust og til eit granplantefelt i søraust. Berggrunnen består av granittisk gneis, augegneis og gneisgranitt (www.ngu.no). Lausmassane består av elvetransportert materiale og nokre steinblokker som har rasa ned hit frå fjellet. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og dessutan i svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er rik sumpskog med mykje svartor, påverka av høgt grunnvatn som delvis har å gjera med bekker og grunnvassframspring i lifoten, og lågtliggjande deler er i tillegg påverka av flaumar i elva Rauma. Delnaturtype er rik sumpskog. Av tre- og buskslag vart det notert ask (VU), bjørk (opptil 40 cm), furu (opptil 50 cm), gråor, hassel, hegg, osp (opptil 50 cm), rogn, selje, og mykje svartor (største omkrets 125 cm). Dominerande i feltskiktet var m.a. sølvbunke, myrfiol, blåtopp, skogsnelle, broddtelg, gaukesyre, kvitsymre, myrmaure, trådsiv, sløkje, skogburkne, hengjeveng og sprikelundmose (dels vegetasjonsanalysar hos Stølen 1986).

Artsmangfald: Raudlistearten morknemose (NT) vart funnen her på svartorsoklar i 1984 og 2016, dette er ein sjeldan og austleg art som her har sin einaste veksestad på Vestlandet (Stølen 1986, Artskart 2016). Av planter (dels ruteanalysar 1983-84) kan nemnast bekkeblom, bukkeblad, enghumbleblom, engstorr, firblad, hundekvein, krossved, liljekonvall, mannasøtgras, myrhatt, pors, skjoldberar, trollhegg. Mosar (ruteanalysar 1983-84): broddfagermose, flakjammemose, grantorvmose, grasmose, kysttornemose, myrfiltmose, palmemose, pjusktjønnmose, skimmermose, skogfagermose, storkransmose. Lav 2016: ospeblæreglye. Mosar 2016: fingersaftmose på læger. Sopp 2016: *Amphisphaerella dispersella* og borkhårskål på osp, orekjuke (svartor), seljekjuke (selje). Lokaliteten har og ein viss verdi for fugl (S. Stueflotten).

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med litt daudt trevirke, og få gamle og grove tre. Ei kraftlinje kryssar lokaliteten. Spor etter ein gammal veg gjennom lokaliteten. Vegar og dyrkamark har truleg påverka den hydrologiske balansen.

Framande artar: Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten vert spart for fleire inngrep. Ytterlegare påverknad av den hydrologiske balansen er uønskt. Særleg er endring av grunnvasstanden uheldig.

Del av heilskapleg landskap: Rik sumpskog med mykje svartor finst berre få stader i Romsdalen, elles er flommarksskog utbreidd i elvelandskapet mellom Remma og Horgheimseidet, men lokaliteten er ikkje ein typisk flommarksskog.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein av dei største svartorlokalitetane i Romsdalen, elles ein rik sumpskog med eit variert mangfald med ein regionalt sjeldan raudlisteart. Han får derfor verdi A - svært viktig.

16016 Isfjorden: Breivik: Markåna aust

Kommune: Rauma

IID: BN00028350

| | |
|----------------------|--|
| Naturtype: | F01 Rik edellauvskog |
| Delnaturtype: | F0103 Rikt hasselkratt (60%), F0106 Gråor-almeskog 20% |
| Verdi: | B |
| Feltsjekk: | 04.10.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Stueflotten (2006, besøkt 12.07.2004). Han er seinare revidert av John Bjarne Jordal 08.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 04.10.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007).

Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten BN00028350 blir her vidareført med justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei middels slak til middels bratt, sørvendt lisode nord for Breivikelva ved Hen i Isfjorden, eit stykke aust for Markåna (få stadnamn på kart), med fleire bekkeløp med flompåverknad. Han grensar til boreal skog med bjørk i øverkant, i nedkant til meir kulturpåverka ungsog, furuskog og granplantefelt, dessutan til raslaup og annan (ikkje undersøkt) skog i aust og vest. Berggrunnen består av ikkje inndelt gneis (www.ngu.no). Lausmassane består av morene (sand, grus og stein). Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg rik edellauvskog. Delnaturtype er dels rike hasselkratt, dels gråor-almeskog med ein del hasselparti, og litt or-askeskog i nedre deler. Av tre- og buskslag vart det notert alm (VU, spreidd i området, omkrets opptil 180 cm), ask (VU, spreidd i nedre deler, for det meste opptil diam. 40 cm, men største omkrets 349 cm), bjørk (diam. opptil 70 cm), furu (spreidd, fleire grove ca. 70 cm diam., største omkrets 334 cm), gran, gråor (diam. opptil 45 cm), hassel (talrik/dominerande), hegg, osp, platanlønn, rogn (største omkrets 225 cm), selje (diam. opptil 40 cm). Dominerande i feltskiktet var ulike låge urter, men også ein del høgstauder og noko store bregner.

Artsmangfald: Av planter kan nemnast breiflangre, brunrot, bruntelg (VU, fleire bestandar), fingerstorr, firblad, hengjeaks, hundekveke, klokkevintergrøn, kranskonvall, kransmynte, kratthumbleblom, krossved, kvitbladtistel, liljekonvall, lundgrønaks, lundrapp, markjordbær, myske, myskegras, nattfiol, sanikel, skogbjørnebær, skogfaks, skogfiol, skogrørkvein, skogsalat, skogstjerneblom, skogstorr, skogsvinerot, skogsvingel, skogvikke, småsmelle, strandrør, taggbregne, tågebær, vårerteknapp. I 2004 også furuvintergrøn, grov nattfiol, jordnøtt, loppestorr, skogmarihand og annan delførekomst av bruntelg (VU) (MQ 3727 4075). Lav: buskhinnelav (alm), kvitringnål (furugadd). Sopp: *Amphisphaerella dispersella* og borkhårskål (begge osp), hasselkolsopp og vifteryngesopp (hassel), *Kirschsteiniotelia aethiops*, lauvborkskorpe (NT), narrepiggsopp (alle alm) og den lite kjende pyrenomyceten *Trematosphaeria vicina* på ask. Elles sitronsommarfugl.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande til eldre med litt daudt trevirke, og spreidde gamle og grove tre av fleire treslag. Iallfall tidlegare truleg ein del beiting. Alm og ask var ustyva. Noko hogst og planta gran i nedre deler. Tilsynelatande liten påverknad lenger opp med unntak av raspåverknad.

Framande artar: Det vart registrert platanlønn (SE - svært høg risiko, spreier seg i nedre del) og ein ubestemt mispelart (*Cotoneaster* sp.).

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera minst muleg påverka. Det er ønskjeleg med fjerning av framande artar, særleg platanlønn.

Del av heilskapleg landskap: Rik edellauvskog finst spreidd fleire stadar i dei solvende lisdene i Isfjorden.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein rik edellauvskog med eit bra mangfald av edellauvskogsartar og nokre større tre, men få raudlisteartar. Han får derfor verdi B - viktig.

16017 Istrautiløpet, Krohnberga

Kommune: Rauma
IID: BN00001664
Naturtype: F06 Rik sumpskog
Delnaturtype: F0601 Rik sumpskog
Verdi: B
Feltsjekk: 09.09.2016
Stadkvalitet: 4

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Jordal & Stueflotten (2004, besøkt 19.06.2000, jf. også Holten 1984 og Stølen 1986). Han er seinare revidert av John Bjarne Jordal 08.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 09.09.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten BN00001664 blir her vidareført med små justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på ei flat flompåverka elvebreidd ved Rauma rett nedanfor samanløpet med Istra. Han grensar til open elvestrand og til bilveg. Berggrunnen består av silimanitthaldig, kvartsrik gneis (www.ngu.no). Lausmassane består av elvetransportert materiale og dessutan tjukke marine sediment. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og dessutan i svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1). Utløpet av Istra er eit mindre deltaområde med flompåverknad og lokaliteten har i tillegg ein del kjeldepåverknad.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er rik sumpskog med gråor og betydeleg innslag av svartor. Delnaturtype er rik sumpskog. Av tre- og buskslag vart det notert alm (VU), ask (VU), gråor, hegg, platanlønn, selje og svartor. Dominante artar i feltsjiktet er mjødukt, sølvbunke og elvesnelle, andre fuktartar var bekkeblom, skogkarse, skogsnelle, myrhatt, myrmaure og lyssiv.

Artsmangfald: Av planter kan nemnast broddtelg, kratthumleblom, liljekonvall, skogkarse, skogsvinerot og turt. Dessutan langstorr, ein regionalt sjeldan flommarksart i fylket. Oremose er av stor plantegeografisk interesse (Stølen 1986).

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med relativt lite daudt trevirke, få gamle og grove tre. Vegen til Brønnsletta går gjennom området og deler sumpskogen i to. Her vert berre den delen som ligg nedanfor vegen skildra.

Framande artar: Det vart registrert platanlønn (SE - svært høg risiko).

Skjøtsel og omsyn: Ein bør unngå fysiske inngrep som drenering, fylling, vegutviding og hogst. Det er ønskjeleg med fjerning av framande artar.

Del av heilskapleg landskap: Rik sumpskog med mykje svartor finst berre få stader i Romsdalen, elles er flommarksskog utbreidd i elvelandskapet i nedre del av Romsdalen, men lokaliteten er ikkje ein typisk flommarksskog.

Verdivurdering: Lokaliteten vert verdsett til B (viktig) fordi det er ein mindre og litt påverka sumpskog med fleire regionalt sjeldne artar, som langstorr og oremose.

16018 Innfjorden: Mækjå

Kommune: Rauma
IID: BN00001703

Naturtype: F06 Rik sumpskog
Delnaturtype: F0601 Rik sumpskog
Verdi: A
Feltsjekk: 08.09.2016
Stadkvalitet: 4

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Jordal & Stueflotten (2004, besøkt 20.06.2000). Han er seinare revidert av John Bjarne Jordal 08.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 08.09.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten BN00001703 blir her vidareført med små justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving. Namnet "mækje" kjem av gammelnorsk "mækir" som tyder sverd (Sæbø 1979).

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i eit svakt hellande til relativt flatt område, i lifoten ved Vårsetra i Innfjorden. Grunnlaget for sumpskogen er store mengder baserikt grunnvatn som vert pressa ut i overflata ved foten av ei bratt dalside med tjukk skredjord, men også påverka av ein større bekk. Lokaliteten grensar til annan skog, granplantefelt, veg, myr og dyrka mark. Berggrunnen består av ikkje inndelt gneis (www.ngu.no). Lausmassane består av morene (sand, grus og stein), og bekketransportert materiale. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er rik sumpskog. Delnaturtype er rik sumpskog. Av tre- og buskslag vart det notert alm (VU), bjørk, gran, gråor og øyrevier. Dominerande i feltskiktet var mjødurt, stornesle, åkersnelle, byhøymole, torhjelm, lyssiv, myrmaure, bekkeblom, myrtistel, skogmarihand, skogrøyrkvein, strutseveg og strandrøyr.

Artsmangfald: Sverdlilje dominerer feltskiktet i eit område, og ein regionalt sjelden art som skogsivaks finst både i sjølve sumpskogen og i ei grøft/vegkant like ved. Andre sjeldne artar er nøstepiggknopp (Sæbø 1979, ingen belegg, ikkje attfunnen), langstorr (2000) og slakkstorr (kjeldesig 2016). Av andre planter kan nemnast bukkeblad, hengjeaks, kratthumleblom, myrhatt, skogsnelle, skogsvinerot, småvasshår, og trollurt. Lav: grynvrenge, lungenever. Mosar: ryemose.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med litt daudt trevirke, og få gamle og grove tre. I seinere år er det anlagt en traktorveg like i overkant av sumpskogen, og grøfting i samband med denne påverkar truleg vegetasjonen i området. Det er gjerde langs vegen og storfebeiting i lokaliteten, noko som truleg er uheldig for fleire artar.

Framande artar: Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera minst muleg påverka. Ein bør unngå ytterlegare grøfting, vegbygging og hogst i sumpskogen. Beiting er også uheldig i sumpskog. Ein bør vurderer om det er nødvendig å restaurere med tilbakeføring til naturtilstanden og omlegging av vegen.

Del av heilskapleg landskap: Rik sumpskog med sverdlilje er unikt i heile fylket.

Verdivurdering: Området vert verdisatt til A (svært viktig) på grunn av at det er ein svært spesiell og regionalt sjeldan utforming av rik sumpskog, med fleire regionalt sjeldne artar.

16019 Marstein

Kommune: Rauma
IID: BN00001725
Naturtype: F01 Rik edellauvskog
Delnaturtype: F0105 Alm-lindeskog

Verdi: A
Feltsjekk: 05.10.2016
Stadkvalitet: 4

Beskriving

Innleing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Jordal & Stueflotten (2004, besøkt 07.07.1999). Han er seinare revidert av John Bjarne Jordal 08.12.2016, basert på besøk av Steinar Stueflotten 22.07.2014 (pers. medd.) og eige feltarbeid utført 04.-05.10.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten BN00001725 blir her vidareført med justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei middels bratt, vestvendt lisode ved Marstein. Han grensar til berghamrar, steinurer, og i nedre del til annan, kulturpåverka skog. Berggrunnen består av ulike typar gneis (www.ngu.no). Lausmassane består av morene (sand, grus og stein) og rasmateriale. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og dessutan i svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1). Stein- og snøras set preg på vegetasjonen mange stader.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg rik edellauvskog med alm og hassel som dominerande treslag. Delnaturtype er alm-lindeskog. Vegetasjonen er dominert av lågurtskog, men har og noko høgstaueskog. Av tre- og buskslag vart det notert alm (VU, nokre styva, største omkrets 281 cm), ask (VU, diam. opptil 40 cm), gråor, hassel, hegg, hengjebjørk, osp (55 cm), platanlønn, rogn og selje.

Artsmangfald: Av planter i 2016 kan nemnast bruntelg (VU), fingerstorr, firblad, hengjeaks, hundekveke, kranskonvall, kransmynte, krattfiol, kratthumleblom, kvitmaure, liljekonvall, lundrapp, markjordbær, myske, skogfaks, skogsalat, skogsnelle, skogsvinerot, skogvikke, trollbær, vårerteknapp. I 1999 og 2014 også gullstjerne, krossved, lerkespore, lodneperikum, piggstorr, rustjerneblom, skogsvingel og storklokke. Lav på gammal alm: *Eopyrenula leucoplaca*, almelundlav, bleikdoggnål (NT), klosterlav (NT), skjelglye, stiftfiltlav. Mosar på alm: almeteppepose. Sopp på gammal alm: almebroddsopp (VU), *Kirschsteiniothelia aethiops*, narrepiggsopp, riflesprekksopp, skjelkjuke, skrukkeøyre (NT); elles *Amphisphaerella dispersella* (spesialist på osp), heggetraksopp og vifterykkesopp.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med noko daudt trevirke, nokre gamle og grove tre. Beiting, litt planta gran. Ein del borknag av hjort på alm. Stadvis hard raspåverknad.

Framande artar: Det vart registrert platanlønn (SE - svært høg risiko), med stadvis ein del spreing.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera minst muleg påverka. Ein bør unngå hogstflater og treslagskifte. Det er ønskjeleg med fjerning av framande artar.

Del av heilskapleg landskap: Rik edellauvskog med alm og hassel finst mange stadar i Romsdalen.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein relativt stor, rik edellauvskog med nokre gamle tre, og stort artsomangfald av edellauvskogsartar. Han får derfor verdi A (svært viktig).

16020 Moanebba

Kommune: Rauma
IID: BN00001650
Naturtype: F01 Rik edellauvskog
Delnaturtype: F0106 Gråor-almeskog

Verdi: B
Feltsjekk: 03.10.2016
Stadkvalitet: 4

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Jordal & Stueflotten (2004, feltarbeid 25.07.2000). Han er seinare revidert av John Bjarne Jordal 09.12.2016, basert på besøk av Steinar Stueflotten 27.07.2003, 26.07.2004, 13-14.07.2010 og 16.07.2010 (pers. medd.), og eige feltarbeid utført 03.10.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten BN00001650 blir her vidareført med justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei bratt, vest- til sørvestvendt lisode under Moanebba ved Åsen og Dalehaug. Han ligg som eit smalt band mellom rasmarker og annan skog i nedkant, og bratte berg ovanfor. Berggrunnen består av ikkje inndelt gneis (www.ngu.no). Lausmassane består mest av rasmateriale. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2). Stein- og snøras set preg på vegetasjonen mange stader.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg rik edellauvskog dominert av alm og hassel. Elles innslag av rasmark og nakent berg. Vegetasjonen er dominert av lågurtskog men har også innslag av høgstauder. Av tre- og buskslag vart det notert alm (VU, ustyva, største omkrets 160 cm), bjørk, hassel, hegg, osp, rogn, selje.

Artsmangfald: Av planter i 2016 kan nemnast fingerstorr, harematt, hengjeaks, kranskonvall, krattfiol, krossved, lodnebregne, myske, skogfaks, skogfiol, skogvikke, storklokke, taggbregne, torhjelm, vårerteknapp. I 2000-2010 også breiflangre, bruntelg (VU), furuvintergrøn, grov nattfiol, lundgrønaks, nattfiol, sanikel, skogbjørnebær, skogsvingel, svarterteknapp, trollbær. Mest i berget (2000-2010): bergfrue, bergveronika, brudespore, dvergmispel, fjellarve, flekkmure, gulsildre, kantkonvall, kransmynte, kvitbergknapp, lodnebregne, loppestorr, olavsskjegg, småbergknapp, småsmelle, svartburkne, svarterteknapp, taggbregne og tårnurt. Lav på alm: klosterlav (NT), stiftfiltlav; lungenever på selje. Sopp på alm: almekolsopp (NT), *Kirschsteiniothelia aethiops*, *Lasiobelonium lonicerae*, narrepiggsopp. På mineralrik jord i bergerota vart det funne puddertraktsopp.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med noko daudt trevirke, få gamle og grove tre, men også sterk raspåverknad. Almen var i 2016 kraftig påverka av borkgnag av hjort, derimot lite i år 2000.

Framande artar: Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera minst muleg påverka. Treslagskifte bør unngåast.

Del av heilskapleg landskap: Rik edellauvskog med alm og hassel finst spreidd fleire stadar i distriktet.

Verdivurdering: Lokaliteten vert verdisett til B (viktig) fordi det er ein middels velutvikla edellauvskog med få boreonemorale artar og raudlisteartar.

16021 Norviklia

Kommune: Rauma
IID: BN00001628
Naturtype: F01 Rik edellauvskog
Delnaturtype: F0105 Alm-lindeskog

Verdi: A
Feltsjekk: 03.10.2016
Stadkvalitet: 3

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Jordal & Stueflotten (2004, besøkt 31.07.2000). Han er seinare revidert av John Bjarne Jordal 09.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 03.10.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten BN00001628 blir her vidareført med justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei relativt bratt, sørvendt lisode ved Norvika. Han grensar til annan (dels kulturpåverka/planta) skog i nedkant og i vest, til berghamrar og steinurer i øvre deler. Berggrunnen består av ikkje inndelt gneis (www.ngu.no). Lausmassane består av morene (sand, grus og stein) og rasmateriale. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB, med boreonemorale innslag) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2). Boreonemoral, sør- og sørvestvendt, lauvskogsli med alm og hassel ned mot Romsdalsfjorden ved Norvika.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg rik edellauvskog. Delnaturtype er alm-lindeskog, med ein del hassel og alm, og innslag av ask. Vegetasjonen er dominert av lågurter men med innslag av høgstauder. Av tre- og buskslag vart det notert alm (VU, nokre styva, største omkrets 352 cm), ask (VU, diam. opptil 40 cm), furu (diam. opptil 90 cm), gråor (diam. opptil 45 cm), hassel, hegg, hengjebjørk (diam. opptil 75 cm), osp (diam. opptil 50 cm), platanlønn (diam. opptil 65 cm), rogn, selje (diam. opptil 60 cm), svartor (diam. opptil 40 cm). Stein- og snøras set preg på vegetasjonen mange stader.

Artsmangfald: Av planter kan nemnast bergfrue, breiflangre, brunrot, bruntelg (VU), fingerstorr, hengjeaks, hundekveke, jordnøtt, junkerbregne, knollerteknapp, kratthumleblom, krossved, lundgrønaks, lundrapp, markjordbær, myske, sanikel, skogfaks, skogfiol, skogsalat, skogsvinerot, skogsvingel, skogvikke, småborre, stankstorkenebb, svartburkne, svarthyll (nedre del). I 2000 også jordnøtt, haremat, kjempesvingel, kranskonvall, kransmynte, lerkespore, liljekonvall, myskegras, cf. småborre, storklokke, svarterteknapp, taggbregne, trollbær, trollurt, villapal, vårkål, vårmarihand. Lav på gammal alm i 2016: *Gyalecta derivata* (EN), *Strigula jamesii* (svært sjeldan lav på gammal alm, raudlistekandidat, raudlista i Sverige), almelundlav, bleik skribelav, klosterlav (NT), lungenever, stor vulkanlav, sølvnever, vanleg blåfiltlav. I 2000 også bleikdoggnål (NT) (to grove almetre), buktporelav, kystnever, skrubbenever, blyhinnelav, flishinnelav, muslinglav og grynfiltilav. Mosar på alm: glansmose, piskraggmose. Sopp på alm: almekolsopp (NT), lauvborkskorpe (NT), *Lopadostoma pouzarii* (VU), narrepiggsopp, skrukkeøyre (NT); elles hasselkolsopp (hassel), orekjuke (svartor), skjørvokssopp og liten mønjevokssopp (på marka). Fuglar: grønspekk.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med noko daudt trevirke, ein del gamle og grove tre, særleg i øvre del. På slutten av 1700-tallet vart det dreve prøvedrift på jarmalm i Norviklia (Stueflotten 1998). Det finst noko planta gran nedst i lia, og her er det også massiv spreining av platanlønn. Nedre deler har truleg vore nokså ope tidlegare. I nyare tid er påverknaden mindre, men nedre deler vert beita av storfe.

Framande artar: Det vart registrert platanlønn (SE - svært høg risiko), store mengder og dels gamle tre i nedre del, der den no dominerer. Ei svarthyll sett i nedre del (LO - låg risiko).

Skjøtsel og omsyn: Det er ønskjeleg med omfattande hogst av platanlønn, som trugar med å ta over i heile lia. Avgrensa uttak av furu og lauvtre som bjørk og gråor betyr truleg mindre for naturverdiene, viss det er eit godt innslag av gamle tre og edellauvtre. Beite med storfe er

positivt så lenge ein unngår trakkskader. Ein bør ikkje utføre treslagskifte til gran o.l. i edellaauvskogen.

Del av heilskapleg landskap: Rik edellaauvskog med alm og hassel finst mange stader i distriktet.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein rik edellaauvskog med ein del grove tre, stort artsmangfald av edellaauvskogsartar inklusive raudlisteartar, og ein del daudt trevirke. Han får derfor verdi A (svært viktig).

16022 Romsdalshorn: ved riksvegen

Kommune: Rauma
IID: BN00001697
Naturtype: F05 gråor-heggeskog
Delnaturtype: F0502 liskog/raviner
Verdi: B
Feltsjekk: 08.09.2016
Stadkvalitet: 4

Beskriving

Innleing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Jordal & Stueflotten (2004, besøkt 01.09.2000). Han er seinare revidert av John Bjarne Jordal 09.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 08.09.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten BN00001697 blir her vidareført med justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i relativt flatt til svakt skrånande terreng mellom europavegen og fjellskråninga under Romsdalehorn, rett overfor turistanlegget ved Trollveggen. Han grensar til europavegen i vest, dyrka mark i sør, og annan skog elles. Berggrunnen består av granittisk gneis, augegneis og gneisgranitt (www.ngu.no).

Lausmassane består av morene (sand, grus og stein) og litt rasmateriale. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og dessutan i svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1). Det er stadvis ein del stein i skogbotnen. Lokaliteten er påverka av relativt sjeldne ras, som produserer daud ved.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg gråor-heggeskog, men med innslag av hassel. Delnaturtype er liskog/raviner. Av tre- og buskslag vart det notert ask (VU), bjørk, furu, gråor, hassel, hegg, platanlønn, rogn. Dominerande i feltskiktet var torhjelms, vendelrot, bringebær, kvitbladtistel, skogburkne, hundekjeks, kratthumleblom, skogstjerneblom, skogsvinerot, mjødukt, sløkje, geitrams, stornesle, stadvis også med mykje strutseving.

Artsmangfald: Av planter kan nemnast kranskonvall, kratthumleblom, liljekonvall, myske, skogstjerneblom, skogsvinerot, småborre, snerprøyrvkein, strandrøyr, strutsveing, torhjelms. Sopp: kvit åmeklubbe vart funnen i 1987 og 1991 (sjeldan art som ikkje lenger er raudlista, parasitt på sommarfuglpupper, Bujakiewicz 1993), elles raud åmeklubbe og prydhette.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med litt daudt trevirke, og få gamle tre. Lokaliteten grensar til riksvegen i vest, og det går ei kraftlinje gjennom lokaliteten. Vidare føregår av og til litt hogst, med mindre hogstflater. Ras påverkar lokaliteten.

Framande artar: Det vart registrert platanlønn (SE - svært høg risiko), og elles grisnesvineblom (ikkje vurdert). Grisnesvineblom er sjeldan forvilla, han vaks i vegkanten år 2000, men var spreidd langt inn i skogen i 2016.

Skjøtsel og omsyn: Det er ønskjeleg å unngå hogstflater, slik at lokaliteten mest muleg har karakter av skog. Det er ønskjeleg med fjerning av framande artar.

Del av heilskapleg landskap: Gråor-heggeskog er vanleg i Romsdalen.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein gråor-heggeskog med eit avgrensa artsmangfald og mindre mengd daud ved. Han får derfor verdi B - viktig.

16023 Svartli-Ekra

| | |
|----------------------|---|
| Kommune: | Rauma |
| ID: | BN00001641 |
| Naturtype: | F05 gråor-heggeskog (80%), E03 kroksjøar, flomdammar og meanderande elveparti (20%) |
| Delnaturtype: | F0501 flommarkskog |
| Verdi: | A |
| Feltsjekk: | 03.10.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Jordal & Stueflotten (2004, besøkt 26.07.2000). Han er seinare revidert av John Bjarne Jordal 09.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 03.10.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten BN00001641 blir her vidareført med justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på ei flat slette langs elva og er eit meanderende parti av Isa med flommarkskog, og fleire kroksjøar (m.a. Purkøya). Han grensar til myrer, dyrka mark, granplantefelt og annan skog. Avgrensinga er basert på avstandsbetraktning og ortofoto. Berggrunnen består av ikkje inndelt gneis (www.ngu.no). Lausmassane består av elvetransportert materiale. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg gråor-heggeskog (80%), men det finst og ca. 20% kroksjøar, flomdammar og meanderande elveparti (med vassvegetasjon m.a. flytebladvegetasjon med flotgras og vanleg tjønnaks), og litt fattig sandet elveøyr. Delnaturtype av skogen er flommarkskog. Vegetasjonen i skogen er dominert av høgstauder. Av tre- og buskslag vart det notert bjørk, gråor, rogn, hegg og øyrevier.

Artsmangfald: Viktigaste funn var ein liten førekomst av langstorr (MQ 4320 3918) år 2000. Det vart rekna ca. 40 tuer spreidd over eit område på ca. 5x 5 meter. Av planter elles kan nemnast broddtelg, evjesoleie, flotgras, grov nattfiol, hundekvein, kranskonvall, krossved, liljekonvall, mannasøtgras, nattfiol, strutseving, sumphaukeskjegg, tjønnaks, trollhegg, turt og åkermynnte. Stadnamnet Bjørdemmå tyder på bever tidlegare.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er framleis flompåverka. Skogen er delvis middelaldrande med litt daudt trevirke. Det er dyrka inntil lokaliteten frå fleire kantar, og det er fleire granplantingar langs elva, traktorvegar, uthus mm.

Framande artar: Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn: Ein bør unngå hogst, meir granplanting og fysiske inngrep. Elva bør styra prosessane, og ein vil sterkt frårå elveforbygging.

Del av heilskapleg landskap: Flommarkskog og meanderande elveparti finst nokre stader elles i kommunen, men i fylkessamanheng er dette sjeldne typar i denne storleiken.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit større, velutvikla og nokså intakt flommarksområde med meandrerande elv, kroksjøar, flomdammer og flommarkskog med førekomst av ein regionalt sjeldan art (langstorr).

16024 Åsen

Kommune: Rauma
IID: BN00001653
Naturtype: F03 kalkskog
Delnaturtype: F0302 frisk kalkfurskog
Verdi: B
Feltsjekk: 03.10.2016
Stadkvalitet: 4

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Jordal & Stueflotten (2004, besøkt 25.07.2000). Han er seinare revidert av John Bjarne Jordal 09.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 03.10.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten BN00001653 blir her vidareført med justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei sørvestvendt lisode ved Åsen i Isfjorden. Han grensar til hogstfelt og meir kulturpåverka skog i nedre del og edellauvskog og rasmark i øvre del. Berggrunnen består av ikkje inndelt gneis (www.ngu.no). Lausmassane består av morene (sand, grus og stein) og litt rasmateriale. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2). I øvre deler går furskogen over i edellauvskog med alm og hassel (se lokalitet Moanebba), grensar elles til hogstfelt og annan skog (bærlyngfurskog).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er frisk lågurtfurskog med furu og hassel som etter 2007-metodikk vert klassifisert som kalkskog. Delnaturtype er frisk kalkfurskog. Vegetasjonen er dels lågurtdominert, men med innslag av bærlyngvegetasjon. Av tre- og buskslag vart det notert bjørk, einer, furu (største omkrets 217 cm), hassel, osp, rogn.

Artsmangfald: Av planter kan nemnast hengjeaks, hundekveke, kratthumleblom, lundrapp, myske, raud jonsokblom, skogfiol, skogsalat, stankstorkenebb, svartburkne, trollhegg, tågebær. I 2000 også fingerstorr, firblad, fjelltistel, grov nattfiol, klokkevintergrønn, kvitmaure, liljekonvall, nattfiol, sanikel, skogbjørnebær og vårerteknapp. Lav: kvitringnål på furugadd. Fugl: hekking av hønsehauk (NT) er påvist, grønspekk er høyrte, og hakkemerke av kanskje svartspett.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med nokre gamle og grove tre, og spreidd med gadd og læger av mindre dimensjonar. Det er bygd en skogsveg eit stykke opp i lia i nedre del av lokaliteten. Noko hogst i nedre deler etter 2000 som har redusert området.

Framande artar: Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera minst muleg påverka. Det er ønskjeleg at deler av denne eldre furskogen vert bevart ved ikkjehogst eller forsiktig plukkhogst.

Del av heilskapleg landskap: Lågurtfurskog er ikkje vanleg i kommunen.

Verdivurdering: Lokaliteten vert verdisett til B (viktig) på grunn av forekomst av lågurtfurskog med einskilde interessante artar.

16025 Almberg, nedre

| | |
|----------------------|----------------------------------|
| Kommune: | Rindal |
| IID: | NY (tidlegare del av BN00018485) |
| Naturtype: | F01 Rik edellauvskog |
| Delnaturtype: | F0106 Gråor-almeskog |
| Verdi: | A |
| Feltsjekk: | 12.10.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleing: Lokaliteten var tidlegare del av ein svært stor lokalitet skildra av Aune (2005a), Almbergliene (BN00018485) som her vert foreslått sletta fordi han var svært heterogen og ikkje samsvara med kartleggingsreglane. Den nye lokaliteten er skildra av John Bjarne Jordal 12.12.2016, basert på undersøkingar saman med Björn Nordén 10.05.2012 (ARKO-prosjektet, jf. Artskart) og eige feltarbeid 12.10.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei middels bratt, sørvendt lise nedanfor gardsvegen til Almberg. Han grensar til bygdeveg i nedkant og gardsveg i øverkant, til dyrka mark i nord og granplantefelt i aust. Berggrunnen består av granittisk gneis (www.ngu.no). Lausmassane består av morene (sand, grus og stein) og litt rasmateriale. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er rik edellauvskog med mykje alm og hassel. Delnaturtype er gråor-almeskog. Vegetasjonen er dominert av låge urter og høgstauder. Av tre- og buskslag vart det notert alm (VU, dels styva, største omkrets 404 cm), bjørk, gråor, hassel, rogn, selje.

Artsmangfald: Av planter vart det notert firblad, gullstjerne, kratthumleblom, liljekonvall, skogfiol, skogsvinerot, turt, torhjelm og vårkål. Utval av lav, moser og sopp på grov alm (om ikkje anna er nemnt): almelav (NT), almelundlav, *Bilimbia sabuletorum*, bleik kraterlav (VU), bleik skribelav, bleikdoggnål (NT), blådoggnål (VU), filthinnelav, klosterlav (NT), glansmose, kalkraggmose, tepperaggmose, almekolsopp (NT), *Corynespora cambrensis* (på bork av rogn, lite kjent art), grønleg narrepiggsopp (NT), *Lasiobelonium lonicerae*, narrepiggsopp, *Patinellaria sanguinea* (truleg gråor) og vrangpipe.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med litt daudt trevirke, nokre gamle og grove tre av styva alm med mange holrom og grov bork. Litt borkgnag av hjort observert.

Framande artar: Ingen registrerte bortsett frå gran.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera minst muleg påverka. Særleg viktig er det å spara dei gamle styvingstrea, og la ein del ustyva almer bli gamle.

Del av heilskapleg landskap: Rik edellauvskog med alm og hassel finst spreidd fleire stadar i dei solvendte lisedene i distriktet.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein rik edellauvskog med avgrensa plantemangfald knytt til edellauvskog, men eit stort artsmangfald av edellauvskogsartar av sopp og lav, dels raudlisteartar, på gammal alm, og ein del daudt trevirke. Han får derfor verdi A (svært viktig).

16026 Almberg vest

| | |
|-------------------|----------------------------------|
| Kommune: | Rindal |
| IID: | NY (tidlegare del av BN00018485) |
| Naturtype: | F01 Rik edellauvskog |

Delnaturtype: F0106 Gråor-almeskog
Verdi: B
Feltsjekk: 12.10.2016
Stadkvalitet: 4

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten var del av ein tidlegare svært stor lokalitet skildra av Aune (2005a), Almbergliene (BN00018485) som her vert foreslått sletta fordi han var svært heterogen og ikkje samsvara med kartleggingsreglane. Den nye lokaliteten er skildra av John Bjarne Jordal 12.12.2016, basert på eige feltarbeid 12.10.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Lokaliteten ligg inni den svært store naturbaselokaliteten Almbergliene (BN00018485) som her vert foreslått sletta fordi han var svært heterogen og ikkje samsvara med kartleggingsreglane.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei middels bratt, sørvendt lise vest for Nestu Almberg. Han grensar til gråor-heggeskog, til dyrka mark og granplantefelt. Berggrunnen består av granittisk gneis (www.ngu.no). Lausmassane består av morene (sand, grus og stein) og litt rasmateriale. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonssesjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er rik edellauvskog med alm og hassel. Delnaturtype er gråor-almeskog. Vegetasjonen er dominert av dels låge urter og dels høgstauder eller skogburkne. Av tre- og buskslag vart det notert alm (VU, dels styva, største diam. ca. 80 cm), bjørk, gran, gråor, hassel, hegg, rogn, selje.

Artsmangfald: Av planter vart det notert m.a. kratthumbleblom. Utval av lav, mosar og sopp på grov alm: almelav (NT), almekolsopp (NT).

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med litt daudt trevirke, nokre gamle og grove tre av styva alm med mange holrom og grov bork. Litt borkgnag av hjort observert.

Framande artar: Ingen registrerte bortsett frå gran.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera minst muleg påverka. Særleg viktig er det å spara dei gamle styvingstrea, og la ein del ustyva almer bli gamle.

Del av heilskapleg landskap: Rik edellauvskog med alm og hassel finst spreidd fleire stadar i dei solvendte liseidene i distriktet.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein rik edellauvskog med avgrensa plantemangfald knytt til edellauvskog, men nokre edellauvskogsartar av sopp og lav på gammal alm. Han får derfor verdi B (viktig).

16027 Tørsetlia, Skjennstøet

Kommune: Rindal
IID: NY (tidlegare del av BN00018485)
Naturtype: F01 Rik edellauvskog
Delnaturtype: F0103 Rikt hasselkratt
Verdi: C
Feltsjekk: 12.10.2016
Stadkvalitet: 4

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten var del av ein tidlegare svært stor lokalitet skildra av Aune (2005a), Almbergliene (BN00018485) som her vert foreslått sletta fordi han var svært heterogen og

ikkje samsvara med kartleggingsreglane. Den nye lokaliteten er skildra av John Bjarne Jordal 12.12.2016, basert på eige feltarbeid 12.10.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei middels bratt, sørvendt lisode nedanfor gardsvegen til Almberg. Han grensar til veg i øverkant, og til dyrka mark i aust og sør. Berggrunnen består av granittisk gneis (www.ngu.no). Lausmassane består av morene (sand, grus og stein). Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er rik edellauvskog med mykje hassel, og litt alm i ei mindre bekkekløft. Delnaturtype er rikt hasselkratt. Feltskiktet er svak lågurt-vegetasjon. Av tre- og buskslag vart det notert alm (VU, ustyva, opptil 50 cm diam.), bjørk (50 cm), furu (sparsam), gråor (45 cm), hassel, hegg, rogn, selje (40 cm).

Artsmangfald: Av planter vart det notert hengjeaks, kratthumleblom, lundrapp, markjordbær, skogfiol, tågebær.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med lite daudt trevirke. Han har vore beita.

Framande artar: Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera minst muleg påverka. Særleg viktig er det å spara dei gamle styvingstrea, og la ein del ustyva almer bli gamle.

Del av heilskapleg landskap: Rik edellauvskog finst spreidd fleire stadar i dei solvendte lisdene i distriktet.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein rik edellauvskog med eit svært avgrensa plantemangfald knytt til slik skog, og lite daudt trevirke. Han får derfor verdi C (lokalt viktig).

16028 Tørsetlia nedre

| | |
|----------------------|----------------------------------|
| Kommune: | Rindal |
| IID: | NY (tidlegare del av BN00018485) |
| Naturtype: | D12 store gamle tre |
| Delnaturtype: | D1202 skjøtta/styva |
| Verdi: | B |
| Feltsjekk: | 12.10.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten var del av ein tidlegare svært stor lokalitet skildra av Aune (2005a), Almbergliene (BN00018485) som her vert foreslått sletta fordi han var svært heterogen og ikkje samsvara med kartleggingsreglane. Den nye lokaliteten er skildra av John Bjarne Jordal 12.12.2016, basert på eige feltarbeid 12.10.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei middels bratt, sørvendt lisode ned mot vegen nedanfor Tørsetlia, aust for Almdalen. Han grensar dels til veg i nedkant, til dyrka mark i aust og granplantefelt fleire stader. Berggrunnen består av granittisk gneis (www.ngu.no). Lausmassane består av morene (sand, grus og stein) og litt rasmateriale. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten består av spreidde styva almer (truleg nokre titals) som står i ei li som er meir eller mindre tilplanta med gran. Naturtypen er derfor sett til store, gamle tre av delnaturtype skjøtta/styva. Vegetasjonen er dominert av låge urter og høgstauder. Av tre- og buskslag vart det notert alm (VU, dels styva, største diam. ca. 100 cm), bjørk, gran, gråor, hassel, hegg, rogn, selje.

Artsmangfald: Av planter vart det notert harematt, hengjeaks, hundekveke, kratthumleblom, lundrapp, skogsvinerot, storklokke, strutsvegg, torhjelm, trollbær. Utval av lav, moser og sopp på grov alm: almelav (NT), bleik skribelav, almekolsopp (NT), riflesprekksopp, almeteppepose, glansmose, piskraggmose.

Bruk, tilstand og påverknad: Edellauvskogen har vore uthogd med unntak av gamle og grove tre av styva alm med mange holrom og grov bork. Tilplanta med gran av varierende alder og tettleik som er i ferd med å skugga ut dei gamle trea.

Framande artar: Ingen registrerte bortsett frå gran.

Skjøtsel og omsyn: Det hadde vore ønskeleg å fjerna det meste av granene som skuggar for styvingstre av alm. Mest viktig er det å ta vare på dei gamle styvingstrea, og la ein del ustyva almer bli gamle.

Del av heilskapleg landskap: Store, gamle styvingstre av alm finst hist og her elles i distriktet.

Verdivurdering: Lokaliteten har mange gamle styvingstre av alm, med nokre edellauvskogsartar av sopp og lav, dels raudlisteartar, på gammal alm. Lokaliteten er likevel svært påverka av planta gran som etter kvart vil ta livet av styvingstrea. Han får derfor verdi B (viktig).

16029 Hundredalerbakken, SV for Oppigarden Alberg

| | |
|----------------------|----------------------|
| Kommune: | Rindal |
| IID: | BN00018487 |
| Naturtype: | F01 Rik edellauvskog |
| Delnaturtype: | F0106 Gråor-almeskog |
| Verdi: | A |
| Feltsjekk: | 12.10.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten (BN00018487) er skildra tidlegare av Aune (2005a, feltarbeid 2002) og Bendiksen (2016, feltarbeid 31.08.2015). Avgrensing og skildring er seinare litt endra og supplert av John Bjarne Jordal 12.12.2016, basert på eige feltarbeid 12.10.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007).

Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Lokaliteten vart undersøkt fordi han låg inni den svært store naturbaselokaliteten Albergliene (BN00018485) som her vert foreslått sletta fordi han var svært heterogen og ikkje samsvara med kartleggingsreglane.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg SSV for Oppigard Alberg i ei bratt, sørvendt li vest i Rindal. Berggrunn: grønnstein, amfibolitt. Skogholtet ligg som ei øy i kulturlandskapet, og grensar til dyrka mark i nedkant og øverkant, og til bekkekløft i aust. Det er inkludert nokre styvingstre av alm som ligg litt utpå enga. Lausmassane består av morene (sand, grus og stein). Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er rik edellauvskog.

Delnaturtype er gråor-almeskog. Lokaliteten har spesielt mange og velutvikla hasselkratt. Det er mykje alm (VU, dels styva, største omkrets 452 cm, ustyva opptil 228 cm), men dei fleste

med relativt ungt preg. Det er også nokre grovare grantre, elles gråor, bjørk, hegg (opptil 40 cm), selje (dels styva) og rogn. Vanlege artar i feltsjikt er skogburkne, bringebær, og skogstorkenebb. Skogbunnen har mykje naken jord, men også parti med mosedekning, m.a. lundveikmose, skogfagermose, stor tujamose og sprikelundmose.

Artsmangfald: Av planter vart det notert m.a. kratthumbleblom. Utval av lav, moser og sopp på grov, styva alm (om ikkje anna er nemnt): almelav (NT), almelundlav, bleikdoggnål (NT), blådoggnål (VU), klosterlav (NT), ospeoransjelav, almekolsopp (NT), flatkjuke, *Kirschsteiniotelia aethiops*, *Lasiobelonium lonicerae*, narrepiggsopp, riflesprekksopp, elles seljekjuka på selje.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er dels middelaldrande, men med nokre gamle og grove tre av styva alm med mange holrom og grov bork og dessutan litt daudt trevirke (m.a. almelæger og -høgstubbar). Området vert beita av sau. Nokre planta graner i vestre del.

Framande artar: Ingen registrerte bortsett frå gran.

Skjøtsel og omsyn: Særleg viktig er det å ikkje hogga ned dei gamle styvingstrea, og la ein del ustyva almer bli gamle, så lav- og soppartar knytt til grov alm kan hoppa over på dei. Ein bør ikkje planta meir gran.

Del av heilskapleg landskap: Rik edellauvskog med alm og hassel finst spreidd fleire stadar i dei solvendte lisidene i distriktet. Det same gjeld gamle styva almetre.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein rik edellauvskog med avgrensa plantemangfald knytt til edellauvskog, men eit betydeleg artsomfang av edellauvskogsartar av sopp og lav, dels raudlisteartar, på gammal alm og daud ved av alm. Han får derfor verdi A (svært viktig).

16030 Almdalen ved Almberg

| | |
|----------------------|----------------------------|
| Kommune: | Rindal |
| IID: | BN00057964 |
| Naturtype: | F09 Bekkekløft og bergvegg |
| Delnaturtype: | F0901 Bekkekløft |
| Verdi: | B |
| Feltsjekk: | 12.10.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleing: Lokaliteten er tidlegare skildra av Bendiksen (2013) basert på feltarbeid 03.09.2008. Han er seinare supplert av John Bjarne Jordal 12.12.2016 (hovudsakeleg utvida avgrensing oppover i kløfta), basert på eige feltarbeid 12.10.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, og fekk avgrensinga utvida i øverkant. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Lokaliteten vart undersøkt fordi han låg inni den svært store naturbaselokaliteten Almbergliene (BN00018485) som her vert foreslått sletta fordi han var svært heterogen og ikkje samsvara med kartleggingsreglane.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten utgjer ei kort, men relativt markert bekkekløft i den bratte og sørvendte lisida ned mot hovuddalføret vest i Rindal, aust for Svorklia naturreservat. Kløfta ligg parallelt med Svorka, ca 1 km nordaust for denne, mellom gardane Almberg og Tørsetlia. Berggrunnen er grønstein/grønnskifer. Han er avgrensa i nedre del mot areal der det er tilplanta med gran, i øvre del mot kløftkantane der ein kjem over i edellauvskog og dyrka mark. Kløfta er bratt og vanskeleg tilgjengeleg. Lausmassane består mest av rasmateriale. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonssesjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er bekkekløft (skogsbekkekløft etter nyare metodikk) med ein del alm. Lokaliteten har på alle måtar mykje til felles med Svorka, både den djupe nedskjeringa i lia med grovsteina botn og bratte sider og edellauvskog med styva alm i eit gammalt kulturlandskap oppe på sidene. Forutan alm (VU) av ulike dimensjonar inngår også stor bjørk, rogn, hassel og hegg. Bekkekant og sider består av frodig høgstaudevegetasjon. Artar som storklokke og strutseveng kan ulike steder vera sterkt dominerande. Lauvskogen vest for søkket har delvis lågurtpreg, der skogsveve og ormetelg er viktige mengdeartar.

Artsmangfald: Skogsvinerot, torhjelm, skogstjerneblom, springfrø, skogburkne, stornesle, gaukesyre og trollbær er vanlege. Vidare kan nemnast mjødurt, enghumbleblom, stankstorkenebb, vendelrot, hundekveke, raud jonsokblom, sumphaukeskjegg, skogstorkenebb, krattmjølke og trollurt. Det er også parti med klar dominans av storklokke, og elles artar som skogstjerneblom, enghumbleblom m.fl. Også skogvikke vart observert.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med litt daudt trevirke, og få gamle og grove tre. Stort sett liten påverknad i kløfta. Noko planta gran i nedre del ned mot vegen.

Framande artar: Ingen registrerte bortsett frå gran.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera minst muleg påverka.

Del av heilskapleg landskap: Bekkekløfter med edellauvskog er sparsame i distriktet.

Verdivurdering: Lokaliteten er ei velutvikla bekkekløft med eit relativt avgrensa mangfald. Han får derfor verdi B (viktig).

16031 Hellesylt-Karbøen

| | |
|----------------------|-----------------------|
| Kommune: | Stranda |
| IID: | BN00008366 |
| Naturtype: | F07 Gammel lauvskog |
| Delnaturtype: | F0703 Fuktig kystskog |
| Verdi: | B |
| Feltsjekk: | 04.10.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er skildra av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning 31.01.17, delvis basert på eige feltarbeid 4.10.16 som del kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på vegne av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Dette er ein revisjon av ein lokalitet som tidlegare er kartlagt av Holtan & Grimstad (2001) 13.08.2000. Skildringa er no supplert med nye opplysningar og avgrensinga litt redusert, hovudsakleg truleg som følgje av betre kartgrunnlag og flyfoto. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0 i skala 1:5000. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg under Nakken, fjellknausen rett sør for Hellesylt sentrum. Det er prat om ei vestvendt li, der lokaliteten grenser mot ei kraftline og gamle hogstflater i vest, mot fattigare og noko yngre skog i nord, yngre skog i sør og fattigare skog opp mot fjellet i aust. Berggrunnen verkar nokså kalkfattig. Det er berre små bergveggar i lia og små innslag av skogkledd blokkmark.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Som også Holtan & Grimstad (2001) observert, så er det mest frisk til fuktig blåbærskog (dels det som tidlegare vart skilt ut som småbregneskog). I tillegg er det litt innslag av storbregneskog her (kanskje vel 5%), dels i overgang mot svak høgstaudeskog her (med bl.a. kvitbladtistel), samt ein del svak lågurtskog (anslag kanskje 20%, med artar som teiebær, skogfiol og markjordbær). Bergveggane er kalkfattige.

Artsmangfald: Bjørk er dominerande treslag (over 50%), men det er også ein del furu (rundt 25%). I tillegg meir sparsamt med rogn, selje, gråor, hegg og osp i nedre delar i nord. Feltsjiktet er stort sett ikkje spesielt rikt, men i eit fuktsig over eit bergflåg i sør vart det funne sparsamt med gulstorr og dvergjamne. Holtan & Grimstad (2001) nemner mykje bjønnekam og smørtelg, samt vanlege artar i slik skog som dette, med blåbær, fugletelg, hengjeveng, kvitsymre, rome og røsslyng. I tillegg fann dei knerot og olavsstake, som er mindre vanlege artar i distriktet. Det vart ikkje gjort nye, interessante karplantefunn i 2016, og potensialet for slike er avgrensa. Derimot vart det gjort eit funn av knappenålslaven kystdoggnål (NT) på ei gammal bjørk, truleg også dverggullnål på bjørk, samt at skrubbenever vart registrert sparsamt på gamle lauvtre og skrukkelav funne på ein bergvegg. 1-2 funn vart gjort av rutetømmersopp på furulæger. Holtan & Grimstad (2001) nemner elles at området er hekkeplass for gammalskogsartane dvergspett og kvitryggspett, samt at det her skal være registrert austlege, sjeldsynte artar som sporveugle og perleugle (Per I. Karbø pers. med.). Det er potensial for fleire krevjande arter her, særleg om skogen får stå i fred framover.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er nok for det meste i ein gammalskogfase. Det er innslag av grove furutre i sørlege delar, inkludert ein del daudt trevirke, men da mest som ganske ferske læger (opp mot 50-60 cm i dbh) og einskilde gadd. I snitt truleg 3-5 læger/daa, men lokalt ein del meir. Det er framleis ikkje så mykje gamle lauvtre her, og sparsamt med daudt trevirke av desse. Ein god del sølvbunke og andre gras vitnar om tidlegare mykje husdyrbeite, noko som det er lite av no.

Framande artar: Det er planta ein del norsk gran i nærleiken og dels litt innanfor lengst nord. Litt spreiding vart også funne innanfor lokaliteten.

Skjøtsel og omsyn: Alle former for hogst av stadeigne treslag vil kunne redusere naturverdiane. Derimot vil det beste vere om framande treslag som norsk gran vert fjerna, både innanfor og nær inntil lokaliteten.

Del av heilskapleg landskap: Det er litt meir eldre skog oppover dalføret her, samt at ein høgare oppe i liane finn mykje halvgammal bjørkeskog. Tilsvarande miljø i låglandet er derimot sjeldsynte i regionen.

Verdivurdering: Lokaliteten må reknast som ganske godt utvikla med ein del gamle og daude tre, samtidig som det førekjem sjeldsynte og dels raudlista artar knytt til slik skog. Verdien som viktig – B vert difor oppretthalden.

16032 Grøvu: Klavura nord for Svorundøya

| | |
|----------------------|----------------------|
| Kommune: | Sunndal |
| IID: | BN00020533 |
| Naturtype: | F01 Rik edellauvskog |
| Delnaturtype: | F0106 Gråor-almeskog |
| Verdi: | B |
| Feltsjekk: | 31.08.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Jordal (2004, basert på opplysningar frå Jarle Holten, befart 18.09.1979). Han er seinare revidert av John Bjarne Jordal 12.12.2016, basert på eige feltarbeid og avstandsbetraktning utført 31.08.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten BN00020533 blir her vidareført med justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei bratt, søraustvendt lisode med rasmarker og raspåverka edellauvskog ned mot elva ved Klavura nord for Svorundøya og overfor Børstølen, på vestsida av Grøvu sør for Gjøra. Han grensar til steinur og til elva i nedkant, bratte berg i øverkant og annan skog i sør og nord. Avgrensinga er basert på avstandsbetrakting, feltbefaring og ortofoto. Berggrunnen består av granitt og granittisk gneis (www.ngu.no). Lausmassane består av morene (sand, grus og stein) og rasmateriale. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i overgangsseksjonen (OC), og har eit tørt og varmt klima.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg rik edellauvskog. Delnaturtype er gråor-almeskog. Vegetasjonen er dominert av lågurter og høgstauder, og litt store bregner. Av tre- og buskslag vart det notert alm (VU), bjørk, einer, furu, gråor, hassel, hegg, hengjebjørk, osp, rogn, selje. Stein- og snøras set preg på vegetasjonen mange stader.

Artsmangfald: Av planter kan nemnast brunrot, dvergmispel, engsnelle, fingerstorr, firblad, hengjeaks, hundekveke, kanelrose, klokkevintergrøn, kranskonvall, kransmynte, krattfiol, kratthumleblom, kvitmaure, liljekonvall, lintorskemunn, lodnebregne, lundrapp, markjordbær, maurarve, myske, myskegras, piggstorr, rustjerneblom, skogfiol, skogstjerneblom, skogsvinerot, skogvikke, småbergknapp, stankstorkenebb, sølvmure, trollbær, tystast, tågebær og vårerteknapp. I 1978 også bakkemynte, bergmynte, blankbakkestjerne, dunkjempe, dvergmispel, filtkongsløys, fjellnøkleblom, humle, lodneperikum og tårnurt. Lav på alm: *Anisomeridium polypori*, lodnevrenge, lungenever og skrubbenever. I 1978 også brun blæreglye, grynfiltlav og kystårenever. Mosar på alm: broddtråklepose, ekornmose, gulband, ospemose, putehårstjerne; elles labbmose. Sopp: almebroddsopp (VU) (på alm), hareøre, rotgråhatt.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med litt daudt trevirke, og få gamle og grove tre. Tidlegare truleg vedhogst og beiting, no lite kulturpåverka.

Framande artar: Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera minst muleg påverka.

Del av heilskapleg landskap: Rik edellauvskog med alm og hassel finst spreidd fleire stadar i dei bratte lisdene i øvre Sunndalen.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein rik edellauvskog med eit avgrensa mangfald av edellauvskogsartar, men ein del austlege tørreng- og tørrbergartar. Han får derfor verdi B - viktig.

16033 Gjøra: Mardøla-Saudalen

| | |
|----------------------|----------------------|
| Kommune: | Sunndal |
| IID: | BN00020522 |
| Naturtype: | F03 kalkskog |
| Delnaturtype: | F0303 kalkbjørkeskog |
| Verdi: | A |
| Feltsjekk: | 06.09.2016 |
| Stadkvalitet: | 3 |

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Jordal (2004, basert på Jarle Holten sine befaringar m.a. 13.05. og 09.08.1975, jf. Holten 1977 med mange prikkart for spesielle artar). Han er seinare revidert av John Bjarne Jordal 12.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 06.09.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for

naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten BN00020522 blir her vidareført med justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei nordaustvendt lisode sørvest for Hjelle øvst i Sunndalen. Han grensar til gråorskog og granplantefelt i nedre del, til annan skog (ikkje undersøkt) elles. Berggrunnen består av glimmerskifer, grantaglimmerskifer og glimmergneis (www.ngu.no). Lausmassane består av morene (sand, grus og stein) og rasmateriale. Lokaliteten ligg i sør- til mellomboreal vegetasjonssone (SB/MB) og dessutan i overgangsseksjonen (OC). Avgrensinga er upresis pga. dårleg ortofoto (fjellskugge). Ein ser t.d. ikkje granplantefelta, og ein ser heller ikkje kvar skogen går over i buskmark i øvre del. Dette er forsøkt kompensert ved avstandsbetraktning. Holten (1977) sine prikkart er også nytta som støtte i avgrensinga.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg kalkskog. Delnaturtype er kalkbjørkeskog. Av tre- og buskslag vart det notert alm (VU, spreidd nedre deler, største omkrets 146 cm), bjørk (største diam. 50 cm), furu, gran, gråor (dominerande nedre deler, største diam. 50 cm), hassel, hegg, osp, rogn (største diam. 45 cm), selje. Litt gråor-heggeskog med høgstauder i nedre deler og ved den raspåverka Saudalen, spreidd med alm og hassel litt ovanfor gråorskogen og sørover til Saudalen, elles mest rik lågurtbjørkeskog i mosaikk med basekrevande berg/rasmarksvegetasjon og innslag av rik fjellvegetasjon (Saudalen). Området er vegetasjonskartlagt og floristisk kartlagt av Holten (1977). Trass i eksposisjonen har området varmekjær vegetasjon og flora, truleg pga. trøngt dalføre og kort avstand til den sterkt soleksponerte lia på nordaustsida av dalen. Stein- og snøras set preg på vegetasjonen mange stader.

Artsmangfald: Av planter i 2016 kan nemnast aurikkelsvæve, dunhavre, fingerstorr, firblad, gulsildre, hengjeaks, hundekveke, kranskonvall, kratffiol, kratthumbleblom, kvitbladtistel, kvitmaure, kvitsoleie, liljekonvall, lundrapp, markjordbær, myske, raud jonsokblom, raudknapp, skogfiol, skogsalat, skogstjerneblom, skogsvinerot, strandrøyr, strutsvegg, torhjelm, trollbær, trollurt, turt, tysbast, tågebær, vårerteknapp. Einaste funnet i fylket av dalfiol (VU) i rik, noko beita gråorskog (1975), men noko uviss stadfesting. I 1975 også brunrot, dvergmispel, firblad, fjellfiol, fjell-lok, fjelltistel, furuvintergrønn, gullstjerne, gulstorr, hassel, humle, korsknapp, kranskonvall, kransmynte, lerkespore, lodden vaniljerot, lodneperikum, piggstorr, springfrø, storklokke, storrap, sumphaukeskjegg, sølvmore, taggbregne, tårnurt, vårmarihand. I Saudalen (1975) var det mange kalkkrevande fjellplanter, og rasmarksartar i kombinasjon med varmekrevande artar: berggull, bergskrinneblom, bergstorr, brudespore, dubbestorr, engtjørebloom, fjellnøkleblom, fjellodnebregne, fjelllok, fjellrundbelg, flekkmore, grønburkne, grønkurle, gullmyrklegg, gulmjelt, hårstorr, norsk malurt, rukkevier, skavgras, skoresildre, sotstorr, svartstorr, svarttopp. Sopp i skogen 2016: bjørkevokssopp, kantarellvokssopp, kjeglevokssopp, lodden begermorkel, stankmusserong.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med litt daudt trevirke, og nokre eldre og grove tre. Tidligere utmarksslått og beiting. Vedhogst i nedre deler. Planta gran på ryggen ovanfor Hjelle.

Framande artar: Ingen registrerte med unntak av gran.

Skjøtsel og omsyn: Verdiane i kalkskog er knytt til det kalkrike jordsmonnet i samspel med treslaga som veks der. Det er stort potensial for kalkkrevande soppartar. Ein bør unngå treslagskifte og flatehogst. Raudlistearten dalfiol er avhengig av kalkrik gråorskog.

Del av heilskapleg landskap: Kalkskog er sjeldan i fylket, men førekjem på mindre areal i øvre Sunndalen, m.a. Gjøråhaugen naturreservat i nærleiken.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein kalkskog med stort artsomangfald, og potensiale for fleire artar. Han får derfor verdi A (svært viktig).

16034 Sunndalen: Furuøran

| | |
|----------------------|---------------------|
| Kommune: | Sunndal |
| IID: | BN00020450 |
| Naturtype: | F05 gråor-heggeskog |
| Delnaturtype: | F0501 flommarkskog |
| Verdi: | B |
| Feltsjekk: | 30.05.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Jordal (2004, basert på Austrheim (1991) og eige besøk 24.06.2002). Han er seinare revidert av John Bjarne Jordal 12.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 30.05.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten BN00020450 blir her vidareført med små justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på ei elveslette skapt av elva Driva sør for vegen ved Furu i Sunndalen, nord for elva. Han startar nær riksvegen og går langs elva rundt heile innersvingen. Han grensar til elva med opne grusøyrrer i sør og vest, til bustadfelt og dyrka mark elles. Berggrunnen i området består av grovkorna granittisk gneis, augegneis og gneisgranitt (www.ngu.no). Lausmassane består av elvetransportert materiale. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og dessutan i svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1). Lokaliteten utgjer eit dynamisk miljø med flomskog, sumpar og dammar. Ei bakevje ved riksvegen synest å vera særleg interessant. Variert kornstorleik, parti med finsand kan vera aktuelle for meir kravfulle billeartar knytt til elvesand (m. a. ved MQ 8010 4795).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg gråor-heggeskog. Delnaturtype er flommarkskog. Ei mindre elveøyrr er inkludert, sidan det er eit dynamisk miljø som heng saman. Av tre- og buskslag vart det notert bjørk, gråor, hegg, raudhyll. Dominerande i feltskiktet var m.a. skogstjerneblom. Ein smal brem av vier mot elva somme stader. Gråor opp til 15 m høg og 30 cm i stammediameter. Overgangar mot sumpvegetasjon, dels med finsediment og potensiale for kortskuddstrand (O1) i bakevje/bekkeutløp mot riksvegen.

Artsmangfald: Av planter kan nemnast bekkekarse, engsnelle, raud jonsokblom, skvallerkål, småborre, skogkarse, hestehov, hønsegras, skogsvinerot, springfrø, strandrøyr. Sumpar med åkermynte, krypkvein, myrmaure m.m. Elveøyrr med klåved (NT) (særleg ved MQ 8019 4776), elles fjellvalmue, aurskrinneblom, rundskolm, brønnskarse, fjellsyre, fjellrapp, blårapp, raudknapp, reinfann, setermjelt. Hekkande vipe (EN) på elveøyrr i 2002.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er dels middelaldrande med litt daudt trevirke, somme stader har det vore hogd ved relativt nyleg. Påverka av bustadfelt, vegar, kraftlinjetrasé mm.

Framande artar: Det vart registrert raudhyll (HI - høg risiko) med ein del spreining.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er at elva formar lokaliteten med minst muleg inngrep. Det er ønskjeleg med fjerning av framande artar.

Del av heilskapleg landskap: Flommarkskogar er utbreidd langs Driva i heile Sunndalen, særleg på strekninga Sunndalsøra-Grøa. Men desse miljøa er under press av ulike aktivitetar, og arealet av intakt flommark går gradvis ned.

Verdivurdering: Området får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein større flommarkskog med delvis intakt flompåverknad, men og ein del inngrep. Lokaliteten bør sjåast som del av eit viktig flommarksmiljø mellom Sunndalsøra og Grøa.

16035 Sunndalen: Hagen

| | |
|----------------------|----------------------|
| Kommune: | Sunndal |
| IID: | BN00020506 |
| Naturtype: | F01 Rik edellauvskog |
| Delnaturtype: | F0106 Gråor-almeskog |
| Verdi: | A |
| Feltsjekk: | 06.09.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Jordal (2004, basert på besøk av Jarle Holten 06.09.1978). Han er seinare revidert av John Bjarne Jordal 12.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 06.09.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten BN00020506 blir her vidareført med justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei bratt, sørvestvendt lisode med steinurer, og berg ovanfor. Han grensar til gråorskog og opne steinurer i nedkant og bratte berg i øverkant, elles til annan skog. Berggrunnen består av ikkje inndelt gneis (www.ngu.no). Lausmassane består av morene (sand, grus og stein) og rasmateriale. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og dessutan i overgangsseksjonen (OC), dvs. eit tørt og varmt klima.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg rik edellauvskog på rasmark, men det finst også open ur og rasmark. Delnaturtype er almlindeskog, dominert av alm, hassel og hengjebjørk. Vegetasjonen er dominert av låge urter og litt høgstauder. Av tre- og buskslag vart det notert alm (VU, ustyva, største omkrets 157 cm), bjørk, gråor, hassel, hegg, hengjebjørk (opptil 55 cm diam.), osp, rogn, selje. Stein- og snøras set preg på vegetasjonen mange stader.

Artsmangfald: Av planter kan nemnast bergfrue, brunrot, burot, filtkongsløys, fingerstorr, firblad, hengjeaks, humle, hundekveke, kranskonvall, kransmynte, krattfiol, kratthumleblom, kvitmaure, liljekonvall, lintorskemunn, lodnebregne, lundrapp, markjordbær, myske, prikkperikum, skogfiol, skogsalat, skogsvinerot, skogvikke, stankstorkenebb, storklokke, svartburkne, taggbregne, torhjelm, trollbær, vårerteknapp. I 1978 også bakkemynte, dvergmispel, lodneperikum, piggstorr, sibirbjønnekjeks, skogfaks og svarterteknapp. Dessutan usikker bakkeminneblom i 1978, ein svært sjeldan art i fylket. Lav på gammal alm: almelundlav, klosterlav (NT), lungenever. Mosar på alm: gulband, ospemose, reipmose. Sopp: almekolsopp (NT), riflesprekksopp og *Amphisphaeria umbrina* (DD) (på alm) og puddertraktsopp.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med litt daudt trevirke, men få gamle og grove tre.

Framande artar: Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera minst muleg påverka.

Del av heilskapleg landskap: Rik edellauvskog med alm og hassel er vanleg i Sunndalen.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein rik edellauvskog med eit dokumentert stort mangfald av edellauvskogsartar, og elles med eit godt utval rasmarks- og tørrbergartar. Han får derfor verdi A - svært viktig.

16036 Sunndalen: Hoås: Geithamran

| | |
|---------------|----------------------|
| Kommune: | Sunndal |
| IID: | BN00020586 |
| Naturtype: | F01 Rik edellauvskog |
| Delnaturtype: | F0105 alm-lindeskog |
| Verdi: | A |
| Feltsjekk: | 30.09.2016 |
| Stadkvalitet: | 3 |

Beskriving

Innleing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Jordal (2004, basert på Korsmo 1975 og besøk av Jarle Holten 14.08.1979). Han er seinare revidert av John Bjarne Jordal 12.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 30.09.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten BN00020586 blir her vidareført med justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei bratt, sør- til sørvestvendt og raspåverka liside under Hoåsnebbå ved Hoås i Sunndalen, frå Geithamran og vestover mot Torskelykkja. Han grensar til gråorskog og annan kulturpåverka skog i nedre deler, elles til steinur og bratte berg. Berggrunnen består av grovkorna granittisk gneis, augegneis og gneisgranitt (www.ngu.no). Lausmassane består av morene (sand, grus og stein) i nedre deler og elles i hovudsak rasmateriale. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og dessutan i svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1), dvs. eit varmt klima.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg rik edellauvskog med ein del hassel, alm og hengjebjørk. Delnaturtype er alm-lindeskog. Av tre- og buskslag vart det notert alm (VU, ustyva, største omkrets 258 cm), bjørk, furu, gråor, hassel, hegg, platanlønn, rogn, selje, øyrevier. Vegetasjonen er dels prega av låge urter, dels av høgstauder. Stein- og snøråset preg på vegetasjonen mange stader, og det er ein del ur i skogbotnen.

Artsmangfald: Av planter kan nemnast breiflangre, broddtelg, bukkeblad, dunhavre, enghumleblom, fingerstorr, flaskestorr, gjeldkarve, hengjeaks, humle, hundekveke, kjempesvingel, krattfiol, kratthumleblom, kvitmaure, lundrapp, markjordbær, myrhatt, myske, piggstorr, skogfiol, skogsnelle, skogstjerneblom, skogsvinerot, småborre, stankstorkenebb, storklokke, strutsvegg, svartburkne, taggbregne, torhjelm, trollbær, trollurt. I 1978 også bergrøyrkvein, brunrot, dvergmispel, engtjæreblom, firblad, gullstjerne, kransmynte, krossved, lerkespore, lodneperikum, maigull, mørkkongslis, prikkperikum, sanikel, skogfaks, skogvikke, storapp, tårnurt, villauk, vårerteknapp, vårskrinneblom. Lav på gammal alm 2016: *Anisomeridium polyperi*, *Eopyrenula leucoplaca*, *Lecania cyrtella*, almelundlav, blyhinneblom, klosterlav (NT). Mosar på alm 2016: putevrimose, tepperaggmose. Sopp på gammal alm 2016: almekolsopp (NT), *Amphisphaeria umbrina* (DD), *Chlorostroma vestlandicum* (EN), *Eutypella stellulata* (VU), lauvborkskorpe (NT), lønnekjuke, narrepiggssopp, riflesprekksopp og *Teichospora obducens*; elles hasselkolsopp og vifteryngesopp på hassel. Det er funne hekkande dvergspett og territoriehevdande par av kvitryggspett på 1980-talet (kjelde: Oddvar Hanssen).

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er raspåverka og middelaldrande med ein del dautt trevirke, og noko gamle og grove tre. Iallfall tidlegare beite, litt vedhogst i nedre del. Det er generelt lite påverknad i dag. Ein del borkgnag av hjort på alm.

Framande artar: Det vart registrert platanlønn (SE - svært høg risiko) som spreier seg i nedre deler.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera minst muleg påverka. Det er ønskjeleg med fjerning av framande artar.

Del av heilskapleg landskap: Rik edellauvskog med alm og hassel er vanleg i Sunndalen.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ein stor og velutvikla edellauvskog med stort artsinventar av varmekjære artar, mange og dels høgt raudlista soppartar på alm, og truleg potensiale for mange varmekrevande insektartar.

16037 Sunndalen: Hoåsbrekka

Kommune: Sunndal
IID: BN00020468
Naturtype: F06 rik sumpskog
Delnaturtype: F0601 rik sumpskog
Verdi: A
Feltsjekk: 30.09.2016
Stadkvalitet: 4

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Jordal (2004, besøkt av J.I. Holten pers. medd. 1979 el. 1990). Han er seinare revidert av John Bjarne Jordal 12.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 30.09.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten BN00020468 blir her vidareført med justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i eit flatt område i den sørvendte lisida ved Hoåsbrekka i Sunndalen. Han grensar til myr, sauebeite og edellauvskog/gråorskog.

Berggrunnen består av grovkorna granittisk gneis, augegneis og gneisgranitt (www.ngu.no). Lausmassane består av morene (sand, grus og stein) og litt myrortov. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og dessutan i svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er rik sumpskog med mykje svartor, påverka av høgt grunnvatn som har å gjera med bekker og grunnvassframspring i lifoten. Delnaturtype er rik sumpskog. Av tre- og buskslag vart det notert svartor (stadvis dominerande, diam. opptil 50 cm), gråor, hegg, børk, hassel, rogn, øyrevier, samt ei alm (VU, ca. 50 cm diam.).

Artsmangfald: Av planter kan nemnast broddtelg, bukkeblad, flaskestorr, enghumleblom, mannasøtgras, myrhatt, myrsnelle. J.I. Holten oppgav også maigull og skogkarse.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med litt daudt trevirke, og få gamle tre. Beita av sau. Litt spor etter hogst.

Framande artar: Ingen registrerte, men platanlønn (SE – svært høg risiko) vart funnen like i nærleiken.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera minst muleg påverka, særleg må ein ikkje grøfta eller gjera andre ting som påverkar den hydrologiske balansen.

Del av heilskapleg landskap: Sumpskog med svartor finst nokre få stader i Sunndalen, typen nærmar seg nordgrensa si.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (viktig) på grunn av at det er ein større, velutvikla og intakt sumpskog med svartor, som også er regionalt sjeldan.

16038 Sunndalen: Hoåslykkja

Kommune: Sunndal

IID: BN00020469
Naturtype: F01 Rik edellauvskog
Delnaturtype: F0105 Alm-lindeskog
Verdi: A
Feltsjekk: 27.09.2016
Stadkvalitet: 4

Beskriving

Innleing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Jordal (2004, basert på besøk av Jarle Holten 01.06.1979). Han er seinare revidert av John Bjarne Jordal 12.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 27.09.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten BN00020469 blir her vidareført med justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei delvis bratt, sør- til sørvestvendt og raspåverka lise ved Hoåslykkja i Sunndalen, austover til Lauvåa. Han grensar til gråorskog og annan kulturpåverka skog i nedre deler, elles til steinur og bratte berg. Berggrunnen består av grovkorna granittisk gneis, augegneis og gneisgranitt (www.ngu.no). Lausmassane består av morene (sand, grus og stein) og rasmateriale. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og dessutan i svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg rik edellauvskog med alm, hassel, gråor og hengebjørk, somme stader oppbroten av steinur. Delnaturtype er alm-lindeskog. Av tre- og buskslag vart det notert alm (VU, ustyva, største omkrets 126 cm), bjørk, furu (få, opptil 65 cm diam.), gran, gråor, hassel, hegg, hengjebjørk, osp, platanlønn, raudhyll, selje. Dominerande i feltskiktet var låge urter, men også høgstauder og store bregner. Elles er det også innslag av rasmark, bergvegetasjon og kantkratt, delvis ein god del raspåverknad og uret i skogbotnen.

Artsmangfald: Av planter kan nemnast breiflangre, brunrot, fingerstorr, hengjeaks, hundekveke, kranskonvall, krattfiol, kratthumleblom, krossved, liljekonvall, lundrapp, mannasøtgras, myske, myskegras, skogfaks, skogfiol, skogsvinerot, skogvikke, stankstorkenebb, svartburkne, svarterteknapp, taggbregne, torhjelms, trollbær, tågebær, vårerteknapp. I 1979 vart det også funne bekkekarse, dvergmispel, engtjørebloom, humle, kjempesvingel, kransmynte, lerkespore, maigull, mørkkongsllys, piggstorr, prikkperikum, sanikel, skogkarse, skogsivaks, tårnurt, villøk, vårmarihand, vårskrinneblom. Lav på gammal alm: *Eopyrenula leucoplaca*, almelundlav, buskhinnelav, klosterlav (NT). Lav i 1979: brun blæreglye, kystpute, kystvrenge, kystårenever, lungenever. Mose på gammal alm: tepperaggmose. Sopp på gammal alm: almekolsopp (NT), riflesprekksopp, skrukkeøyre (NT), vrangpipe. Av fugl er det observert både kvitryggspett og vendehals, og kattugle har hekka (1980-talet, kjelde: Oddvar Hanssen), spettehakk på ospestubber også i 2016.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med litt daudt trevirke, men få gamle og grove tre. Det har vore beita tidlegare. Spor etter vedhogst.

Framande artar: Det vart registrert platanlønn (SE - svært høg risiko) og raudhyll (HI - høg risiko).

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera minst muleg påverka. Det er ønskjeleg med fjerning av framande artar.

Del av heilskapleg landskap: Rik edellauvskog med alm og hassel er vanleg i Sunndalen.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein større, rik edellauvskog med relativt stort artsamangfald av edellauvskogsartar inkludert fleire raudlisteartar. Han får derfor verdi A (svært viktig).

16039 Sunndalen: Holan

Kommune: Sunndal
IID: BN00020457
Naturtype: F06 rik sumpskog
Delnaturtype: F0601 rik sumpskog
Verdi: A
Feltsjekk: 30.05.2016
Stadkvalitet: 4

Beskriving

Innleing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Jordal (2004, besøkt 25.06.2002). Han er seinare revidert av John Bjarne Jordal 12.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 30.05.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007).

Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten BN00020457 blir her vidareført med justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på eit relativt flatt parti i sørvendt lisode ved Hoel i Sunndalen, på nordsida av riksvegen. Han grensar til gangveg langs riksvegen, og elles til annan skog. Berggrunnen består av grovkorna granittisk gneis, augegneis og gneisgranitt (www.ngu.no). Lausmassane består av morene (sand, grus og stein), bekketransportert materiale og litt torv. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og dessutan i svakt oseanisk vegetasjonssesksjon (O1).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er rik sumpskog med mykje svartor, påverka av høgt grunnvatn som delvis har å gjera med bekker og grunnvassframspring i lifoten. Delnaturtype er rik sumpskog. Av tre- og buskslag vart det notert alm (VU, ustyva), gråor, hegg, raudhyll, svartor (diam. opptil 30 cm). Dominerande i feltskiktet var skogsnelle, engsnelle, elvesnelle, myrmaure, broddtelg og mjøddurt.

Artsmangfald: Av planter kan nemnast bekkeblom, bekkekar, enghumbleblom, myske, skogkarse, skogrørkvein, skogstjerneblom, skogsvinerot, sumphaukeskjegg. Høyrte gulsongar.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med nokså lite daudt trevirke, og få gamle tre. Gang- og sykkelvegen langs riksveien har redusert lokaliteten, og endra noko på dei hydrologiske forholda. Ellers traktorveg, lunneplass og litt avfall i kanten.

Framande artar: Det vart registrert raudhyll (HI - høg risiko) som er i spreiding.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera minst muleg påverka, særleg må ein ikkje grøfta eller gjera andre ting som påverkar den hydrologiske balansen. Det er ønskjeleg med fjerning av framande artar.

Del av heilskapleg landskap: Sumpskog med svartor finst nokre få stader i Sunndalen, typen nærmar seg nordgrensa si.

Verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ein velutvikla og intakt rik sumpskog med svartor, som er regionalt sjeldan.

16040 Sunndalen: Kræksøra

Kommune: Sunndal
IID: BN00020461 (del)
Naturtype: F05 gråor-heggeskog
Delnaturtype: F0501 flommarkskog
Verdi: B
Feltsjekk: 14.10.2016
Stadkvalitet: 4

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Jordal (2004, basert på Austrheim (1991) og besøk 24.06.2002). Han er seinare revidert av John Bjarne Jordal 12.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 14.10.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten BN00020461 blir her sterkt forminska (delt i to), IID vert behalde på denne lokaliteten som får ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på ei elveslette skapt av elva Driva, på sørsida av elva vest for Leangen, og søraust for Hol. Han grensar til elva med opne grusøyrer i nord, til dyrka mark og annan skog elles. Ein bekk kjem ut i sør. Berggrunnen i området består av grovkorna granittisk gneis, augegneis og gneisgranitt (www.ngu.no). Lausmassane består av elvetransportert materiale. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og dessutan i svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg gråor-heggeskog. Delnaturtype er flommarkskog. Av tre- og buskslag vart det notert bjørk, furu, gråor, hegg, hengjebjørk (diam. opptil 60 cm), raudhyll, selje.

Artsmangfald: Av planter kan nemnast krossved, elles forvilla akeleie. Sopp: orekjuke på gråor.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med litt daudt trevirke og få gamle tre. M. a. noko stigar og fiskeplassar. Litt hogst, iallfall tidlegare beita.

Framande artar: Det vart registrert raudhyll (HI - høg risiko), stadvis med kraftig spreieing.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er at elva formar lokaliteten med minst muleg inngrep. Det er ønskjeleg med fjerning av framande artar.

Del av heilskapleg landskap: Flommarkskogar er utbreidd langs Driva i heile Sunndalen, særleg på strekninga Sunndalsøra-Grøa. Men desse miljøa er under press av ulike aktivitetar, og arealet av intakt flommark går gradvis ned.

Verdivurdering: Området får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein mindre flommarkskog med intakt flompåverknad. Lokaliteten bør sjåast som del av eit viktig flommarksmiljø mellom Sunndalsøra og Grøa.

16041 Sunndalen: Teinøra

| | |
|----------------------|---------------------------------|
| Kommune: | Sunndal |
| IID: | NY, del av tidlegare BN00020461 |
| Naturtype: | F05 gråor-heggeskog |
| Delnaturtype: | F0501 flommarkskog |
| Verdi: | B |
| Feltsjekk: | 14.10.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Jordal (2004, basert på Austrheim (1991) og besøk 24.06.2002). Han er seinare revidert av John Bjarne Jordal 12.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 14.10.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten BN00020461 blir her splitta i to og denne lokaliteten får ny IID og lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på ei elveslette skapt av elva Driva, på sørsida av elva mellom Hoven og Leangen, og sør for Hol. Han grensar til elva med opne grusøyrrer i nord, til veg, dyrka mark og annan skog elles. Berggrunnen i området består av grovkorna granittisk gneis, augegneis og gneisgranitt (www.ngu.no). Lausmassane består av elvetransportert materiale. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og dessutan i svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1). Ein bekk renn ut på strekninga.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg gråor-heggeskog. Delnaturtype er flommarkskog. Av tre- og buskslag vart det notert alm (VU, ustyva, opptil 50 cm diam.), furu, gråor (opptil 40 cm), hegg (stadvis mykje, diam. opptil 35 cm), hengjebjørk, raudhyll, selje. Dominerande i feltskiktet var m.a. skogstjerneblom og gaukesyre.

Artsmangfald: Av planter kan nemnast bekkekarse, broddtelg, mannasøtgras, skogsvinerot. Mosar på daud lauvved: fingersaftmose, stubbeblonde, stubbefauskmose.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med litt daudt trevirke, og få gamle tre. Det vert hogd litt ved frå tid til annan. Noko søppel, stigar, fiskeplassar, traktorvegar, litt dyrka nær elvebredden i austre del. Bekken som renn ut har mykje daud ved og søppel som er transportert hit i flaum.

Framande artar: Det vart registrert raudhyll (HI - høg risiko) med ein del spreing, elles stikkelsbær (LO - låg risiko).

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er at elva formar lokaliteten med minst muleg inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Flommarkskogar er utbreidd langs Driva i heile Sunndalen, særleg på strekninga Sunndalsøra-Grøa. Men desse miljøa er under press av ulike aktivitetar, og arealet av intakt flommark går gradvis ned.

Verdivurdering: Området får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein mindre og noko påverka flommarkskog med intakt flompåverknad. Lokaliteten bør sjåast som del av eit viktig flommarksmiljø mellom Sunndalsøra og Grøa.

16042 Sunndalen: Romfo: Klysurå

| | |
|----------------------|----------------------|
| Kommune: | Sunndal |
| IID: | BN00020488 |
| Naturtype: | F01 Rik edellauvskog |
| Delnaturtype: | F0105 Alm-lindskog |
| Verdi: | B |
| Feltsjekk: | 27.09.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Jordal (2004, basert på besøk av Jarle Holten 03.10.1978, Holten 1978). Han er seinare revidert av John Bjarne Jordal 12.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 27.09.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten BN00020488 blir her vidareført med mindre justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei relativt bratt, sørvestvendt lise ved Romfo i Sunndalen. Han grensar til annan skog (mest kulturpåverka gråorskog) i nedkant, elles til open steinur og bratte berghamar. Berggrunnen består av ikkje inndelt gneis (www.ngu.no). Lausmassane består av morene (sand, grus og stein) og rasmateriale.

Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og dessutan i overgangsseksjonen (OC). Lokaliteten er skjønsmessig avgrensa i øvre deler.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg rik edellauvskog med ein del hassel, alm, hengebjørk og litt rasmarker. Delnaturtype er almlindeskog. Av tre- og buskslag vart det notert alm (VU, ustyva, største omkrets 216 cm), gråor (opptil 40 cm diam.), hassel, hegg, hengjebjørk, rogn, selje. Dominerande i feltskiktet var ein del høgstauder som torhjelm, skogsvinerot, stornesle og kratthumleblom, men også låge urter som myske og hengjeaks. Stein- og snøras set preg på vegetasjonen mange stader.

Artsmangfald: Av planter kan nemnast bergfrue, burrot, engsnelle, hengjeaks, humle, hundekveke, kranskonvall, krattfiol, kratthumleblom, krossved, lundrapp, markjordbær, myske, myskegras, raud jonsokblom, skogfaks, skogfiol, skogsalat, skogstjerneblom, skogsvinerot, skogvikke, stankstorkenebb, storklokke, strutsveng, svarterteknapp, torhjelm, trollbær, turt, tågebær, vårerteknapp. I 1978 vart det også funne bakkemynte, dvergmispel, engtjørebloom, fingerstorr, lintorskemunn, lodneperikum, piggstorr, sibirbjønnekjeks, vårmarihand. Fleire av artane trivst i berg og opne rasmarker. Lav på gammal alm: *Eopyrenula leucoplaca*, almelundlav, bleik skribelav, klosterlav (NT). Mose på alm: almeteppeose. Sopp på gammal alm: almekolsopp (NT), *Amphisphaeria umbrina* (DD), *Lasiobelonium lonicerae*, *Lopadostoma pouzarii* (VU), lønnejuke, narrepiggssopp, *Rebentischia massalongoi*, riflesprekksopp.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med litt daudt trevirke, og relativt få gamle og grove tre. Stadvis kraftig borkgnag av hjort, fleire daude almetre.

Framande artar: Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera minst muleg påverka.

Del av heilskapleg landskap: Rik edellauvskog med alm og hassel er vanleg i Sunndalen.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein rik edellauvskog med stort arts mangfald av edellauvskogsartar og nokre raudlisteartar. Han får derfor verdi A (svært viktig).

16043 Sunndalsfjorden nordside: Åkerstranda

| | |
|----------------------|----------------------|
| Kommune: | Sunndal |
| IID: | BN00020436 |
| Naturtype: | F01 Rik edellauvskog |
| Delnaturtype: | F0106 Gråor-almeskog |
| Verdi: | A |
| Feltsjekk: | 14.10.2016 |
| Stadkvalitet: | 3 |

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Jordal (2004, besøkt 26.07.2003). Han er seinare revidert av John Bjarne Jordal 12.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 14.10.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007).

Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten BN00020436 blir her vidareført med justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei bratt, tilnærma vestvendt fjordli i Oppdølsstranda frå Tussdalen og mest til Sunndalsøra, tildels med rasmarker og berg. Han grensar til nedlagt riksveg i nedkant, elles til steinurer, bratte berg og annan skog.

Berggrunnen består av grovkorna granittisk gneis, augegneis og gneisgranitt (www.ngu.no). Lausmassane består mest av rasmateriale. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg rik edellauvskog med ein del hassel, gråor, bjørk og alm. Delnaturtype er alm-lindeskog. En del grove almetre står oppunder berga sør for Tussdalen, ein del av desse er styva. Av tre- og buskslag vart det notert alm (VU, største omkrets styva alm 275 cm, ustyva opptil 240 cm), ask (VU, sparsam), bjørk, europalerk, furu, gråor, hassel, hegg, platanlønn, rogn (50 cm), selje (50 cm). Dominerande i feltskiktet var ulike låge urter, høgstauder og store bregner. Mykje storfrytle i skogbotnen i nedre del understrekar det suboseaniske preget. Stein- og snøras set preg på vegetasjonen mange stader.

Artsmangfald: Av planter kan nemnast berggull, breiflangre, brunrot, fingerstorr, firblad, hundekveke, kransmynte, kratthumleblom, krossved, lundrapp, markjordbær, myske, skogfaks, skogsalat, skogstjerneblom, skogsvinerot, skogsvingel, skogvikke, stankstorkenebb, strutsving, svarterteknapp, tågebær, vårerteknapp. Planter i 2003: småborre, liljekonvall, piggstorr, dvergmispel. Lav på gammal alm: *Gyalecta derivata* (EN), bleik skribelav, klosterlav (NT) og stor vulkanlav. Sopp på gammal alm: *Amphisphaeria umbrina* (DD), *Lasiobelonium lonicerae*, narrepiggsopp og skrukkeøyre (NT). Moskusbuk (mindre vanleg trebuk) er fanga like ved Tussdalen (Oddvar Hanssen). Mange raudlista og sjeldne insektartar er funne nord for lokaliteten (Oppdølsstranda naturreservat), og vil også kunne finnast i Åkerstranda.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande til gammal med ein del daudt trevirke, og eit knippe grove, styva almetre sør for Tussdalen. I nedkant ligg ein nedlagt riksveg, ein tunnel, kraftlinje og metallnett for sikring mot ras. Lite påverka høgare opp. Mykje borkgnag av hjort på alm, fleire daude tre observert.

Framande artar: Det vart registrert platanlønn og europalerk (begge SE - svært høg risiko), men med lita spreing førebels.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera minst muleg påverka. Det er ønskjeleg med fjerning av framande artar.

Del av heilskapleg landskap: Rik edellauvskog med alm og hassel er vanleg i Sunndalen og fjordliene.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein rik edellauvskog med stort artsomfang med stort artsomfang av edellauvskogsartar inkludert fleire raudlisteartar dels i høg kategori. Han får derfor verdi A (svært viktig).

16044 Sunndalsfjorden nordside: Flåstranda

| | |
|----------------------|------------------------|
| Kommune: | Sunndal |
| IID: | BN00020410 |
| Naturtype: | F03 kalkskog |
| Delnaturtype: | F0301 tørr kalkfurskog |
| Verdi: | A |
| Feltsjekk: | 13.10.2016 |
| Stadkvalitet: | 3 |

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Jordal (2004, besøkt 25.09.2001 og 27.05.2003). Han er også oppsøkt av andre, m.a. Geir Gaarder (2003) og Jarle Holten (pers. medd.). Han er seinare revidert av John Bjarne Jordal 12.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 10.10. og 13.10.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten BN00020410 blir her vidareført med betydelege justeringar i avgrensinga (inkluderer no også den tidlegare BN00020413 Oppdøl: under Karihaugen) og ny

lokalitetsbeskriving. Deler av lia er berre undersøkt med teleskop, og avgrensinga særleg i øvre del er dermed litt grovare enn i nedre deler.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei bratt, sør-sørvestvendt lisode mellom Oppdøl og Flå. Han grensar til berg, rasmark, edellauvskog og annan, ikkje avgrensa skog, i søraust og aust til friskare lyngfuruskog og bustadfelt, i nedkant til vegen til Flå. I øverkant og mot søraust er grensa litt mindre nøyaktig enn elles. Berggrunnen består av granittisk gneis, augegneis og gneisgranitt i austre del og glimmerskifer, grantaglimmerskifer og glimmergneis i eit belte vestre del (www.ngu.no). I dette kambrosilurbeltet kan det forventast ein meir kalkkrevande plante- og soppflora. Lausmassane består av morene (sand, grus og stein) og rasmateriale. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2). Svært varmt lokalklima.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg kalkskog (lågurtvegetasjon), somme stader med ein del innslag av hassel. Lågurtskog vert i DN-håndboka klassifisert som kalkskog. Delnaturtype er tørr kalkfuruskog. Han er dominert av lågurtskog til svak lågurtskog, stadvis med røsslyng og mjølbær, mosar eller vegetasjonsfattig strø, men mykje låge urter og gras. Av tre- og buskslag vart det notert alm (VU, sparsam), bjørk, furu (opptil 70 cm diam.), hassel, hegg, hengjebjørk, osp (opptil 60 cm diam.), platanlønn, rogn. Stein- og snøras set preg på vegetasjonen mange stader.

Artsmangfald: Av planter kan nemnast berberis, berggrøyrkvein, breiflangre, brunrot, enghumleblom, engtjøreblom, filtkongsløys, fingerstorr, furuvintergrønn, gulsildre, hengjeaks, hundekveke, kranskonvall, kransmynte, kratthumleblom, krossved, kvitbladtistel, lerkespore, lodneperikum, laukurt, lundgrønaks, lundrapp, markjordbær, myske, olavsskjegg, piggstorr, raudkjeks, sanikel, skogfaks, skogfiol, skogsalat, skogskolm (ved vegen), skogsvinerot, skogsvingel, stankstorkenebb, svartburkne, svarterteknapp, torhjelm, trollbær, trollurt, tågebær, tårnurt, vaniljerot, vårerteknapp, vårmarihand. Ivar Tollan har samla krattslirekne ved "veien Flå-Opdøl" 24.08.1934 (herbariet i Oslo). Lav: blyhinnelev, brun blæreglye, grynfiltlav, gryporelav (okt. 2003, Geir Gaarder, isolert innergrense av oseanisk lavart), kystpute, kystvrenge, lungenever, ospeblæreglye, vanleg blåfiltlav. Sopp: bleik sovelriske (NT), beltebrunpigg, furuskjelpigg, furufåresopp (NT), gulrandkjuke, duftvokssopp (under furu), krustrompetsopp, gul trompetkanterell, svart trompetsopp og mønjevokssopp. Insekt: reliktbukk (NT, *Nothorhina muricata*) (bille påvist 2002 Oddvar Hanssen pers. medd., ein del sportegn mange stader seinast 2015-2016, JBJ), dette er ei sjeldan bille knytt til levande, soleksponerte furutre. Fugl: m.a. grønspekk.

Bruk, tilstand og påverknad: Relativt liten påverknad i dag, men området har vore gjennomhogd tidlegare. Skogen er middelaldrande til relativt gammal med spreidd daudt trevirke (mest i øvre del), og litt gamle og grove tre, både læger og gadd av furu og lauvtre. Ei kraftlinje langs vegen. Fjordspenn (kraftlinje) går frå Karihaugen over søraustre del av lokaliteten.

Framande artar: Det vart registrert platanlønn (SE - svært høg risiko), den har førebels ikkje spreidd seg mykje.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera minst muleg påverka. Det er ønskjeleg med fjerning av framande artar.

Del av heilskapleg landskap: Kalkskog/lågurtskog med furu er det lite av i kommunen og fylket. Liknande skog finst i Hisdalen naturreservat lenger vest i fjordlia.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein stor, urterik lågurtfuruskog med eit betydeleg artsmangfald, tre raudlisteartar, inklusive truleg god bestand av den sjeldne reliktbukken. Han får derfor verdi A - svært viktig. Det er eit potensiale for fleire varmekrevande og raudlista insekt og sopp ved betre undersøkingar.

16045 Sunndalsfjorden nordside: Flåstranda, Bytdalen

Kommune: Sunndal
IID: NY, tidlegare del av BN00020410
Naturtype: F01 rik edellauvskog
Delnaturtype: F0105 alm-lindeskog
Verdi: A
Feltsjekk: 10.10.2016
Stadkvalitet: 4

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er skildra av John Bjarne Jordal 12.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 10.10.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei bratt, sør-sørvestvendt lisode mellom Oppdøl og Flå, ved Bytdalen midt i stranda. Han grensar til berg, rasmark, og lågurtfuruskog (eigen lokalitet). Varmt lokalklima og mange varmekjære artar. Berggrunnen består av granittisk gneis, augegneis og gneisgranitt i austre del og eit belte av kambrosilur-bergartar med glimmerskifer, grantaglimmerskifer og glimmergneis i vestre del (www.ngu.no). I dette beltet kan det forventast kalkkrevande plante- og soppflora. Lausmassane består av morene (sand, grus og stein) og rasmateriale. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg rik edellauvskog. Delnaturtype er alm-lindeskog med varmekrevande artar, men og noko hasseldominert skog. Av tre- og buskslag vart det notert alm (VU, ustyva, største omrets 161 cm), bjørk, furu (opptil 50 cm), gråor, hassel, hegg, hengjebjørk (opptil 50 cm), osp (største omkrets 159 cm), rogn og selje. Dominerande i feltskiktet var ulike låge urter, gras og høgstauder. Stein- og snøras set preg på vegetasjonen.

Artsmangfald: Av planter kan nemnast brunrot, hundekveke, kranskonvall, lundgrønaks, lundrapp, myske, myskegras, skogfaks, skogfiol, skogsvinerot, skogsvingel, svartburkne, svarterteknapp, vårerteknapp. Lav på alm: *Pseudosagedia (Porina) aenea*, almelav (NT), bleik kraterlav (VU), bleik skribelav, bleik vokslav, klosterlav (NT), lungenever. Mosar på alm: putevrिमose, tepperaggmose. Sopp: *Amphisphaeria umbrina* (DD), lauvborkskorpe (NT), skrukkeøyre (NT) (alle på alm), stor ospeeldkjuke (på osp).

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med litt daudt trevirke, nokre halvgamle almetre, men er også nokså raspåverka. Furu har vore hogd tidlegare. Relativt liten påverknad i dag. Kraftig borkgnag av hjort på alm, fleire daude tre.

Framande artar: Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera minst muleg påverka.

Del av heilskapleg landskap: Rik edellauvskog med alm og hassel finst mange stadar i dei bratte lisidene langs Sunndalsfjorden og oppover Sunndalen.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein rik edellauvskog med ganske stort artsomangfald av edellauvskogsartar inklusive raudlisteartar. Han får derfor verdi A (svært viktig). Det er eit potensiale for varmekrevande og raudlista insekter og sopp ved betre undersøkingar.

16046 Sunndalsfjorden nordside: Flåstranda under Karihaugen

Kommune: Sunndal
IID: NY
Naturtype: F01 rik edellauvskog

Delnaturtype: F0105 alm-lindeskog
Verdi: A
Feltsjekk: 13.10.2016
Stadkvalitet: 4

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er skildra av John Bjarne Jordal 12.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 13.10.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei bratt, sør-sørvestvendt lisode mellom Oppdøl og Flå under fjordspennet frå Karihaugen. Han grensar til steinur, berg og annan skog (furuskog med mykje rik lågurtvegetasjon, eigen lokalitet). Berggrunnen består av granittisk gneis, augegneis og gneisgranitt i austre del og eit belte av kambrosilur-bergartar med glimmerskifer, grantaglimmerskifer og glimmergneis i vestre del (www.ngu.no). I dette beltet kan det forventast kalkkrevande plante- og soppflora. Lausmassane består av morene (sand, grus og stein) og rasmateriale. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg rik edellauvskog. Delnaturtype er alm-lindeskog med varmekrevande artar, men og noko hasseldominert skog. Av tre- og buskslag vart det notert alm (VU, ustyva, største omkrets 183 cm), bjørk, furu, gråor, hassel, hegg, hengjebjørk, osp, rogn og selje. Dominerande i feltskiktet var ulike låge urter, gras og høgstauder. Stein- og snøras set preg på vegetasjonen mange stader.

Artsmangfald: Det er varmt lokalklima og mange varmekjære artar. Av planter kan nemnast bergfrue, breiflangre, brunrot, engsnelle, haremat, hengjeaks, hundekveke, kjempesvingel, kranskonvall, kransmynte, krossved, liljekonvall, lintorskemunn, lundgrønaks, lundrapp, myske, myskegras, raudkjeks, sanikel, skogfaks, skogfiol, skogsalat, skogstjerneblom, skogsvinerot, skogsvingel, skogvikke, småborre, stankstorkenebb, svartburkne, svarterteknapp, torhjelm, trollbær, vårerteknapp. Lav: *Biatoridium delitescens*, *Gyalecta derivata* (EN), lungenever (alle alm). Sopp: *Amphisphaeria umbrina* (DD), *Lasiobelonium lonicerae*, lauvborkskorpe (NT).

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med litt daudt trevirke, nokre halvgamle almetre, men er også nokså raspåverka. Hogstspor frå gammalt, liten påverknad i dag. Fjordspenn (kraftlinjer) går over lokaliteten. Kraftig borkgnag av hjort på alm, fleire daude tre.

Framande artar: Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera minst muleg påverka.

Del av heilskapleg landskap: Rik edellauvskog med alm og hassel finst mange stadar i dei bratte lisdene langs Sunndalsfjorden og oppover Sunndalen.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein rik edellauvskog med ganske stort arts- og artsmangfald av edellauvskogsartar inklusive raudlisteartar, dels i høg raudlistekategori. Han får derfor verdi A (svært viktig). Det er eit potensiale for fleire varmekrevande og raudlista insekter og sopp ved betre undersøkingar.

16047 Sunndalsøra: Skjøllendøran

Kommune: Sunndal
IID: BN00020447
Naturtype: F05 gråor-heggeskog

Delnaturtype: F0501 flommarkskog
Verdi: B
Feltsjekk: 03.06.2016
Stadkvalitet: 4

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Jordal (2004, på basis av Austrheim 1991). Han er seinare revidert av John Bjarne Jordal 27.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 03.06.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten BN00020447 blir her vidareført med vesentlege justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving, pga. nyare inngrep og ny vurdering av korleis naturtypen bør avgrensast.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på ei elveslette skapt av elva Driva, på sørsida av elva ved Sunndalsøra. Han grensar til elva, til vegar, kraftlinjegater og diverse anlegg elles. Berggrunnen i området består av grovkorna granittisk gneis, augegneis og gneisgranitt (www.ngu.no). Lausmassane består av elvetransportert materiale. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og dessutan i svakt oseanisk vegetasjonssesjon (O1).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg gråor-heggeskog. Delnaturtype er flommarkskog. Av tre- og buskslag vart det notert gråor, hegg, hengjebjørk, rogn og platanlønn. Dominerande i feltskiktet var skogstjerneblom, kvitsymre mm. Høgareliggjande parti med hengjebjørk og furu er stort sett ekskludert.

Artsmangfald: Av planter kan nemnast broddtelg, firblad, raud jonsokblom.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med litt daudt trevirke og få gamle tre. Sidan 1991 har det skjedd fleire inngrep som har redusert lokaliteten vesentleg. M. a. fire kraftlinjer, vegar, vassforsyningsanlegg, noko søppel, attraktivt friområde med stigar og fiskeplassar.

Framande artar: Det vart registrert platanlønn (SE - svært høg risiko) i kraftig spreiding.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er at elva formar lokaliteten med minst muleg inngrep. Det er ønskjeleg med fjerning av framande artar.

Del av heilskapleg landskap: Flommarkskogar er utbreidd langs Driva i heile Sunndalen, særleg på strekninga Sunndalsøra-Grøa. Men desse miljøa er under press av ulike aktivitetar, og arealet av intakt flommark går gradvis ned.

Verdivurdering: Området får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein mindre flommarkskog med intakt flompåverknad, redusert av mange påverknadsfaktorar.

Lokaliteten bør framleis sjåast som del av eit viktig flommarksmiljø mellom Sunndalsøra og Grøa.

16048 Sunndalsøra: Sandlykkja

Kommune: Sunndal
IID: BN00020452
Naturtype: F05 gråor-heggeskog
Delnaturtype: F0501 flommarkskog
Verdi: B
Feltsjekk: 30.05.2016
Stadkvalitet: 4

Beskriving

Innleing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Austrheim (1991) og Jordal (2004, besøkt 25.06.2002). Han er seinare revidert av John Bjarne Jordal 28.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 30.05.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten BN00020452 blir her vidareført med små justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på ei elveslette skapt av elva Driva ved Sandlykkja nær Sunndalsøra, på nordsida av elva. Han grensar til elva i sør, til bustader og veg elles. Berggrunnen i området består av grovkorna granittisk gneis, augegneis og gneisgranitt (www.ngu.no). Lausmassane består av elvetransportert materiale. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og dessutan i svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg gråor-heggeskog. Delnaturtype er flommarkskog. Lokaliteten har ei bakevje/bekkeutløp med mudder og interessant vegetasjon. Mot elva ligg relativt smale grusøyrer. Av tre- og buskslag vart det notert alm (VU), furu, gråor, hegg, hengjebjørk, platanlønn og selje. Dominerande i feltskiktet var m.a. skogstjerneblom og kvitsymre.

Artsmangfald: Mest interessant er bakevja med vass- og sumpplanter, m. a. den søraustlige og regionalt sjeldne skogsivaks. Av planter elles kan nemnast bekkekarse. I vatn i keila vart det elles notert klovasshår og mannasøtgras.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med litt daudt trevirke, med få gamle. Noko vedhogst som har skapt små opne glenner. Vegar og bustadbygging har redusert området noko. Sti langs elva, steinklopp over innløp til viktig keile, men vassutvekslinga er intakt.

Framande artar: Det vart registrert platanlønn (SE - svært høg risiko) som spreier seg.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er at elva formar lokaliteten med minst muleg inngrep. Det er ønskjeleg med fjerning av framande artar.

Del av heilskapleg landskap: Flommarkskogar er utbreidd langs Driva i heile Sunndalen, særleg på strekninga Sunndalsøra-Grøa. Men desse miljøa er under press av ulike aktivitetar, og arealet av intakt flommark går gradvis ned.

Verdivurdering: Området får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein mindre flommarkskog med intakt flompåverknad. Lokaliteten bør sjåast som del av eit viktig flommarksmiljø mellom Sunndalsøra og Grøa.

16049 Sunndalsøra: Storøra

| | |
|----------------------|---------------------|
| Kommune: | Sunndal |
| IID: | BN00020443 |
| Naturtype: | F05 gråor-heggeskog |
| Delnaturtype: | F0501 flommarkskog |
| Verdi: | B |
| Feltsjekk: | 03.06.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Jordal (2004, basert på Austrheim 1991 og besøk 25.06.2002). Han er seinare revidert av John Bjarne Jordal 28.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 03.06.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdisetting følgjer Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den

gamle naturbaselokaliteten BN00020443 blir her vidareført med små justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på ei elveslette skapt av elva Driva, i innersving på nordsida av elva ved Sunndalsøra. Han grensar til elva med opne grusøyrrer i sør, til bustadfelt og vegar/diverse anlegg elles. Berggrunnen i området består av grovkorna granittisk gneis, augegneis og gneisgranitt (www.ngu.no). Lausmassane består av elvetransportert materiale. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og dessutan i svakt oseanisk vegetasjonssesksjon (O1).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg gråor-heggeskog, i tillegg er det inkludert litt opne elveøyrrer og viersumpskog i kantene. Delnaturtype er flommarkskog. Av tre- og buskslag vart det notert alm (VU, ustyva, opptil 40 cm diam.), bjørk (40 cm), gråor (opptil 35 cm diam.), hegg (40 cm), platanlønn (40 cm) og rogn. Dominerande i feltskiktet var skogstjerneblom, kvitsymre, gaukesyre, broddtelg, ormetelg og skvallerkål.

Artsmangfald: Av planter kan nemnast engsnelle, firblad, kratthumleblom, krossved, lundrapp, raud jonsokblom, skogrøyrrkvein, skogsvinerot, turt, tågebær. På elveøyrrerne ein del klåved (NT), elles aurskrinneblom, rundskolm, stakekarse, fjellsyre, fjellrapp, krypkvein, setermjelt, tiriltunge, geitsvingel, gjeldkarve, sibirbjønnekjeks, samt hekkande tjeld og terner i 2002, fiskemåse (NT) i 2016. Området har ein rik billefauna, arten *Epuraea longiclavis* er sjeldan i norsk/europeisk samanheng, han lever under bork på daud or, og er funne flere stader i Sunndalen (Oddvar Hanssen pers. medd.).

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med litt daudt trevirke, få gamle tre. Noko søppel, hogst, stigar, fiskeplassar, vegar, anlegg mm.

Framande artar: Det vart registrert platanlønn og hagerips (begge SE - svært høg risiko). Elles skvallerkål (ikkje vurdert).

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er at elva formar lokaliteten med minst muleg inngrep. Det er ønskjeleg med fjerning av framande artar.

Del av heilskapleg landskap: Flommarkskogar er utbreidd langs Driva i heile Sunndalen, særleg på strekninga Sunndalsøra-Grøa. Men desse miljøa er under press av ulike aktivitetar, og arealet av intakt flommark går gradvis ned.

Verdivurdering: Området får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein større flommarkskog med delvis intakt flompåverknad, men og ein del inngrep. Lokaliteten bør sjåast som del av eit viktig flommarksmiljø mellom Sunndalsøra og Grøa.

16050 Viromdalen: Dalsbø, ved Heggevollan A

| | |
|----------------------|----------------------|
| Kommune: | Sunndal |
| IID: | BN00020411 |
| Naturtype: | F01 Rik edellauvskog |
| Delnaturtype: | F0105 Alm-lindeskog |
| Verdi: | B |
| Feltsjekk: | 10.09.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleing: Lokaliteten er tidlegare skildra av Jordal (2004) og Melby & Gaarder (2001). Han er seinare revidert av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning 20.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 10.09.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0 i skala 1:5000. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten Viromdalen: Dalsbø, ved

Heggevollan med IID BN00020411 blir her vidareført, men avgrensing er endra til eit mindre område like ovanfor den gamle avgrensinga, på grunn av feilplassering av den gamle lokaliteten.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei bratt, sørvestvendt lise i underkant av ei grov ur. I underkant grensar han mot hagemark, deretter eit granplantefelt. Berggrunnen består av diorittisk til granittisk gneis. Lausmassane består av skredmateriale (grov ur) (www.ngu.no). Lokaliteten ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) (Moen 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er glissent tresatt rik edellauvskog i underkant av ei grov ut. Dominerande treslag er alm (VU) og bjørk, der dei fleste almane er styva. Elles er det innslag av gråor, hegg, rogn og lerk. Delnaturtypen er etter ny metodikk rasmak- og ravine almeskog, men passar etter gammalt system best som almelindskog (F0105). Vegetasjonen er høgstaudeskog (NiN-grunntype T4-C-18) på grov ur med tynt jorddekke mellom.

Artsmangfald: Av planter kan nemnast stornesle, strutseving, myske, kratthumleblom, skogstjerneblom, markjordbær, mjødukt, tviskjeggveronika, bringebær, hengjeaks, tyrihjel, sølvbunke, trollurt, skogsvinerot og haremat. På alm vart det registrert stifthinnelev, bleikdoggnål (NT), putehårstjerne, ekornmose, narrepiggsopp, almekolsopp (NT) og skrukkeøyre (NT). I Artskart er det i tillegg registrert i området karplanta lerkespore, sopparten narrepiggsopp, og lavartane bleik skribelav og klosterlav (NT) (G. Gaarder 27.04.1999). Den gamle skildringa (Jordal 2004) nemner også den noko uvanlige og kravfulle arten gullstjerne. Det er potensiale for fleire raudlista sopp og lav knytt til gamle almetre.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med litt daudt trevirke, og med 10-15 gamle styvingstre. Dei fleste almane har ein diameter på rundt 75-80 cm, den største 150 cm diameter. Fleire av almane har holrom, og daude parti på stammene, og den største alma har brannmerke. Det finst ein del daudt trevirke, det meste av alm. Rundt 70 % av almane er i tillegg middels påverka av hjortegnag - dette tyder på at ein del av trea er svekka på grunn av hjortegnag. Fleire av trea ser ut til å ha restaureringspotensiale. I underkant av lokaliteten er ein granplantefelt. Frøspredde norsk gran finst spreidd utanfor plantefeltet, men ingen er foreløpig kome innfor lokaliteten. I underkanten av lokaliteten er restar av ei gamal løe og intermedier, beiteprega hagemark i hovudsak i tresjiktet.

Framande artar: Nokre større tre og enkelte busker av europalerk (SE – svært høg risiko) i nedre del av lokaliteten og nedanfor lokaliteten.

Skjøtsel og omsyn: Den største trusselen for alma er hjorten som gneg på barken, og ein reduksjon i hjortepopulasjonen i området er naudsynt for å sikre overleving av alma på sikt, og sikre rekruttering. Spreiing av gran frå granplantefeltet er også ein reell trussel, og ein bør følgje med på at gran ikkje etablerer seg inntil lokaliteten. Å ta opp at styving av almane er positivt dersom ein gjer det på riktig måte i samråd med erfarne folk, og på tre som har restaureringspotensiale. Etablering av nye styvingar er positivt for rekruttering og kontinuitet. Elles er det beste for naturverdiane om lokaliteten får vera urørt utan inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten må sjåast i direkte samanheng med den rike edellauvskogen av same type i lokaliteten Viromdalen: Dalsbø, ved Heggevollan B, som ligg rundt 100 meter nordvest for lokaliteten.

Verdivurdering: Det er ein ganske liten lokalitet, men med mange gamle styva alm av høg verdi, og med fleire raudlisteartar. Han får derfor verdi B.

16051 Viromdalen: Dalsbø, ved Heggevollan B

Kommune: Sunndal
IID: NY
Naturtype: F01 Rik edellauvskog

Delnaturtype: F0106 Gråor-almeskog (50 %) og F0105 Alm-lindeskog (50 %)
Verdi: B
Feltsjekk: 10.09.2016
Stadkvalitet: 4

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er skildra av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning 20.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 10.09.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0 i skala 1:5000. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Lokaliteten er skilt ut frå den gamle naturbaselokaliteten Viromdalen: Dalsbø, ved Heggevollan med IID BN00020411, som er vidareført med større endringar under namnet Viromdalen: Dalsbø, ved Heggevollan A. Den gamle lokaliteten er tidlegare skildra av Jordal (2004) og Melby & Gaarder (2001).

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei bratt, sørvestvendt lisode i underkant og langs vestsida av ei grov ur. Elles grensar han mot boreal blandingsskog. Det finst enkelte almetre også utanfor avgrensinga. Berggrunnen består av diorittisk til granittisk gneis. Lausmassane består av skredmateriale (grov ur) (www.ngu.no). Lokaliteten ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) (Moen 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er rik edellauvskog i underkant av og langs kanten av ei grov ur. Dominerande treslag er alm (VU) og bjørk, der nokre av almane er styva. Elles er det innslag av gråor, hegg og rogn. Områda i underkant av ura er etter ny metodikk rasmark- og ravine almeskog (alm-lindeskog etter gamal metodikk; 50 %), medan områda vest for ura er gråor-almeskog (50 %). Gråor-almeskog er også riktig type for resten av lokaliteten. Vegetasjonen er høgstaueskog (NiN-grunntype T4-C-18).

Artsmangfald: Av planter kan nemnast strutseving, stornesle, trollurt, bringebær, markjordbær, myske, skogstjerneblom, hengeving og kratthumleblom. På alm vart det registrert narrepiggisopp og ekornmose, men med potensiale for fleire raudlista sopp og lav knytt til gamle almetre. I Artskart er det i tillegg registrert i området karplanta lerkespore og lavartane bleik skribelav, klosterlav (NT) og bleikdoggnål (NT) (G. Gaarder og H. Holien 27.04.1999). Den gamle skildringa (Jordal 2004) nemner også den uvanlige og kravfulle arten gullstjerne, men det er uvisst om arten er funne innanfor denne avgrensinga.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med litt daudt trevirke, men med 7-10 gamle almetre der rundt halvparten ber preg av å vere styva. Dei fleste almane har ein diameter på rundt 50-80 cm, og mindre omfattande hjortegnag. Den eine alma har holrom. Ikkje langt unna, i underkant av lokaliteten, ligg eit granplantefelt. Frøspreidd norsk gran finst spreidd utanfor plantefeltet, men ingen er foreløpig kome innanfor lokaliteten.

Framande artar: Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn: Den største trusselen for alma er hjorten som gneg på barken, og ein reduksjon i hjortepopulasjonen i området er naudsynt for å sikre overleving av alma på sikt, og sikre rekruttering. Spreiing av gran frå granplantefeltet er også ein reell trussel, og ein bør følgje med på at gran ikkje etablerer seg inntil lokaliteten. Å ta opp at styving av almane er positivt dersom ein gjer det på riktig måte i samråd med erfarne folk, og på tre som har restaureringspotensiale. Etablering av nye styvingar er positivt for rekruttering og kontinuitet. Elles er det beste for naturverdiane om lokaliteten får vera urørt utan inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten må sjåast i direkte samanheng med den rike edellauvskogen av same type i lokaliteten Viromdalen: Dalsbø, ved Heggevollan A, som ligg rundt 100 meter søraust for lokaliteten.

Verdivurdering: Det er ein ganske liten lokalitet, men med mange gamle almar av høg verdi, og med stort potensiale for fleire raudlisteartar. Han får derfor verdi B.

16052 Almbekken

Kommune: Surnadal
IID: BN00018109
Naturtype: F01 Rik edellauvskog
Delnaturtype: F0106 Gråor-almeskog
Verdi: A
Feltsjekk: 24.05.2016
Stadkvalitet 4

Beskriving

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Sylvelin Tellnes, Miljøfaglig Utredning 05.12.16 basert på eige feltarbeid 24.05.16 saman med Geir Gaarder i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Nyregistrert lokalitet erstattar tidlegare lokalitet med naturbase-id BN00018109. Området er tidlegare skildra av Melby & Gaarder (2000) og av Aune (2005). Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei sørvendt li ovanfor Almøya i Øvstbødalen i Surnadal kommune. Lokaliteten er avgrensa mot veg, granplantefelt, og i aust mot hogstfelt og yngre skog. Berggrunnen er av granittgneis og glimmergneis, mens lausmassane er av skredmateriale, eit parti av torv og myr oppi lia og heilt nede langs Almbekken finst fluviale avsetningar. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og vegetasjonssesksjonen er klart oseanisk (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er ein rik og gammal edellauvskog av utforminga gråor-almeskog og gammal almeskog. Treslagsfordelinga består av dominerande gråor, samt rogn, hassel, hegg, litt bjørk og styva almetre. Grunntypen er høgstaudeskog i heile lokaliteten sjølv om den blir litt mindre artsrik øvst i lia.

Artsmangfald: 12 raudlisteartar er registrert, der alle sopp- og lavartar er knytt til grov alm: Alm (VU), almekolsopp (NT), almelav (NT), kystdoggnål (NT), *Chlorostroma vestlandicum* (EN), *blådoggnål* (VU), *almebroddsopp* (VU), *lauvbarkskorpe* (NT), *kvithodenål* (NT), *bleikdoggnål* (NT), *bruntelg* (VU) og *huldregras* (NT). Høgstaudevegetasjonen inkluderer artar som gullstjerne, maigull (austleg art som er sjeldsynt i fylket), lerkespore, junkerbregne, storklokke, torhjelms, myske, firblad, kvitsoleie, skogstjerneblom, vendelrot, mjødur, skogstorkenebb, strutseveng, skogsvinerot, vårkål og trollbær. Det er få varmekjære artar. Huldregras (NT) vart påvist i 2004 og står fortsatt jamt i ei strekke på 15-20 meter langs det same fuktsiget. Lungenever samfunnet består sparsamt av artar som sølvnever, puteglye, vanleg blåfyllav, kystårenever og lungenever. Den vedboande narrepiggssoppen er i likskap med dei fleste raudlisteartane knytt til gamle almetre.

Bruk, tilstand og påverknad: Nedre del av lia har minst 20-30 grove styva almetre samt nokre yngre tre langs bekken. Høgare opp i lia er almetrea middels grove, men det er få yngre tre og rekrutteringa ser ut til å være dårleg. Boreale lauvtre er også grove, særleg gråor med dbh. på >30 cm. Det er middels mengde av daud ved i øvre del, rundt 8-14 element pr. daa. Det er hjortegneg på almetre.

Framande artar: Nokre få grantre står frøspreidd i lia.

Skjøtsel og omsyn: Frøspreidd gran i lia bør ein vurdera å fjerne for å unngå at den konkurrerer med stadeigne treslag, inkludert almetrea. Styvingstrea av alm er no for gamle til at ny styving kan gjerast. For å ta vare på raudlisteartane må ein difor la yngre alm få bli

gammal. Dette er problematisk då det er lite nyrekruttering av alm grunna hjortegneg. Ein må difor både minka presset frå hjortedyr og få opp fleire almetre. Ein kan vurdere å bruke gjerde. Beite av husdyr innanfor området kan vere positivt for almetilknytt artar ettersom ein opnare skog gjer meir lys, men beite kan vere negativt for raudlistearter som er karplanter. Konsekvens av fysiske inngrep og hogst kan bli tap av ein av kommunens mest verdifulle edellauvskogslokaliteter med tilhørande raudlistearter.

Del av heilskapleg landskap: Fleire rike edellauvskogslokaliteter er registrert i Øvstbødalen og i kommunen, men få av gammal edellauvskog.

Verdivurdering: Lokaliteten har verdiar knytt til både rik og til gammal edellauvskog, Dette kan vere ein av de mest verdifulle edellauvskogslokalitetane for kommunen med ein god del raudlistartar knytt til gamle tre av fleire ulike treslag og innanfor fleire artsgrupper. Verdien vert sett til A-verdi –svært viktig, for lokaliteten.

16053 Bæverfjord

| | |
|----------------------|---------------------|
| Kommune: | Surnadal |
| IID: | BN00050481 |
| Naturtype: | F05 Gråor-heggeskog |
| Delnaturtype: | F0501 Flommarksskog |
| Verdi: | C |
| Feltsjekk: | 21.10.2016 |
| Stadkvalitet | 4 |

Beskriving

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Sylvelin Tellnes, Miljøfaglig Utredning 14.11.16 basert på eige feltarbeid 21.10.16 samen med Geir Gaarder. Feltarbeidet vart utført i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på vegne av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Nyregistrert lokalitet slår saman og erstattar tre eldre naturtypelokaliteter (BN00050481, BN00050479 og BN00050478). Lokaliteten er undersøkt av Gaarder (1993), Gaarder & Stenberg (2009) samt at Håkon Holien har registrert lav her i 2000 (Artskart). Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0. Raudlistestatus for artar følger norsk raudliste frå 2015.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i munningen av vassdraget Bøvra, der elva renn ut i Bøverfjorden, i Surnadal kommune. Frå munningen strekker lokaliteten seg ca. 2,5 km oppover vassdraget og inkluderer areal på begge sider av elva. Den grensar mot dyrka mark og veg bortsett frå lengst nord, der den grensar til sterkt påverka tidlegare flomskog der flomvollar heilt hindrar dei naturlege prosessane i elva. Berggrunnen er av granitt og granittisk gneis og lausmassene er fluviale avsetningar. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og vegetasjonsseksjonen er klart oseanisk (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er samansett av fleire naturtypar. Størstedelen av området er gråor-heggeskog der flommarkskogen er av deltypen flompåverka gråorskog, og denne finst på begge sider av elva. Gråor, hegg og vier er dominerande treslag. Og i tillegg finst stadvis bjørk, selje, rogn og furu, samt spreidd med unge almetre i heile området. Sedimenta består hovudsakleg av grus, men parti med finmateriale/sand finst i skogen ved Gunhildsøya. Grunntypar etter NiN 2.0 er derfor flomskogsmark på grus og stein (90%), flomskogsmark på finmateriale (<10%) og dessutan er det usikkert om det er mindre parti av kjeldevasspåverka flommarkskog i nokre kantsoner. Markvegetasjonen vekslar mellom høgstaudevegetasjon over det meste, men med svak lågurt på veldrenert mark. Markvegetasjonen på sistnemnte har engpreg. Langs elveløpet finst open flommark av deltypen elveører og så vidt nokre temporære flomdammar. Etter NiN blir grunntypen her open flom-fastmark på sand, grus og stein (T18-C1). I sørlige del av

lokaliteten består elveørene av grov sand og grus, men elles er det rullesteinar. Ei lita bakevje med mudderbotn vart registrert med potensiale for pusleplanter. Bakevja er likevel lita og pusleplanter vart ikkje observert.

Artsmangfald: Få planter sterkt knytt til elveør-samfunn finst, men strandsmelle står på sandbankane lengst sør. Elles er langnål funne på morkne stubbar av bjørk og fleire trivielle lavartar er registrert. Rådyr, stjertmeis og dompap vart observert i felt og området har noko potensial for litt kravfulle fugleartar (som dvergspett og ulike songarar) typiske for frodig lauvskog. Raudlistearten alm (VU) er registrert.

Bruk, tilstand og påverknad: Området er sterkt påverka på fleire måtar: Bøvra er eit regulert vassdrag og kraftutbygginga har endra vassføringsregimet slik at nokre område ikkje lengre vert overfløymd regelmessig. Dette er synleg lengst nordvest for lokaliteten der eit skogområde ikkje er inkludert. Det har helst vore jamleg uttak av trevirke i området. Skogen er få stader særleg gammal, men lokalt er det eldre skog med ein del daudt trevirke. Bygging av flomvollar og kanalisering av vassdraget er synleg fleire stader langs elva, hovudsakleg opp mot dyrka mark. I skogen nord for lokaliteten har ein kraftig flomvoll tørrlagt eit større skogsområde som i 2016 derfor er ekskludert. I de store elveørene lengst sør er det to stader synlege merker etter grusuttak. Av fysiske inngrep går det ei kraftleidning ved Henriksholmen og elles er det spor etter motoriserte kjøretøy fleire stader i flomskogen. Det er noko gnagskader av hjortedyr på rogn og alm. Det er også ein del svartelisteartar og problemartar.

Framande artar: Ein god del platanlønn (SE – svært høg risiko) står spreidd i heile lokaliteten. Raudhyll (HI – høg risiko) er funne eit par stader langs elva og inne i flommarkskogen. I tillegg finst hagelupin (SE – svært høg risiko) som etablerer seg på elveørene nær munningen av elven. Ei kornellplante blei registrert sør i lokaliteten, mogleg *Swida sericea* (SE - svært høg risiko) eller *Cornus alba* (HI - høg risiko). Ein del norsk gran står spreidd.

Skjøtsel og omsyn: Hagelupin og kornellplanta bør fjernast for å unngå spreiding til nærliggande område. Ved å fjerne hagelupin vert det betre vilkår for at elveørtilknytta, heimehørande artar kan etablere seg. Det same gjeld platanlønn som i dag konkurrerer med raudlista alm i området. Treslaga står i dag tett. Gran er ikkje naturleg heimehørande i kommunen og konkurrerer også med dei stadeigne treslaga.

Del av heilskapleg landskap: Fleire lokaliteter av flomskogsmark er registrert lengre opp i vassdraget. Men denne lokaliteten er av dei større.

Verdivurdering: Lokaliteten har verdier knytt til ein større, intakt gråor-heggeskog som er flompåvirka, men utan registrerte raudlisteartar. Det er òg knytt verdier til naturtypen stor elveører pga. størrelse og lite inngrep, men utan typisk elveørvegetasjon. Han får derfor verdi C- lokalt viktig.

16054 N for Tverråa

| | |
|----------------------|---|
| Kommune: | Surnadal |
| IID: | BN00018107 |
| Naturtype: | F07 Gammal lauvskog (65%) og F01 Rik edellauvskog (30%) |
| Delnaturtype: | F0703 Fuktig kystskog og F0106 Gråor-almeskog |
| Verdi: | A |
| Feltsjekk: | 05.12.2016 |
| Stadkvalitet | 4 |

Beskriving

Innleiing: Lokalitetsskilddinga er utarbeidd av Sylvelin Tellnes, Miljøfaglig Utredning 19.12.16 basert på eige feltarbeid 24.05.16 saman med Geir Gaarder. Feltarbeid er gjort i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre

og Romsdal. Nyregistrert lokalitet erstattar tidlegare lokalitet med naturbase-id BN00018107. Området er tidlegare skildra av Melby & Gaarder (2000) og av Aune (2005). Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ein sørvendt li i Tverrådalen i Surnadal kommune. Lokaliteten avgrensar mot elva Tverrås og elles av vegen i overkant. Utanfor avgrensinga ligg ein liten holme ein bør vurdere å undersøke på eit seinare tidspunkt. Berggrunnen er av granittisk gneis og kvartsitt mens lausmassane er tynn morene og humus med nokre fluviale avsetningar langs med elva. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og vegetasjonssesksjonen er klart oseanisk (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er ein blandingsskog av boreale lauvtre med innslag av rike hasselkratt med alm. Typen er derfor samansett av gammal lauvskog av typen gammal lauvblandingsskog (65%), og rik edellauvskog av utforming rikt-hasselkratt og gråor-almeskog (30%). I tillegg er nedre deler av lia hegg-oreskog med flomskogsmark av typen flompåverka oreskog (5%). Dominerande treslag er gråor og i tillegg finst bjørk, selje, rogn, osp, hassel og noko alm. Grunntypar innanfor området varierer mellom lågurt i lisida og høgstaudevegetasjon i nedre del med flommarkskog.

Artsmangfald: Feltsjikta har lågurtplanter som fingerstorr, skogfiol, markjordbær, tågebær og liljekonvall. I nedre del av lia er marka delvis flompåverka og høgstaudeplanter slik som turt, torhjelm, myske, skogsvinerot, kranskonvall og strutseveng kjem inn. I lungeneversamfunnet finst artar som vanleg blåfiltlav, grynfiltlav, kystfiltlav og puteglye, i tillegg til raudlistearten skorpefiltlav (NT), som vart funne på rogn. Den raudlista soppen *Caliciopsis calicioides* (EN) vart funnen på gamle tre av osp. Eit anna interessant funn var barksigd, ein mose som er sjeldan i regionen med berre eit funn i Møre og Romsdal.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogstrukturen er fleirsjikta med tett, yngre skog. Hasselkratta er store og kraftige, mens ospetrea på oversida av vegen er grove med tydelig sprekkebark. Miljøet er fuktig, frodig og artsrikt. Det er lite til middels mengde daud ved. Vegen går igjennom lokaliteten og dei grove ospetrea står på ovansida av vegen.

Framande artar: Grantre er frøspreidd frå nærliggande plantefelt.

Skjøtsel og omsyn: Frøspreidd gran i lia bør fjernast for å unngå at den konkurrerer med stadeigne treslag og almeførekomsten. Det same gjeld på ovansida av vegen der ospetrea står. Her bør ikkje ny granplanting skje og ein bør sørge for at nye, unge ospetre får vekse opp. Området krev elles ingen skjøtsel og fri utvikling kan auke verdien av det biologiske mangfaldet. Konsekvens av fysiske inngrep og hogst vil være tap av ein rikare skogtype med raudlisteartar.

Del av heilskapleg landskap: Relativt få lokaliteter av gammal boreal lauvskog er registrert nærliggande til lokaliteten, men ein del rike edellauvskogar finst. Både førekomsten av barksigd og *Caliciopsis calicioides* ser ut til å ligge isolert med relativt store avstandar til neste funn i Møre og Romsdal.

Verdivurdering: Lokaliteten har verdier knytt til fleire naturtypar, men ettersom raudlisteartene er knytt til gammal lauvskog vert verdisettinga gjort etter denne typen. Lokaliteten har raudlistartar som er høgt trua og som er knytt til eit oseanisk element. Lokaliteten er ikkje veldig stor, men verdien vert sett til A-verdi – svært viktig.

16055 SV for Taløyan (S for Falløya)

Kommune: Surnadal
IID: BN00018177
Naturtype: F01 Rik edellauvskog
Delnaturtype: F0106 Gråor-almeskog
Verdi: A

Feltsjekk: 24.05.2016
Stadkvalitet 3

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opphavleg skildra av Melby & Gaarder (2000, besøkt 11.06.1998). Han er seinare revidert av Sylvelin Tellnes og Geir Gaarder 14.12.16 basert på eige feltarbeid utført 24.05.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007). Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten ”SV for Taløyan (S for Falløya)” med IID BN00018177 (Aune 2005) blir her vidareført med relativt store justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei bratt rasmarksli vendt mot nord. Han strekk seg langsetter eit parti midt i lia og grensar til fattig skog med boreale lauvtre i utkanten av lia. Rasmarka er skredmateriale av diorittisk gneis som berggrunnen består av. Lokaliteten ligg i mellomboreal vegetasjonssone, på grensa til sørboreal, og i klart oseanisk seksjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er ein rik edellauvskog med ein del gammal, tidlegare styva alm. Delnaturtypen er gråor-almeskog. Grunntypen består ca. 70-80% av høgstaudemark, men nokre parti er meir fattige og har grunntype blåbærskog av den rasmarsprega forma. Av tre- og buskslag vart det notert alm, bjørk, rogn og furu. Mogleg finst òg gråor og selje.

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast myske, trollbær, vendelrot, skogstorkenebb, skogstjerneblom, lerkespore, gullstjerne. Det er sparsamt med edellauvskogsartar. Av lav i lungeneversamfunnet fanst lungenever, kystnever, grynfiltlav, vanleg blåfiltlav, puteglye og kystårenever. Pusledraugmose blei funnen på ei furulåg. 8 raudlisteartar vart funne, nemleg rustdoggnål (NT), almekolsopp (NT), almelav (NT), kvithodenål (NT), bleikdoggnål (NT), blådoggnål (VU), lauvbarkskorpe (NT) og alm (VU). Eit eldre funn som ligg på Artskart av Geir Gaarder omfattar også bleik kraterlav (VU), men dette er helst ei feilbestemming av den ikkje raudlista slektningen *Gyalecta geoica* som òg blei funnen i 2016 (pers komm. Geir Gaarder). Alle raudlisteartar er knytt til grove almetre. Narrepiggsopp fanst òg på alm.

Bruk, tilstand og påverknad: Almetrea er grove til middels grove med holrom i nokre. Skogen er gamal, men glissen med rasmarksparti og derfor finst det ikkje mykje daudt trevirke. Ingen synlege inngrep.

Framande artar: Granplantefelt går opp til storvoksen, styva alm og kan sjå ut til å fortrenge almetre. Norsk gran er elles i spreing i området.

Skjøtsel og omsyn: Spreing av gran ser ut til å vere eit problem innanfor avgrensinga og på sikt kan den fortrenge almetrea. Det anbefalast derfor uttak av gran i nordvest av lokaliteten og noko uttak av frøspredde plantar elles i lokaliteten.

Del av heilskapleg landskap: Rik edellauvskog med alm finst fleire stadar i lisida i Todalen.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein rik edellauvskog med fleire raudlisteartar knytt til gamle tre av alm og noko daudt trevirke. Han får derfor verdi A (svært viktig).

16056 Brekkhamran

Kommune: Surnadal
IID: NY
Naturtype: F01 Rik edellauvskog
Delnaturtype: F0106 Gråor-almeskog
Verdi: B
Feltsjekk: 24.05.2016
Stadkvalitet 3

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opphavleg skildra av Melby & Gaarder (2000, besøkt 11.06.1998). Han er seinare revidert av Sylvelin Tellnes og Geir Gaarder 14.12.16 basert på eige feltarbeid utført 24.05.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Det blir her oppretta ny lokalitet og lokalitetsbeskriving frå 2016.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i vestre del av ei bratt rasmarksli vendt mot nord. Avgrensinga går mot granplantefelt og fattig skog med boreale lauvtre. Rasmarka har skredmateriale av diorittisk gneis som berggrunnen består av. Lokaliteten ligg i mellomboreal vegetasjonssone på grensa til sørboreal og i klart oseanisk seksjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er ein rik edellauvskog med ein del gammal, tidlegare styva alm. Delnaturtypen er gråor-almeskog. Grunntypen er høgstaudeskog. Av tre- og buskslag vart det notert litt alm, dominans av bjørk, gråor, hegg, litt rogn, selje og furu.

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast skogstjerneblom, kvitsoleie, torhjelm, myske og gullstjerne. Det er sparsamt med edellauvskogsartar. Av lav i lungeneversamfunnet fanst lungenever, sølvnever, skrubbenever, grynfiltrav og vanleg blåfiltrav. Narrepiggssopp blei funnen på grov alm. Det er 10-15 grovare almetre. Einaste observerte raudlistearter er alm (VU), men det er potensial for fleire slike artar her.

Bruk, tilstand og påverknad: Almetrea er grove og middels grove. Skogen er gammal, men glissen og med rasmarksparti og derfor finst det ikkje mykje daudt trevirke. Eit par almelæger finst. Ingen synlege inngrep.

Framande artar: Granplantefelt går opp til der det står alm og feltet kan sjå ut til å fortrenge almetre. Det er elles litt spreing i området.

Skjøtsel og omsyn: Spreing av gran ser ut til å vere eit problem innanfor avgrensinga og på sikt kan den fortrenge almetrea. Det anbefalast derfor uttak av frøspredde plantar i lokaliteten.

Del av heilskapleg landskap: Rik edellauvskog med alm finst fleire stadar i lisdene i Todalen.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein mindre, rik edellauvskog med eit avgrensa mangfald av edellauvskogsartar, men med eit potensiale for fleire artar. Han får derfor verdi B- viktig.

16057 Ovanfor Kvennhusråa

| | |
|----------------------|----------------------|
| Kommune: | Surnadal |
| IID: | NY |
| Naturtype: | F01 Rik edellauvskog |
| Delnaturtype: | F0106 Gråor-almeskog |
| Verdi: | B |
| Feltsjekk: | 24.05.2016 |
| Stadkvalitet | 3 |

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opphavleg skildra av Melby & Gaarder (2000, besøkt 11.06.1998). Han er seinare revidert av Sylvelin Tellnes og Geir Gaarder 14.12.16 basert på eige feltarbeid utført 24.05.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Det blir her oppretta ny lokalitet og lokalitetsbeskriving frå 2016.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i vestre del av ei bratt rasmarksli vendt mot nord. Avgrensinga går mot granplantefelt og fattig skog med boreale lauvtre. Rasmarka er skredmateriale av diorittisk gneis som berggrunnen består av. Lokaliteten ligg i mellomboreal vegetasjonssone på grensa til sørboreal og i klart oseanisk seksjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er ein rik edellauvskog med ein del gamle, tidlegare styva almetre. Delnaturtypen er gråor-almeskog. Grunntypen er høgstaudeskog. Av tre- og buskslag vart det notert litt alm, dominans av bjørk, gråor, hegg, litt rogn, selje og furu.

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast skogstjerneblom, myske, firblad, strutseving, storklokke, mjørdurt og krattmjølke. Det er sparsamt med edellauvskogsartar. Av raudlisteartar blei det funne kvithodenål (NT), blådoggnål (VU) og alm (VU). Narrepiggsopp blei funnen på grov alm. Det er potensial for fleire krevjande og raudlista artar på dei gamle almetrea.

Bruk, tilstand og påverknad: Det vart registrert 9 grove almetre og ei svært grov alm. Skogen er gammal, men glissen og med rasmarksparti og derfor finst det ikkje mykje daudt trevirke. Ingen synlege inngrep.

Framande artar: Granplantefelt går opp til der det står alm og feltet kan sjå ut til å fortrenge almetre. Det er elles litt spreing i området.

Skjøtsel og omsyn: Spreing av gran ser ut til å vere eit problem innanfor avgrensinga og på sikt kan den fortrenge almetrea. Ein tilrår derfor uttak av frøspredde plantar i lokaliteten.

Del av heilskapleg landskap: Rik edellauvskog med alm finst fleire stadar i lisdane i Todalen.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein mindre, rik edellauvskog med eit knippe raudlisteartar, og med eit potensiale for fleire. Han får derfor verdi B- viktig.

16058 Stordalen sør for Taløyan

| | |
|----------------------|---|
| Kommune: | Surnadal |
| IID: | NY |
| Naturtype: | B07 Ravinedal |
| Delnaturtype: | B0704 Ravinedal i marin leire utan kjeldeframsprang |
| Verdi: | B |
| Feltsjekk: | 24.05.2016 |
| Stadkvalitet | 4 |

Beskriving

Innleing: Lokaliteten er første gong skildra av Sylvelin Tellnes 13.12.16, basert på eige feltarbeid saman med Geir Gaarder utført 24.05.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting er basert på Miljødirektoratet (2015) og NiN 2.0. Raudlistestatus for artar følger norsk raudliste frå 2015.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten er ei nordvendt ravine like sør for elva Toåa i Todalen. Berggrunnen er av granittisk gneis og ravinen er danna av finkorna, marine avsetningar heilt opp til øvre delar som er glasifluviale avsetningar. Lokaliteten ligg i mellomboreal vegetasjonssone på grensa til sørboreal og i klart oseanisk seksjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er ein ravine (natursystemkompleks i NiN 2.0) som er ca. 300m lang og 80 m djup på det meste. Den er forgreina i to mindre greiner. Ravinen har fleire store utrasingsparti med aktiv skredmark (ser ut til å rase ut nokså jamt, utan stabil vegetasjon). Små vassig renn i botn. Kornstørrelsen er sand og grus med noko avrunda stein. Naturtypen er boreal lauvskog med dominert av gråor i nedre del. Bjørk dominerer i øvre del saman med furu og elles står gran og selje står saman litt

rogn, hassel i ravinesida. Grunntypen varierer frå høgstaudekog i nedre del til blåbærskog i øvre del.

Artsmangfald: Av plantar kan nemnast høgstaudar som skogstjerneblom, torhjelm og strutseving. I øvre del er det mest blåbær og lyngartar. Det vart funne skrubbenever og lungenever på trea. Ingen raudlisteartar vart funnen.

Bruk, tilstand og påverknad: Det er lite fysisk påverknad innanfor avgrensa ravine. Nedanfor går ein traktorveg, men dette er utanfor. Men skogen har sannsynleg vore hogd for fleire tiår sidan då skogen enno er ung og i god vekst. Ein del daud ved finns i området særleg pga. av utgliding av massar.

Framande artar: Eit par sjølvforynga *Rhododendron*-busker blei ringbarka i felt. Også noko platanlønn (SE – svært høg risiko) står spreidd.

Skjøtsel og omsyn: Dersom det skjer fysiske inngrep som endrar vassigdynamikken eller flyttar på lausmassar så vert verdien av ravinen redusert.

Del av heilskapleg landskap: Det ligg ei mindre ravine like vest som ikkje blei undersøkt i denne omgang. Den burde nok ha vore inkludert i lokaliteten som geotop, sjølv om naturtypen elles er annleis då den er tilplanta med gran, noko som m.a. kan påverke erosjonshastigheita. Ut frå lausmassekart i Todalen finns eit parti av marine lausmasser kring Falløya. Ved Heggøya finst to ravinar med tilsvarande storleik, men heller ikkje desse ser ut til å ha aktive prosessar og er tilplanta med gran. Intakte ravinar som denne, med aktive prosessar, er eit sjeldsynt element på Vestlandet, men er noko vanlegare i Trøndelag.

Verdivurdering: Lokaliteten er ei intakt ravine lengre enn 250 m, men under 2 km. Lokaliteten har lav inngrepsstatus, men han er ikkje ein del av eit større landskap med velutvikla ravinesystem. Han får derfor B-verdi.

16059a Bakkan

| | |
|----------------------|--|
| Kommune: | Tingvoll |
| IID: | BN00046003 |
| Naturtype: | F05 Gråor-heggeskog |
| Delnaturtype: | F0502 Liskog/raviner (70 %), D0507 Orehage (15 %) og D0509 Hasselhage (15 %) |
| Verdi: | C |
| Feltsjekk: | 14.08.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opphavleg skildra av Gaarder (2009) basert på eigne feltturar i 1996/97 (Gaarder 1997). Han er seinare revidert av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning 31.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 14.08.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0 i skala 1:5000. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten Bakkan med IID BN00046003 blir her vidareført med små justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nedsida av dyrkamarkene på Rottås, og strekkjer seg ned til fjorden. Han grensar mot dyrkamark i nord, og mot hogstfelt i vest og i aust. Den gamle avgrensinga er delvis innsnevra i vest på grunn av flathogst. Ytterbekken og Innerbekken renn gjennom lokaliteten. Berggrunnen består av diorittisk til granittisk gneis. Lausmassane er morenemateriale (www.ngu.no). Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) (Moen 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området er gamal gjengrodd semi-naturleg eng, og delar av skogen ber fortsatt preg av å ha blitt nytta til beite, der feltsjiktet er dominert av graminidar. Naturtypen kan dermed beskrivast som ein mosaikk og delvis overlapp mellom intermediær hagemark i gjengroing og gråor-heggeskog med delnaturtypane orehage og hasselhage (D0507 og D0509) og liskog-ravine (F0502). Gråor-heggeskogen kan etter nytt system beskrivast som naturtypen gamal boreal lauvskog, og delnaturtypen gamal gråor-heggesk. Feltsjiktet i hagemarka er antatt intermediær eng med klart hevdpreg, og i gråor-heggeskogen høgstaudeskog (NiN-grunntypane T32-C-4 og T4-C-18). Edellauvtrea svartor og hassel er stadvis vanlige. Gråor er også vanleg, og elles finst selje, rogn, bjørk og osp.

Artsmangfald: Det er registrert fleire typiske høgstaudeartar, som kratthumleblom, sølvbunke, raud jonsokblom, markjordbær, skogsvinerot, myske, harematt, skogsalat, storklokke, trollurt, ormetelg, skogburkne, skogstjerneblom, stankstorkenebb og stornesle. I den gamle skildringa er stjertmeis nemnt, og eit usikkert funn av storrap.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med innslag av nokre eldre tre. Det finst fleire grove seljer med diameter opp mot 80 cm, og minst ei grov svartor med diameter på ca. 115 cm. Stadvis rikeleg med for det meste liggande død ved i ulike nedbrytingsfasar. Gråora har diameter på rundt 15-20(-40) cm, i tillegg til yngre kratt. Ein kan forvente at der er ein kanteffekt av dei flathogde områda aust og vest for lokaliteten. Ein skogsveg i samband med hogstflatene kryssar også lokaliteten. Somme stadar er det mykje open jord, på grunn av at vegetasjonen blir vaska vekk av vatn. Den gamle skildringa opplyser om at området er atgrodd semi-naturlig eng som var så og seie snauhagd i 1956. Området blir ikkje beita i dag.

Framande artar: Ei busk av solbær og hagerips (SE – svært høg risiko).

Skjøtsel og omsyn: Det er positivt dersom ein tek opp att beite i skogen. Elles er det beste for naturverdiane om skogsvegen midt i lokaliteten får gro att, og lokaliteten elles får vera urørt utan inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Gråor-heggeskog er sjeldan i kommunen, med få, ganske små og spreidde lokalitetar.

Verdivurdering: Lokaliteten omfattar intermediær hagemark i gjengroing som går over mot rik gråor-heggeskog med innslag av eldre lauvtre. Det er stadvis ein del daudt trevirke, og typisk høgstaudepreg i feltsjikt, men utan spesielt kravfulle artar. Han får derfor verdi C – lokalt viktig.

16059b Gjørsvik

| | |
|----------------------|----------------------|
| Kommune: | Tingvoll |
| IID: | BN00045990 |
| Naturtype: | F05 Gråor-heggeskog |
| Delnaturtype: | F0502 Liskog/raviner |
| Verdi: | C |
| Feltsjekk: | 10.09.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opphavleg skildra av Gaarder (1997; 2009) basert på eige feltarbeid i 1996/1997. Han er seinare revidert av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning 16.02.2017, basert på eige feltarbeid utført 10.09.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0 i skala 1:5000. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten Gjørsvik med IID BN00045990 blir her vidareført med små justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten langs ligg ein bekk på sørsida av gardsbruket på Gjørsvik. Han grensar mot granplantefelt og dyrkamark i nord, og fattigare blandingskog mot sør. På nordsida av bekken går ein kjerreveg, delvis innanfor lokaliteten. Vidare nedover bekken er påverknaden av hogst og granplanting for stor til å inkluderast i avgrensinga. Det meste av lokaliteten og dei best utvikla områda ligg på sørsida av bekken. Berggrunnen består for det meste av diorittisk til granittisk gneis. Lausmassane er morenemateriale (www.ngu.no). Lokaliteten ligg i boreonemoral (BN) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) (Moen 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er gråor-heggeskog i ein ravinedal med ein liten bekk i botnen. Delnaturtype er liskog/raviner (F0502). Vegetasjonen er av typen høgstaude (NiN-grunntype T4-C-18) med ein del nitrofile artar. Gråor er dominerande treslag. Elles finst ein del hegg, dessutan bjørk, selje, rogn og furu.

Artsmangfald: Av planteartar kan nemnast markjordbær, hengeving, mjødukt, bringebær, fugletelg, gaukesyre, skogfiol, strutseving, trollurt, kvitbladtistel og skogstorkenebb. Feltsjiktet er dominert av mosar, blant anna storkransmose, etasjemose, sigdmosar, bjørnemosar og prakthinnemose.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er ung til middelaldrande med ein god del gråor med diameter mellom 20-30 cm (den største 40 cm). Det finst noko daud ved, om lag 7-9 læger per daa. i tillegg til ein del småstokkar av gråor. Det er spor etter hogst. Det er også stadvis ein del open jord på grunn av dyretrakk og erosjon.

Framande artar: Ingen registrerte, men norsk gran står heilt inntil lokalitetsgrensa.

Skjøtsel og omsyn: Granplantefeltet som ligg heilt inntil lokalitetsgrensa i nord kan med fordel fjernast. Elles er det beste for naturverdiane om lokaliteten får vera urørt utan inngrep som blant anna hogst og forsøpling.

Del av heilskapleg landskap: Gråor-heggeskog er sjeldan i kommunen, med få, ganske små og spreidde lokalitetar.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein ganske liten og ikkje spesielt godt utvikla gråor-heggeskog noko daudt trevirke og nokre grove gråor. Han vurderast derfor under tvil å ha verdi C – lokalt viktig.

16060 Hanemstrøa

| | |
|----------------------|----------------------|
| Kommune: | Tingvoll |
| IID: | BN00045999 |
| Naturtype: | F05 Gråor-heggeskog |
| Delnaturtype: | F0502 Liskog-raviner |
| Verdi: | C |
| Feltsjekk: | 21.08.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opphavleg skildra av Gaarder (1997; 2009). Han er seinare revidert av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning 29.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 21.08.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0 i skala 1:5000. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten Hanemstrøa med IID BN00045999 blir her vidareført med små justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei ravine langs Trøelva på oppsida av vegen. Han grensar til dyrkamark på begge sider av elva, og sluttar i øvre delar der ravinen slakkar ut, og andre treslag enn gråor blir meir dominerand. Berggrunnen består av diorittisk

til granittisk gneis. Lausmassane består av morenemateriale (www.ngu.no). Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) (Moen 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er gråor-heggeskog dominert av gråor, elles med innslag av bjørk, hegg, selje, hassel og rogn. Delnaturtype er liskog-ravine (F0502), og kan etter nytt system beskrivast som naturtypen gamal boreal lauvskog, og delnaturtypen gamal gråor-heggeskog. Vegetasjonen er av typen høgstaudeskog (NiN-grunntype T4-C-18).

Artsmangfald: Av planter kan nemnast gauksyre, hengeveng, fugletelg, skogstorkenebb, gullris og sølvbunke. Stadvis er meir typiske høgstaudeartar vanlige, som strutseving, kratthumbleblom, trollurt og vendelrot. Mosar: storkransmose og flettemosar dominerer, av andre finst m.a. krusfagermose. Den gamle skildringa nemner at fleire av dei vanlege artane i lungeneversamfunnet er sparsamt representert.

Bruk, tilstand og påverknad: Gråora har stort sett ein diameter på 20-30 cm. Av død ved er det rundt 7 tre pr. daa med diameter rundt 20-30 cm, pluss ein del småstokkar (både ståande og liggande). Det meste er gråor. Det er ein del forsøpling inne på lokaliteten, særleg i sør like ved der ein kjerreveg kryssar bekken. Det vart registrert ei nokså grov bjørk.

Framande artar: Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn: Ein bør fjerne forsøplinga på lokaliteten. Elles er det beste for naturverdiane om lokaliteten får vera urørt utan inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Gråor-heggeskog er sjeldan i kommunen, med få, ganske små og spreidde lokalitetar.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein ganske liten men ganske godt utvikla gråor-heggeskog med ein del daudt trevirke og grove gråor. Han vurderast derfor å ha verdi C – lokalt viktig.

16061: Holtavatnet vest

| | |
|----------------------|--------------------|
| Kommune: | Tingvoll |
| IID: | BN00038384 |
| Naturtype: | F06 Rik sumpskog |
| Delnaturtype: | F0601 Rik sumpskog |
| Verdi: | C |
| Feltsjekk: | 07.07.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opprinneleg skildra av Gaarder i 2007 basert på eigne feltturar i perioden 2004-2006. Han er seinare revidert av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning 31.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 07.07.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0 i skala 1:5000. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten Holtavatnet vest med IID BN00038384 blir her vidareført med små justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg like ved bilvegen på høgda mellom Tingvoll sentrum og Vågbø. Han ligg i nedkant av eit større, delvis intakt myrområde der store delar har blitt oppdyrka. I aust finst ein skogrest med lågurtskog. Berggrunnen består av diorittisk til granittisk gneis (www.ngu.no). Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen og delnaturtypen er rik sumpskog (F0601; NiN-grunntype V2-C-3) med blandingskog av mest bjørk, elles litt furu,

rogn, gråor og hegg. Feltsjiktet er i stor grad dominert av blåtopp, og det er innslag av kalkkrevande artar.

Artsmangfald: Spesielle funn inkluderar stortviblad, som er kalkkrevande, og takrøyr som står ved vegen og strekkjer seg eit lite stykke inn i skogen. Elles kan det nemnast kratthumleblom, kvitmaure, mjødukt, sumphaukeskjegg, elvesnelle, fjelltistel, gullris, bringebær, hengeaks, maiblom, torvmosar, stortviblad, sløkje, storkransmose og engkransmose. I den gamle skildringa er det også nemnt gulstorr og blåknapp.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er for det meste ung til middelaldrande, med ein del kratt spesielt av bjørk. Det er lite dødved, og for det meste tynne, liggande stokkar. Store delara av myrområdet på høgda her, "Tørrlendet", er påverka av grøfting og oppdyrking. Ei større grøft med ein bekk går også gjennom lokaliteten, og har nok bidrege til noko uttørking at delar av sumpskogen.

Framande artar: Platanlønn (SE – svært høg risiko).

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera urørt utan inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten skil seg ut frå anna sumpskog i området ved å huse nokre kalkkrevande artar.

Verdivurdering: Myrskogsmark som naturtype er raudlista som nært truga (NT) (Lindgaard 2011). Lokaliteten er ein ganske liten rest av rik sumpskog med nokre kravfulle artar, og som er delvis uttørka på grunn av grøfting, og påverka av hogst. Han vurderast derfor å ha verdi C – lokalt viktig.

16062 Kamlia nordvest

| | |
|----------------------|----------------------|
| Kommune: | Tingvoll |
| IID: | BN00016699 |
| Naturtype: | F01 Rik edellauvskog |
| Delnaturtype: | F0105 Alm-lindeskog |
| Verdi: | A |
| Feltsjekk: | 11.09.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opphavleg skildra av Hagen (2000), basert på Holten (1979), samt supplert med informasjon av J. B. Jordal i 2007, som informerte om at den gamle avgrensinga fylgde Gaarder (1993). Han er seinare revidert av Kristin Wangen 19.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 11.09.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0 i skala 1:5000. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten Kamlia med IID BN00016699 blir her vidareført, men med store justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei bratt, sørvestvendt lisode nedanfor bergrota og i øvre del av ei grov steinur. Elles grensar han til boreal blandingslauvskog stort sett av typen svak lågurt (NiN-grunntype T4-C-2). Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består av forvitningsmaeriale (www.ngu.no). Lokaliteten ligg på rundt 400 meter over havet, i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) (Moen 1998). **Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Naturtypen er hovudsakeleg rik edellauvskog med mykje alm (VU), bjørk og rogn og litt hegg (mest busker), hassel, og selje. Delnaturtype er alm-lindeskog (F0105), som etter nytt system blir kalla rasmark- og ravine-almeskog. Skogen veks delvis i ura, og har elles eit sparsamt jordlag der vegetasjonen i

hovudsak er av typen høgstaude, men med innslag av lågurt (NiN-grunntypene T4-C-18 og T4-C-3).

Artsmangfald: Av planter kan nemnast rikelige mengder av den regionalt sparsame blankstorkenebb, elles markjordbær, bringebær, kratthumleblom, mjøddurt, ormetelg, stornesle, stankstorkenebb, skogstorkenebb, myske, vendelrot, taggbregne, firkantperikum, storfrytle, hengjeaks, svartburkne, skogsvinerot, skogstjerneblom, liljekonvall, firblad og storkransmose. Lungeneversamfunn er sparsamt utvikla på selje, rogn og alm. På alm vart det registrert reipmose, grynfiltlav, vanlig blåfiltlav og skrubbenever. I 2007 vart den gamle skildringa supplert av J. B. Jordal med artane skogstorr, tårnurt, sanikkel, kransmynte, vårerteknapp, grov nattfiol, fingerstorr og krattlodnegras, men stadfestinga er dårleg. I Artskart er det i tillegg registrert (Ø. Folden 19.09.2009) lundgrønaks, bergfrue, kranskonvall, svarterteknapp, legeveronika og lodnebregne.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med litt daudt trevirke, men få gamle og grove tre. Alma har i hovudsak ein diameter på rundt 25-35 cm, og det er lite hjortegneg på trea. Geit og sau beitar i lia, og ein bør vere merksam på at det er ein viss fare for at geita kan hindre forynging av alm ved å selektivt beite på unge almeskot.

Framande artar: Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera urørt utan inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Det finst elles spreidde alm i søraustleg del av lisida med innslag av alm-lindeskog, men det meste er boreal blandingskog der vegetasjonen er blåbær til svak lågurt, med innslag av høgstaude. Elles er lokaliteten noko spesiell på grunn av den høge lokaliseringa, i tillegg til at rasmark- og ravine-almeskog er sparsam i regionen.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein nokså stor rik edellauvskog med ein del kjenneteiknande edellauvskogsartar, og han er av ein spesiell verdifull delnaturtype. Han må også sjåast i samanheng med lokaliteten Kamlia søraust, noko som tel positivt på verdien. Han får derfor verdi A- svært viktig.

16063 Kamlia søraust

| | |
|----------------------|----------------------|
| Kommune: | Tingvoll |
| IID: | NY |
| Naturtype: | F01 Rik edellauvskog |
| Delnaturtype: | F0105 Alm-lindeskog |
| Verdi: | B |
| Feltsjekk: | 11.09.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er skildra av Kristin Wangen 19.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 11.09.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0 i skala 1:5000. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Lokaliteten er skild ut frå den gamle naturbaselokaliteten Kamlia med IID BN00016699, som er vidareført med namnet Kamlia nordvest. Den gamle lokaliteten er skildra av Hagen (2000), basert på Holten (1979), samt supplert med informasjon av J. B. Jordal i 2007. Den gamle avgrensinga fylgde Gaarder (1993).

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei bratt, sørvestvendt liside nedanfor bergrota. Elles grensar han til boreal blandingslauvskog av svak lågurt og noko høgstaude (NiN-grunntype T4-C-1, T4-C-2 og T4-C-18). Berggrunnen består av gneis (www.ngu.no). Lausmassane består av tynt humusdekke over grov steinur. Lokaliteten ligg på rundt 400

meter over havet, i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) (Moen 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er rik edellauvskog med nokre få, middels store ustyva almetre (VU) og elles bjørk, selje, rogn og hegg (mest busker). Skogen veks i ur, og har eit sparsamt jordlag der vegetasjonen i hovudsak er av typen høgstaude (NiN-grunntype T4-C-18). Dermed er delnaturtypen er etter ny metodikk rasmark- og ravine-almeskog, men passar etter gamalt system best som alm-lindeskog (F0105).

Artsmangfald: Av planter kan nemnast markjordbær, bringebær, kratthumleblom, mjørdurt, ormetelg, stankstorkenebb, skogstorkenebb, myske, skogfiol, storfrytle, taggbregne, og junkerbregne. I den gamle skildringa er det nemnt at skogstorr er funne fleire stadar i søraustleg del av lia, men det er tvilsamt at arten veks innanfor denne lokaliteten.

Lungeneversamfunnet er sparsamt utvikla.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med litt daudt trevirke, men ingen særleg gamle og grove tre. Alma har i hovudsak ein diameter på rundt 20-30 cm, og det er lite hjortegneg på trea. Geit og sau beitar i lia, og ein bør vere merksam på at det er ein viss fare for at geita forhindrar forynging av alm ved å selektivt beite på unge almeskot.

Framande artar: Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera urørt utan inngrep. Beite av sau og geit vil ikkje vere negativt for naturverdiane.

Del av heilskapleg landskap: Det finst ein større lokalitet av rasmark- og ravine-almeskog like nordvest for lokaliteten, elles er det meste av lisida blandingskog der det meste av vegetasjonen er blåbær til svak lågurt, med innslag av høgstaude. Elles er lokaliteten noko spesiell på grunn av den høge lokaliseringa av rik edellauvskog, og at rasmark- og ravine almeskog er mindre vanlig i distriktet.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein liten lokalitet med rik edellauvskog med nokre kjenneteiknande edellauvskogsartar, men som er av ein spesielt verdifull delnaturtype. Han må også sjåast i samanheng med lokaliteten Kamlia nordvest, som tel positivt på verdien. Han får derfor verdi B- viktig.

16064 Kamlia søraust – gamal alm

| | |
|----------------------|---------------------|
| Kommune: | Tingvoll |
| IID: | NY |
| Naturtype: | D12 Store gamle tre |
| Delnaturtype: | D1204 Gamal tre |
| Verdi: | C |
| Feltsjekk: | 11.09.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er skildra av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning 20.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 11.09.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0 i skala 1:5000. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Lokaliteten er skild ut frå den gamle naturbaselokaliteten Kamlia med IID BN00016699, som er vidareført som ein mindre lokalitet med namn Kamlia nordvest. Den gamle lokaliteten er skildra av Hagen (2000), basert på Holten (1979), samt supplert med informasjon av J. B. Jordal i 2007. Den gamle avgrensinga fylgde Gaarder (1993).

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar eit almetre som står like nedanfor ein bergknaus i ei sørvestvendt lise. Skogen omkring er i hovudsak boreal blandingskog av

typen svak lågurt til lågurt og noko høgstaude (NiN-grunntype T4-C-2 til T4-C-3 og T4-C-18), med innslag av hassel og enkelte almetre. Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består av tynt humusdekke på berg (www.ngu.no). Lokaliteten ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) (Moen 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er gamalt tre av alm, der skogen rundt ikkje oppfattast å ha nok verdiar til å bli kartlagt som rik edellauvskog. Vegetasjonen rundt alma er av typen høgstaude (T4-C-18), men utan særleg kravfulle edellauvskogsartar.

Artsmangfald: På alma vart det registrert dei trivielle artane grynorkje og lønnekjuke, men det er potensiale for meir kravfulle artar.

Bruk, tilstand og påverknad: Alma har ein diameter på 150 cm i diameter ved brysthøgde. Det vart registrert sparsamt med daud ved på alma, ingen holrom anna enn mellom røtene. Den er ikkje styva, og har lite skade frå hjort.

Framande artar: Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om alma og skogen rundt får stå urørt utan inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Litt ovanfor alma finst ein mindre lokalitet med alm-lindeskog, og enkelte almar (to stk. registrert) finst elles spridd i skogen ned mot hyttene ved vegen.

Verdivurdering: Lokaliteten er ei grov, gamal alm utan registrerte raudlisteartar. Alma oppnår inngongsverdi på diameter, og fangast dermed opp som stor gamal alm med verdi C – lokalt viktig. Ytterligere registreringar med raudlistefunn kan auka verdien.

16065 Li: lokalitet B

| | |
|----------------------|------------------------|
| Kommune: | Tingvoll |
| IID: | BN00045897 |
| Naturtype: | F01 Rik edellauvskog |
| Delnaturtype: | F0103 Rikt hasselkratt |
| Verdi: | A |
| Feltsjekk: | 21.07.2016 |
| Stadkvalitet: | 3 |

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten vart opphavleg skildra av G. Hagen (2000) basert på Gaarder (1993), med supplerte skildringar frå 2009 (Gaarder 2009) basert på feltskjema for nøkkelbiotopkartlegginga i skog 1996/97 (Gaarder 1997). Han er seinare revidert av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning 24.01.2017, basert på eige feltarbeid utført 20.08.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0 i skala 1:5000. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten Li: lokalitet B med IID BN00045897 blir her vidareført med mindre justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei bratt søraustvendt li, ovanfor garden Li, nokre km nord for Kanestraum. Lokaliteten grensar i søraust og sørvest mot granplantefelt, og elles mot furudominert skog i overkant, og busetnad og kunstmark i underkant. I underkant grensar han også delvis mot ein lokalitet med gjengrodd naturbeitemark, i dag verdsatt som kjelder og kjeldebekkar. Berggrunnen består blant anna av rik glimmerskifer. Lausmassane består av morene, myr og bart fjell (www.ngu.no). Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) (Moen 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg rik edellauvskog med hassel som dominerande edellauvtre, og med spreidde alm. Elles finst bjørk, furu, rogn, gråor, hegg, osp og selje. Delnaturtype er rikt hasselkratt (F0103), der NiN-

grunntype for det meste er lågurtskog (ca. 70 %) med innslag av kalklågurtskog (ca. 10 %), og i øvre delar innslag av storbregneskog (ca. 20 %) (NiN-grunntype T4-C-3, T4-C-4 og T4-C-17). Dei største verdiane vart funne i sørvestlege del av lokaliteten, der innslaget av noko meir kravfulle lågurtartar som ramslauk og sanikkel vart funne, samt den sjeldsynte arten snau vaniljerot (NT). Delar av lokaliteten har ein del innslag av gamle lauvtre og daudt trevirke, og overlappar derfor med naturtypen gamal lauvskog (F0702 gamal bjørkesuksesjon, ca 15 %).

Artsmangfald: Av planter vart det registrert myske, ormetelg, hengeving, sumphaukeskjegg, ramslauk, markjordbær, storkransmose, skogfiol, hengjeaks, gulaks, bleikstorr, skogsalat, storfrytle, jordnøtt, sanikkel, breiflangre, kratthumleblom, skogsvinerot, stankstorkenebb, firblad, trollurt, storklokke, kranskonvall, og den nært truga arten snau vaniljerot (NT). Det er eit rikt fugleliv i lia, der G. Gaarder på sine befaringar i 1993/97 registrerte fuglane gråspett, kvitryggspett, dvergspett og grønspekk, vendehals, fjellvåk, trekryper og spettmeis. Frå Artskart kan det supplerast med artane svartburkne, brunrot, taggbregne, og lavartane puteglye, vanlig blåfiltlav, lungenever, skrubbenever, grynfiltilav, kystfiltlav og gulbrun narrevokssopp som er lagt inn av G. Gaarder i 06.07.1993, og ospeildkjuke og gulgrøn lærhatt lagt inn av Ø. Folden 09.11.2008.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande til gamal, med ein del daudt trevirke, og innslag av eldre seljer med mykje lungenever og med diameter opp til 50 cm.

Framande artar: Det finst enkelte planta norsk gran også innanfor lokaliteten, men som ikkje er mogleg å skilje ut på nokon fornuftig måte.

Skjøtsel og omsyn: Det er ein fordel og gran blir fjerna frå lokaliteten og erstatta med stadeigne treslag. Elles er det beste for naturverdiane om lokaliteten får vera urørt utan inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Det finst spreidde lokalitetar med rik edellauvskog i ytre delar av Tingvoll, der dette er ein av dei større lokalitetane.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein rik edellauvskog som delvis overlappar med naturtypen gamal lauvskog. Her er ein del kravfulle edellauvskogsartar inkludert den sjeldsynte arten snau vaniljerot (NT), eit middels godt utvikla lungeneversamfunn, og verkar å vere ein god spettebiotop. På grunn av storleiken oppnår han under tvil verdi svært viktig – A.

16066 Seterbekken nær Husaelva

| | |
|----------------------|---------------------|
| Kommune: | Tingvoll |
| IID: | BN00045977 |
| Naturtype: | F05 Gråor-heggeskog |
| Delnaturtype: | F0501 Flaummarkskog |
| Verdi: | C |
| Feltsjekk: | 29.06.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opphavleg skildra av Gaarder (1997; 2009) basert på eige feltarbeid i 1996/1997. Han er seinare revidert av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning 31.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 29.06.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0 i skala 1:5000. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten Seterbekken nær Husaelva med IID BN00045977 blir her vidareført med små justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på ei flate nord for Kjerkjeberget langs eit meanderande parti av Seterbekken som går ut i Husaelva. Han grensar delvis til fattig

myrflate i vest, mot eit granplantefelt i søraust, og elles mot fattig blåbærskog og somme stadar kalkfattig myrskog (NiN-grunntype T4-C-1 og V2-C-1). Berggrunnen består av diorittisk til granittisk gneis. Lausmassane består av morenemateriale (www.ngu.no). Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) (Moen 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er gråor-heggeskog dominert av gråor, elles med ein del furu, og litt bjørk og rogn. Delnaturtype er flaummarkskog (F0501, NiN-grunntype T30-C-2). Vegetasjonen er stort sett veldig fuktig, ofte dominert av torvmosar og bjørnemosar, og går somme stadar over mot intermediær myrskog (V2-C-2).

Artsmangfald: Av planter kan nemnast kvitveis, einstape, maigull, sumphaukeskjegg, gaukesyre, hengeveng, ein del sølvbunke, gulaks, skogstjerne. Mosar: torvmosar, bjørnemosar ofte dominerande, elles ein del engkransmose og etasjemose.

Bruk, tilstand og påverknad: Ein god del gråor med diameter opp mot ca. 25 cm, i tillegg til ein del yngre gråor. Noko død ved, både gadd med diameter opp mot 25 cm, og ein del liggande, mest småstokkar. Få samlingar med død ved langs bekken. Delar av flaummarkskogen er fortrent av granplantefeltet i utkant av søraustre del av lokaliteten. Husaelva har tidlegare vore senka, noko som truleg også påverkar miljøet langs Seterbekken. Framande artar: Norsk gran.

Skjøtsel og omsyn: Det vil vere ein fordel med ein terskel (for eksempel ein stor stein) nedst mot Husaelva for å unngå senking av grunnvasstand og for sterk erosjon i bekken. Elles er det beste for naturverdiane om lokaliteten får vera urørt utan inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Flaummarkskogen går over mot intermediær og fattig myr- og sumpskog. Flaummarkskogar er relativt sjeldsynte i distriktet, med få, små og spreidde lokalitetar.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein ganske liten flaummarkskog med noko daudt trevirke, men utan funn av spesielle artar. Han vurderast derfor å ha verdi C – lokalt viktig.

16067 Skaret

| | |
|----------------------|---------------------|
| Kommune: | Tingvoll |
| IID: | BN00045998 |
| Naturtype: | F05 Gråor-heggeskog |
| Delnaturtype: | F0501 Flaummarkskog |
| Verdi: | C |
| Feltsjekk: | 14.08.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opphavleg skildra av Gaarder (1997; 2009) basert på eige feltarbeid i 1996/1997. Han er seinare revidert av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning 21.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 14.08.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0 i skala 1:5000. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten Skaret med IID BN00045998 blir her vidareført med små justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på vestsida av Hanemsvatnet der ein bekk dannar eit delta med flaummarkskog ved utløpet til Hanemsvatnet. Mot utløpet av bekken går det gradvis over i kalkfattig sumpskogsmark (V2-C-1) og til slutt kalkfattig helofyttsump (L4-C-1), som ikkje er inkludert i avgrensinga. I vest grensar han mot eit granplantefelt, og elles mot blåbærskog (NiN-grunntype T4-C-1) der furu er dominerande treslag. Berggrunnen består av diorittisk til granittisk gneis. Lausmassane består av middels grove elveavsetningar

(grus og stein) (www.ngu.no). Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) (Moen 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er gråorheggeskog dominert av gråor, og elles sparsamt med furu, bjørk, rogn og enkelte busker av frøspredde norsk gran. Delnaturtype er flaummarkskog (F0501) på finmateriale (NiN-grunntype T30-C-2). Feltsjiktet er dominert av sølvbunke og smårøyrkvein.

Artsmangfald: Av planter kan nemnast sølvbunke, smårøyrkvein, bringebær, blåtopp, gaukesyre, skogsnelle, trollurt, maiblom, myrfiol, skjoldberar, skogstjerneblom, hengeveng, fugletelg og ein nøkleblom (truleg hagenøkkeblom). Mosar er etasjemose, engkransmose og spriketormose.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er dominert av gråor av små dimensjonar, stort sett 15-25 cm i diameter. Det finst noko død ved, både ståande og liggande, rundt 7 tynne stokkar per daa. Lokaliteten grensar mot eit granplantefelt i vest, og nokre busker av gran har etablert seg i lokaliteten. I vest kryssar ein skogsveg bekken, og her er noko køyrespor. Det er også hogd noko gråor her.

Framande artar: Norsk gran.

Skjøtsel og omsyn: Granplantefeltet er ein stor trussel for lokaliteten, særleg fordi grana etablerer seg på lokaliteten. Ein kan med fordel fjerne etablerte grantre, og vidare passe på at det ikkje etablerer seg nye grantre på lokaliteten. Elles er det beste for naturverdiane om lokaliteten får vera urørt utan inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Flaummarkskogen heng saman med eit lite våtmarksområde med fattig myr og helofyttsump langs vasskanten. Naturtypen er relativt sjeldan i området, men det finst spreidde lokalitetar av mest små, dårleg utvikla gråor-heggeskogar. Nærmaste flaummarkskog er lokaliteten Toska.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein ganske liten lokalitet med flaummarkskog, som ikkje er spesielt godt utvikla, og utan funn av kravfulle artar. Naturtypen er likevel sjeldan i distriktet, og får derfor verdi C – lokalt viktig.

16068 Toska

| | |
|----------------------|---------------------|
| Kommune: | Tingvoll |
| IID: | BN00045994 |
| Naturtype: | F05 Gråor-heggeskog |
| Delnaturtype: | F0501 Flaummarkskog |
| Verdi: | C |
| Feltsjekk: | 14.08.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleing: Lokaliteten er opphavleg skildra av Gaarder (2009) basert på eige feltarbeid i 1996/1997. Han er seinare revidert av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning 20.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 14.08.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0 i skala 1:5000. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten Toska med IID BN00045994 blir her vidareført med små justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordsida av Hanemsvatnet der Toskeelva dannar eit lite delta med flaummarkskog. Mot vasskanten går det gradvis over i kalkfattig sumpskogsmark (V2-C-1) og til slutt kalkfattig helofyttsump (L4-C-1), som ikkje er inkludert i avgrensinga. Elles grensar han mot eit granplantefelt og noko blandingsskog av typen blåbærskog. Berggrunnen består av diorittisk til granittisk gneis. Lausmassane består av

middels grove elveavsetningar (grus og stein) (www.ngu.no). Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) (Moen 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er gråor-heggeskog dominert av gråor, elles med innslag av rogn, bjørk og busker av norsk gran. Delnaturtype er flaummarkskog (F0501) på finmateriale (NiN-grunntype T30-C-2). Feltsjiktet er dominert av sølvbunke, blåtopp og smårøyrkvein.

Artsmangfald: Flaummarkskogen er dominert av sølvbunke, blåtopp og smårøyrkvein. Andre artar er bjørnemosar, spriketormose, storkransmose, etasjemose, gaukesyre, sumphaukeskjegg, mjørdurt, skjoldberar, trollurt, myrfiol, hengeveing, skogsnelle og gullris. Ut mot vasskanten kjem det inn vierkratt, og etter kvart helofyttsump med flaskestorr, slåttestorr, pors, myrhatt og stjernestorr.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er dominert av gråor av små dimensjonar, dei største opp til 20 cm i diameter. Det finst noko død ved, mest ståande, rundt 5 tynne stokkar per daa. Lokaliteten grensar mot eit granplantefelt langs store delar av randen, og nokre busker av gran har etablert seg på lokaliteten. Ein skogsveg kryssar bekken.

Framande artar: Norsk gran.

Skjøtsel og omsyn: Granplantefeltet er ein stor trussel for lokaliteten, både på grunn av at den skuggar ut flaummarkskogen, og fordi grana etablerer seg på lokaliteten. Utanfor lokaliteten, eit lite stykke vidare opp langs elva, er det tydeleg at granplantefeltet er i ferd med å fortrenge delar av gråor-heggeskogen. Det er fare for at dette kan skje også med resten av gråor-heggeskogen. Det kan derfor med fordel fjernast gran i området rundt lokaliteten. Elles er det beste for naturverdiane om lokaliteten får vera urørt utan inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Flaummarkskog er relativt sjeldan i distriktet, men det finst spreidde lokalitetar av mest små, dårleg utvikla gråor-heggeskogar. Nærmaste flaummarkskog er lokaliteten Skaret.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein ganske liten lokalitet med flaummarkskog, som ikkje er særleg godt utvikla, og utan funn av kravfulle artar. Naturtypen er likevel sjeldan i distriktet, og får derfor verdi C – lokalt viktig.

16069 Vatsellen - Berget

Kommune: Tingvoll
IID: BN00045905
Naturtype: F01 Rik edellauvskog
Delnaturtype: F0103 Rikt hasselkratt
Verdi: A
Feltsjekk: 24.08.2016
Stadkvalitet: 3

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opphavleg skildra av Gaarder (2009) basert på eige feltarbeid inkludert tidlegare vitjingar (Gaarder 1993; Gaarder et. al. 1997). Han er seinare revidert av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning 15.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 28.07.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0 i skala 1:5000. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Lokaliteten er vitja av fleire botanikarar/biologar, blant anna Øystein Folden, M. Hansen, Jarle Holten, Terje O. Nordvik og registreringane deira i Artskart er nytta i skildringa. Også J. I. Holtan kartla området på 1970-talet. Den gamle naturbaselokaliteten Vatsellen – berget med IID BN00045905 blir her vidareført med små justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei bratt, sørvestvendt lise nord for Storvatnet og mellom gardane Vatsellen i aust og Berget i vest. I underkant av lokaliteten går ein grusveg. Han grensar i vest delvis mot granplantefelt, og elles mot boreal lauvskog der hassel somme stadar opptrer, og der vegetasjonen i hovudsak er av typen lågurt, men utan særleg omfang av kravfulle edellaauvskogsartar. Avgrensinga mellom skog som er forvaltningsprioritert og ikkje, er diffus og noko usikker, men dei største verdiane er utan tvil fanga opp. Berggrunnen består av glimmerskifer/glimmergneis og diorittisk til granittisk gneis. Lausmassane består for det meste av tynt humusdekke over berggrunnen (www.ngu.no). Lokaliteten ligg i stert oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h) (Moen 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg rik edellaauvskog dominert av hassel, og elles er treslaga selje, bjørk, furu og rogn vanlige samt litt hegg, osp og alm (VU). Delnaturtypen er rikt hasselkratt (F0103), der vegetasjonen er dominert av kalklågurtskog (NiN-grunntype T4-C-4, 40-50 %), samt ein del lågurtskog (T4-C-3 30-40 %). Kalkkrevjande artar om lundgrønaks og sanikkel dominerer store delar av lia, og breiflangre er lokalt vanlig. I vest er innslag av delnaturtypen gråor-almeskog (F0106, < 10 %), med dominans av alm og gråor, samt ein del hassel og hegg. Det er også innslag av fattigare blåbær- og svak lågurtskog (T4-C-1 og T4-C-2, ca. 10-20 %) som ikkje blir fornuftig å skilje ut.

Artsmangfald: Av planter kan nemnast sanikkel (rikeleg), breiflangre (stadvis rikeleg), kusymre, lundgrønaks (dominerer store delar av lia), ormetelg, myske (rikeleg), skogslat, hengeveng, svartburkne, liljekonvall, kranskonvall, ramslauk, hengjeaks, skogsvinerot, trollbær, hundekveke, firblad, jordnøtt, hengeveng, markjordbær og storklokke. På almelager vart det funne almekolsopp (NT). Lungeneversamfunna er ganske godt utvikla. I Artskart er det også registrert dei sjeldne karplantene fuglereir (to registreringar) og falkbregne (først registrert av J. I. Holtan, einaste lokalitet i Tingvoll), samt vill-løk, skogfaks, lerkespore, fingerstorr, kransmynte, vårerteknapp, vårmarihand, svarterteknapp, grov nattfiol, taggbregne, kjempesvingel, tårnurt, og lavartane kystdoggnål (NT), bleik kraterlav (VU), puteglye, grynfiltlav, vanlig blåfiltlav, sølvnever, kystnever og filthinnelav. I den gamle skildringa (Gaarder 2009) er det også nemnt bleikdoggnål (NT), og soppartane ospekjuke og rustkjuke, og det er potensiale for raudlista sopp knytt til lågurtskog og kalkskog med hassel. I følgje Valde (2000) er det observert fjellvåk og dvergspett i området.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er ganske gamal, med ein del daudt trevirke, og jamt med innslag av gamle og grove lauvtre. Blant anna er det registrert bjørketre med diameter opp til 50 cm, og det finst spreidde, styva alm særleg i aust, men også i vest (bl.a. ved UTM 32V 148753, 7011976 ei alm på 110 cm diameter og med holrom), og ikkje-styva alm med diameter opp til 40 cm. Det finst innslag av planta norsk gran innanfor avgrensinga, blant anna registrert rundt UTM 32V 148170 7012152. Det går ein bilveg i underkant av lokaliteten.

Framande artar: Norsk gran.

Skjøtsel og omsyn: Granplantefeltet aust for lokaliteten, og gran innanfor lokaliteten (sjå koordinat over) kan med fordel fjernast, slik at stadeigne lauvtre kan ta over. Å ta opp at styving av almane er positivt dersom ein gjer det på riktig måte i samråd med erfarne folk, og på tre som har restaureringspotensiale. Elles er det beste for naturverdiane om lokaliteten får vera urørt utan inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Det finst spreidde lokalitetar med rik edellaauvskog i Ytre Tingvoll, men denne lokaliteten skil seg ut ved å være ekstra stor og kalk- og artsrik med fleire raudlista artar.

Verdivurdering: Lokaliteten er stor, er i stor grad dominert av kravfulle edellauvskogsartar, samt at det er registrert fire raudlisteartar og med høgt potensial for fleire. Han får derfor utan tvil verdi A (svært viktig).

16070 Faksen aust

Kommune: Vestnes
IID: BN00010943
Naturtype: F07 Gammel lauvskog
Delnaturtype: F0703 Fuktig kystskog
Verdi: B
Feltsjekk: 05.10.2016
Stadkvalitet: 4

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er skildra av Geir Gaarder, Miljøfaglig Utredning 31.01.17, delvis basert på eige feltarbeid 5.10.2016 som del kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på vegne av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Dette var ein revisjon av ein lokalitet som vart inkludert i den kommunale naturtypekartlegging av Jordal (2003), men da med grunnlag i Korsmo & Svalastog (1997) sine barskogundersøkingar. Skildringa er no heilt endra med grunnlag i det nye feltarbeidet, og berre ein liten teig med avvikande skogsmiljø er oppretthalden. Dette som følgje av meir kritisk bruk av metoden og krav for å rekne noko som ein verdifull naturtype. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0 i skala 1:5000. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei nordvendt li ned mot sjøen rett på austsida av Faksneset, eit stykke vest for Furneset. Rundt verdt det noko fattigare skog på alle kantar. Berggrunnen verkar nokså kalkfattig. Det er innslag av 1-2 meter høge, litt fuktige bergveggar mot sør. Ein liten bekk renn gjennom lokaliteten.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Innanfor avgrensa lokalitet er det mest lågurtskog (75%) og litt svak høgstaudeskog (25%). Helst er det overgang mot svak lågurtskog nokre stader.

Artsmangfald: Furu er viktigaste treslag (over 50%), men det er også noko bjørk her (over 25%), samt ein handfull hasselkratt (over 12%). Elles innslag av m.a. rogn, selje og gråor, samt ei osp lengst aust. Feltsjiktet var ikkje særleg rikt, men litt myske og elles funn av enghumleblom, skogfiol og bringebær. Derimot vart det på hasselkratta funne fleire noko fuktkrevjande lav, inkludert truleg sparsamt med regnskogsarten *Arthonia stellaris* (VU), samt den noko uvanlege (så langt mot nord) mengdeartene vanleg rurlav *Thelotrema lepadinum* og også noko kattefotlav og gammelgranlav. Av andre artar kan ein trekkje fram funn av lungenever og grynfiltlav.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten har skog i ein sein optimalfase, på grense mot aldringsfase. Inkludert nokre nokså grove furutre på opp mot 50 cm i dbh. Einskilde læger og gadd, også noko morkne læger. Nokre av hasselkratta er nokså store, utan at dei einskilde stammene er særleg grove.

Framande artar: Det er innslag av ein del småplanter av platanlønn (SE – svært høg risiko) her.

Skjøtsel og omsyn: Det er særleg viktig å la hassel få stå i fred, men også hard hogst av andre stadeigne treslag vil raskt redusere naturverdiane. Derimot er det naudsynt å fjerne platanlønna for at ikkje den skal ta overhand.

Del av heilskapleg landskap: Litt lenger aust i same fjordli er det fleire fuktige hasselkratt, der mykje av dei same og også ytterlegare nokre fuktkrevjande lav har vore funne.

Verdivurdering: Lokaliteten er ikkje særleg stor, men fleire noko kravfulle artar veks her, inkludert ein sårbar art. Verdien vert difor sett til viktig – B.

16071 Dalsfjorden: Breidefonna

Kommune: Volda
IID: NY
Naturtype: F01 Rik edellauvskog
Delnaturtype: F0103 Rikt hasselkratt
Verdi: A
Feltsjekk: 28.07.2016
Stadkvalitet: 3

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er skildra av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning 15.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 28.07.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0 i skala 1:5000. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Han er skild ut frå den gamle naturbaselokaliteten Nautvik - Djupegjølet med IID BN00022189, som var skildra av Holtan & Jordal (2007, besøkt 31.07.2007) basert på Kavli (1970) og deira eige feltarbeid.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei bratt, sørvestvendt lisode på austsida av Dalsfjorden. Han strekkjer seg frå vegen ved fjorden og eit godt stykke opp i lisida der avgrensing er noko usikker. Elles grensar han til boreal lauvskog med ein del hassel og einskilde, spreidde alm, der vegetasjonen er av typen svak lågurt til lågurt, men utan særleg kravfulle edellauvskogsartar. Avgrensinga mellom skog som er forvaltningsprioritert og ikkje er dermed noko usikker. Berggrunnen består av glimmerskifer. Lausmassane består for det meste av skredmateriale (www.ngu.no). Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB), og dessutan i stert oseanisk vegetasjonssesksjon, humid underseksjon (O3h) (Moen 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hovudsakeleg rik edellauvskog dominert av hassel (opp til 90 %), elles er det notert bjørk og gråor. Delnaturtype er rikt hasselkratt (D0103). Vegetasjonen er dominert av lågurtskog og noko kalklågurtskog (NiN-grunntype T4-C-3, ca. 65 % og T4-C-4, ca. 35 %), store delar med kravfulle edellauvskogsartar.

Artsmangfald: Av planter kan nemnast kravfulle edellauvskogsartar som skogsvingel (stadvis rikeleg), sanikkel, fuglereir (eit funn) og ramslauk (stadvis rikelig), elles kan det nemnast myske (rikeleg), kranskonvall, jordnøtt, storfrytle (stadvis dominerande), myskegras, kusymre, gulaks, markjordbær, bringebær, blåklokke, kratthumleblom, hengjeaks, blåknapp, ormetelg, hengeveng, trollurt, vendelrot, skogsalat, hundekveke, firblad og taggbregne. Det finst spreidde alm i lia, og potensielt også innanfor avgrensinga. Lungeneversamfunn er vanleg. Kavli (1970) fann i lisida her lavartane kystfiltlav *Pannaria rubiginosa*, grynfiltrav *Pannaria conoplea*, muslinglav *Normandinia pulchella*, sølvnever *Lobaria amplissima*, kystnever *Lobaria virens*, brun blæreglye *Collema nigrescens*, puteglye *Collema fasciculare* og ospeblæreglye *Collema subnigrescens*, og moseartane kveilmose *Pterogonum gracile*, gullhårrose *Breutelia chrysocoma*, dronningmose *Hookeria lucens*, pelssåtemose *Campylopus atrovirens*, stabbesteinmose *Ptychomitrium polyphyllum* og skjerfrose *Apometzgeria pubescens*, men stadfesting er usikker. Stadfesting av artsfunna er dårlig, og det er derfor usikkert om desse artane finst innanfor avgrensinga, men det er sannsynleg at vertfall nokre av dei gjer det. I Artskart finst eitt funn av olivenlav *Fuscopannaria mediterranea* (NT) (O. Olsen, funndato 12.10.2011) i nærleiken av lokaliteten, det er derfor potensiale for at den veks også innanfor avgrensinga. Mange av desse artane er typiske

oseaniske artar. Kvitryggspett er kjent å hekke to stadar i lia (Holtan & Jordal 2007). Det er potensiale for raudlista sopp- og lavartar knytt til gamle hasselbusker.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med litt daudt trevirke, og nokre gamle og grove lauvtre. Det går ein bilveg i underkant av lokaliteten.

Framande artar: Ein del unge platanlønn (SE – svært høg risiko).

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera urørt utan inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Lisida er elles stort sett ganske rik med vegetasjon av høgstaude, svak lågurt og lågurt, og rik edellauvskog med hassel av varierende tettleik opptre fleire stadar. Spreidde, einskilde førekomstar av alm finst også i lisida (Holtan & Jordal 2007). Det finst også noko gamal lauvskog i lia, blant anna skild ut i lokalitetane Dalsfjorden: Gråura og Dalsfjorden: Martin-fjellet.

Verdivurdering: Lokaliteten er ganske stor, og har fleire kravfulle edellauvskogsartar og med stort potensiale for raudlisteartar. Han får derfor verdi A (svært viktig).

16072 Dalsfjorden: Gråura

| | |
|----------------------|-----------------------|
| Kommune: | Volda |
| IID: | NY |
| Naturtype: | F07 Gamal lauvskog |
| Delnaturtype: | F0703 Fuktig kystskog |
| Verdi: | B |
| Feltsjekk: | 28.07.2016 |
| Stadkvalitet: | 3 |

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er skildra av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning 14.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 28.07.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0 i skala 1:5000. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Lokaliteten er skild ut frå den gamle naturbaselokaliteten Nautvik - Djupegjølet med IID BN00022189 (Holtan & Jordal 2007), som var skildra av Holtan & Jordal (2007, besøkt 31.07.2007) basert på Kavli (1970) og deira eige feltarbeid.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei bratt, sørvestvendt liside på austsida av Dalsfjorden. Han grensar til ei ur i underkant, og elles mot boreal lauvskog med ein del hassel og einskilde, spreidde almetre, der vegetasjonen er av typen svak lågurt til lågurt, men utan særleg kravfulle edellauvskogsartar. Døde tre av selje og rogn finst spreidd også utanfor lokaliteten, men med lågare tettleik. Avgrensinga mellom skog som er forvaltningsprioritert og ikkje er noko usikker. Berggrunnen består av glimmerskifer. Lausmassane består for det meste av skredmateriale (www.ngu.no). Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB), og dessutan i stert oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h) (Moen 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen overlappar mellom rik edellauvskog og gamal boreal lauvskog. Det dominerande treslaget er hassel (opp mot 70 %), men dei største verdiane er nok likevel knytt til gamle tre og læger av seljer og rogn, som det finst ein god del av. Velutvikla lungeneversamfunn på lauvtree indikerer ganske høg luftfuktigheit. Derfor er lokaliteten namnsatt som delnaturtypen fuktig kystskog (F0703). Vegetasjonen er dominert av høgstaudeskog (NiN-grunntype T4-C-18) i hovudsak på grove steinlausmassar med mange typiske men ikkje spesielt kravfulle edellauvskogsartar.

Artsmangfald: Av planter kan det nemnast jordnøtt, kusymre, raud jonsokblom, stornesle, haremat, kratthumleblom, myske, stankstorkenebb, skogsvinerot, skogsalat, trollbær, ormetelg, og trollurt. Det finst spreidde alm i lisida, potensielt også innanfor avgrensinga. Lav: Velutvikla lungeneversamfunn. Mose: kystmoldmose. Kavli (1970) fann i lisida her

lavartane kystfiltlav *Pannaria rubiginosa*, grynfiltlav *Pannaria conoplea*, muslinglav *Normandinia pulchella*, sølvnever *Lobaria amplissima*, kystnever *Lobaria virens*, brun blæreglye *Collema nigrescens*, puteglye *Collema fasciculare* og ospeblæreglye *Collema subnigrescens*, og moseartane kveilmose *Pterogonum gracile*, gullhårrose *Breutelia chrysocoma*, dronningmose *Hookeria lucens*, pelssåtemose *Campylopus atrovirens*, stabbesteinmose *Ptychomitrium polyphyllum* og skjermose *Apometzgeria pubescens*. Mange av desse er typiske oseaniske artar. Stadfesting av artsfunna er dårlig, og det er derfor usikkert om desse artane finst innanfor avgrensinga, men det er sannsynleg at vertfall nokre av dei gjer det. Kvitryggspett er kjent å hekke to stadar i området (Holtan & Jordal 2007). Det er potensiale for raudlista sopp- og lavartar knytt til gamle tre og død ved av selje, rogn og hassel.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er gamal med ein del dautt trevirke i hovudsak av selje og rogn (ca. 6 læger pr. daa), og ein del gamle, grove seljer (den største på 1 m. i diameter).

Framande artar: Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera urørt utan inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Gamle tre og læger av selje og rogn opptre jamleg med varierende tettleik i lisida, gjerne med lungeneversamfunn. Elles er lisida stort sett ganske rik med vegetasjon av høgstaude, svak lågurt og lågurt, og rik edellauvskog med hassel av varierende tettleik opptre fleire stadar.

Verdivurdering: Lokaliteten er middels stor, og har ein del gamalskogselement med stort potensiale for habitatspesialistar og raudlisteartar. Overlapp med naturtypen rik edellauvskog trekkjer opp verdien. Han får derfor verdi B (viktig), men funn av raudlisteartar og kjenneteiknande artar kan trekkje verdien opp ytterligare.

16073 Dalsfjorden: Martin-fjellet

| | |
|----------------------|-----------------------|
| Kommune: | Volda |
| IID: | NY |
| Naturtype: | F07 Gamal lauvskog |
| Delnaturtype: | F0703 Fuktig kystskog |
| Verdi: | B |
| Feltsjekk: | 28.07.2016 |
| Stadkvalitet: | 3 |

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er skildra av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning 14.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 28.07.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0 i skala 1:5000. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Lokaliteten er skild ut frå den gamle naturbaselokaliteten Nautvik - Djupegjølet med IID BN00022189 (Holtan & Jordal 2007), som var skildra av Holtan & Jordal (2007, besøkt 31.07.2007) basert på Kavli (1970) og deira eige feltarbeid.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei bratt, sørvestvendt lisida på austsida av Dalsfjorden. Han strekkjer seg frå vegen ved fjorden og eit godt stykke opp i lisida der avgrensing noko usikker. Elles grensar han til boreal lauvskog med ein del hassel og einskilde, spreidde almetre, der vegetasjonen er av typen svak lågurt til lågurt, men utan særleg kravfulle edellauvskogsartar. Døde tre av selje og rogn finst spreidd også utanfor lokaliteten, men med lågare tettleik. Avgrensinga mellom skog som er forvaltningsprioritert og ikkje er dermed noko usikker. Berggrunnen består av glimmerskifer. Lausmassane består for det meste av skredmateriale (www.ngu.no). Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone

(SB), og dessutan i stert oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h) (Moen 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen overlappar mellom rik edellauvskog og gamal boreal lauvskog. Det dominerande treslaget er hassel (rundt 60 %), men dei største verdiane er nok likevel knytt til gamle tre (opp mot 30 %) og læger av seljer som det finst ein god del av. Andre treslag er rogn, hegg og bjørk. Velutvikla lungeneversamfunn på lauvtree indikerer ganske høg luftfuktigheit. Derfor er lokaliteten namnsatt som delnaturtypen fuktig kystskog (F0703). Vegetasjonen er dominert av lågurtskog og høgstaudekog (NiN-grunntype T4-C-3 og T4-C-18) med typiske men ikkje spesielt kravfulle edellauvskogsartar.

Artsmangfald: Av planter kan det nemnast sanikkel, skogsalat, haremat, markjordbær, hengjeaks, kranskonvall, trollurt, vendelrot og storfrytle (stadvis dominerande). Det finst spreidde alm i lisida, potensielt også innanfor avgrensinga. Lav: velutvikla lungeneversamfunn. Kavli (1970) fann i lisida her lavartane kystfiltlav *Pannaria rubiginosa*, grynfiltlav *Pannaria conoplea*, muslinglav *Normandinia pulchella*, sølvnever *Lobaria amplissima*, kystnever *Lobaria virens*, brun blæreglye *Collema nigrescens*, puteglye *Collema fasciculare* og ospeblæreglye *Collema subnigrescens*, og moseartane kveilmose *Pterogonum gracile*, gullhårrose *Breutelia chrysocoma*, dronningmose *Hookeria lucens*, pelssåtemose *Campylopus atrovirens*, stabbesteinmose *Ptychomitrium polyphyllum* og skjermose *Apometzgeria pubescens*, men stadfesting er usikker. Stadfesting av artsfunna er dårlig, og det er derfor usikkert om desse artane finst innanfor avgrensinga, men det er sannsynleg at vertfall nokre av dei gjer det. I Artskart finst eitt olivenlav *Fuscopannaria mediterranea* (O. Olsen, funndato 12.10.2011) i nærleiken av lokaliteten, og det er derfor potensiale for at denne arten også ves innanfor avgrensinga. Mange av desse artane er typiske oseaniske artar. Kvitryggspett er kjent å hekke to stadar i lia (Holtan & Jordal 2007). Det er potensiale for raudlista sopp- og lavartar knytt til gamle tre og død ved av selje og rogn.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen har ein del gamalskogselement som daudt trevirke, og mange gamle, grove seljer. Det går ein bilveg i underkant av lokaliteten.

Framande artar: Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera urørt utan inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Gamle tre og læger av selje og rogn opptre jamleg med varierende tettleik i lisida, gjerne med lungeneversamfunn. Elles er lisida stort sett ganske rik med vegetasjon av høgstaude, svak lågurt og lågurt, og rik edellauvskog med hassel av varierende tettleik opptre fleire stadar.

Verdivurdering: Lokaliteten er ganske stor, og har ein del gamalskogselement med stort potensiale for habitatspesialistar og raudlisteartar. Overlapp med naturtypen rik edellauvskog trekkjer opp verdien. Han får derfor verdi B (viktig), men funn av raudlisteartar og kjenneteiknande artar kan trekkje verdien opp ytterligare.

16075 Bjørkedalen: Nedstefonna

| | |
|----------------------|------------------------|
| Kommune: | Volda |
| IID: | BN00022183 |
| Naturtype: | F01 Rik edellauvskog |
| Delnaturtype: | F0103 Rikt hasselkratt |
| Verdi: | B |
| Feltsjekk: | 28.07.2016 |
| Stadkvalitet: | 3 |

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opphavleg skildra av Melby & Gaarder (1999). Han er seinare revidert av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning 14.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 28.07.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0 i skala 1:5000. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten Fannene med IID BN00022183 blir her vidareført med større justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei bratt, søraustvendt lisode mellom to gjøl. Han grensar til svak lågurt (T4-C-2) som ikkje reknast for å ha nok verdiar til å inngå i lokaliteten, med boreale lauvtre, spreidde hassel og noko furu i tresjiktet. Aust for lokaliteten står eit lite ospeholt. Berggrunnen består av glimmergneis. Lausmassane består av skredmateriale (www.ngu.no). Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i stert oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h) (Moen 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er rik edellauvskog med lågurt-hasselkratt (F0103) som delnaturtype. Vegetasjonen er i hovudsak lågurtskog (NiN-grunntypen T4-C-3). Hassel er dominerande treslag, elles vart det notert bjørk, osp, rogn, hegg, furu og gråor. I den gamle skildringa er det beskrive førekomst av lindeskog, men det vart ikkje registrert slik skog under feltsjekken i 2016.

Artsmangfald: Av planter var det rikelig med myske og hengjeaks, elles kan det nemnast harematt, ormetelg, smyle, breiflangre (rikelig), lerkespore, kranskonvall, raud jonsokblom, blåklokke, gulaks, tviskjeggveronika, skogstorkenebb, kvitveis, brunrot, markjordbær og sumphaukeskjegg. I botnsjiktet var ein del storkransmose og kystmoldmose.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande med noko daudt trevirke, få gamle og grove tre. Ingen inngrep.

Framande artar: Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera urørt utan inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Rik edellauvskog er elles sparsamt i Bjørkedalen.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein rik edellauvskog med ein del kjenneteiknande edellauvskogsartar. Han får derfor verdi B – lokalt viktig.

16076 Høgedalen øvre

Kommune: Volda
IID: NY
Naturtype: F08 Gamal barskog
Delnaturtype: F0802 Gamal furuskog
Verdi: C
Feltsjekk: 31.07.2016
Stadkvalitet: 3

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er skildra av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning 03.01.2017, basert på eige feltarbeid utført 31.07.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0 i skala 1:5000. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Han er skild ut frå den gamle naturbaselokaliteten Litledalen med IID BN00022197, som er vidareført som ein mindre lokalitet med ny skildring. Den gamle lokaliteten var opphavleg skildra i 2002 på grunnlag av K. J. Grimstad sine feltundersøkingar.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på eit delvis flatt parti i ei elles slak, nordaustvendt lisode øvst i Høgedalen. Han grensar til furudominert blåbærskog (NiN-

grunntype T4-C-1) med ein del bjørk, som ikkje har nok gamalskogselement til å inkluderas i lokaliteten. Berggrunnen består av diorittisk til granittisk gneis. Lausmassane består av morenemateriale (www.ngu.no). Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) (Moen 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er gamal furuskog (F0802) dominert av furu, og elles med litt bjørk, og ei og anna rogn og osp. Vegetasjonen er dominert av blåbærskog med innslag av kalkfattige myrsig, og i mosaikk med svært kalkfattig myrkant (V1-C-5).

Artsmangfald: Dominerande artar i feltsjiktet er blåbær, blokkebær og bjørnekam. Det er potensiale for habitatspesialistar knytt til død ved. I Artskart er det registrert kvitryggspett i Høgedalen (O. Olsen 15.04.1990).

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande til gamal, og skil seg ut frå resten ved å ha større tettleik av daudt trevirke, for det meste gadd på småhaugar mellom myrpartia (ca 4-5 gadd pr. daa.). Ingen spesielt gamle og grove tre registrert. Det finst fleire små tuer som truleg er overgrodde hogststubbar.

Framande artar: Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera urørt utan inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten er ein rest med noko eldre furuskog i eit landskap der det elles er teke ut furu over lang tid. Lenger nede i Høgedalen og i Litledalen finst store felt med planta norsk gran. Det finst berre små restar av gamal furuskog sparsamt i kommunen.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein liten rest av middelaldrande til gamal furuskog i eit elles godt utnytta landskap. Det er ein del daudt trevirke og dermed potensiale for habitatspesialistar knytt til død ved, sjølv om ingen vart registrert. Han får derfor verdi C – lokalt viktig.

16077 Lid: Gjerdet vest

| | |
|----------------------|---------------|
| Kommune: | Volda |
| IID: | BN00022200 |
| Naturtype: | D05 Hagemark |
| Delnaturtype: | D0507 Orehage |
| Verdi: | C |
| Feltsjekk: | 23.07.2016 |
| Stadkvalitet: | 3 |

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opphavleg skildra i utkast til verneplan for edellauvskog (Fylkesmannen i M&R 1992). Han er seinare revidert av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning 12.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 23.07.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0 i skala 1:5000. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten Lid med IID BN00022200 blir her vidareført med større justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving. Den gamle lokaliteten er skildra som rik edellauvskog, medan eit mindre område innanfor den gamle avgrensinga i denne omgang blir vidareført og skildra som hagemark. Dei resterande delene av den gamle avgrensinga oppfattast å ikkje ha nok verdiar til å bli kartlagt som rik edellauvskog, og å vere i for sterk gjengroing til å inngå i lokaliteten med hagemark.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei slak, sørvestvendt liseide ovanfor busetnaden i Berkvika. Han grensar til ei fuktig naturbeitemark i brakkleggingsfase i vest, og

elles til rik hagemark som vurderast å vere for attgrodd til å inkluderast i lokaliteten. Desse områda kan etter NiN 2.0 beskrivast som kalkrik fukteng med mindre hevdpreg (T32-C-9), tresatt med svartor, hassel og boreale lauvtre, og i sein gjenvekstsuksesjonsfase. Berggrunnen består av diorittisk til granittisk gneis (www.ngu.no). Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) (Moen 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er hagemark med ein del svartor, og elles bjørk, rogn, hegg og platanlønn. Delnaturtype er oreskog, der svartora stadvis er dominerande. NiN-grunntype er kalkrik fukteng med mindre hevdpreg (T32-C-9), med innslag av rik sumpskog. Vegetasjonen har ein relativt jamn struktur, store delar dominert av graminidar som sølvbunke, og elles med typiske høgstaudeartar.

Artsmangfald: Av planter kan nemnast sølvbunke, bringebær, gaukesyre, markjordbær, jordnøtt, revebjølle, einer og sumphaukeskjegg.

Bruk, tilstand og påverknad: Hagemarka er i sein gjenvekstsuksesjonsfase, med nokre middelaldrande tre, og ein del unge tre og kratt. Det er spor etter uttak av ved frå nokre av svartortrea. Spreidde daude einerkratt tyder på at hagemarka har vore meir open tidlegare.

Framande artar: Ein god del busker og kratt av platanlønn (SE – svært høg risiko) er i ferd med å etablere seg.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten blir rydda for platanlønn, og om hevd ved beite vert teke opp att.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten er del av eit kulturlandskap med hagemark og naturbeitemark i tidleg til sein gjenvekstsuksesjonsfase i Berkvika. Han er, i likskap med nabolokaliteten med naturbeitemark, noko mindre gjengrodd enn resten av kulturlandskapet her.

Verdivurdering: Lokaliteten oppnår middels vekt for storleik (ca 6 daa), lav vekt for tilstand (sein gjengroing) og påverknad (opphørt bruk, men med potensiale for restaurering). Det var få registrerte kjenneteiknande artar, men det er potensiale for at han oppnår inngangsverdi også på arts mangfald. Han får derfor verdi C – lokalt viktig.

16078 Lid: Lidamyrane sør

| | |
|----------------------|--------------------------------|
| Kommune: | Volda |
| IID: | NY |
| Naturtype: | D04 Naturbeitemark |
| Delnaturtype: | D0411 Vekselfuktig baserik eng |
| Verdi: | C |
| Feltsjekk: | 23.07.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleing: Lokaliteten er skildra av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning 12.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 23.07.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0 i skala 1:5000. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Lokaliteten er skild ut frå den gamle naturbaselokaliteten Lid med IID BN00022200, som er vidareført med større justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei slak, sørvestvendt lisode ovanfor busetnaden i Berkvika. Han grensar til rik hagemark i attgroing, som etter NiN 2.0 kan beskrivast som kalkrik fukteng med mindre hevdpreg (T32-C-9), tresatt med svartor, hassel og boreale lauvtre, og i sein gjenvekstsuksesjonsfase. Berggrunnen består av diorittisk til

granittisk gneis (www.ngu.no). Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) (Moen 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er naturbeitemark, og enga vekslar mellom fuktige og friske utformingar med nokre basekrevjande artar. Lokaliteten beskrivast derfor som delnaturtypen vekselfuktig baserik eng (D0411), som etter NiN 2.0 kan beskrivast som kalkrik fukteng med klart hevdpreg (NiN-grunntype T32-C-10).

Artsmangfald: Av planter kan nemnast blåklokke, revebjølle, lækjeveronika, englodnegras, tistel, sølvbunke, jordnøtt, blåknapp, ryllik, gullris, samt fleire artar som tyder på at enga er fuktig, som kystmaure, kornstorr, knappsiv, stjernestorr, tepperot, beitestorr og heistorr. I botnsjiktet er engkransmose og etasjemose vanlige. Det er potensiale for beitemarksopp, men ingen vart registrert sidan lokaliteten var besøkt for tidleg i sesongen.

Bruk, tilstand og påverknad: Enga er i tidleg gjengroing (brakkeleggingsfase etter NiN 2.0), og det er etablert noko einerkratt og tre. Det står ei stor svartor i nordaustlege del av lokaliteten.

Framande artar: Platanlønn og rynkerose (begge SE – svært høg risiko), samt enkelte tre av vanleg gran langs grensa av naturbeitemarka.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten blir rydda for tre (med unntak av den store svartora) og einerkratt, og deretter haldt i hevd ved beite.

Del av heilskapleg landskap: Naturbeitemarka er del av eit kulturlandskap med hagemark og naturbeitemarker i tidleg til sein gjenvekstsuksesjonsfase (etter NiN 2.0) i Berkvika. Han er, i likskap med nabolokaliteten med hagemark, noko mindre atgrodd enn resten av kulturlandskapet her.

Verdivurdering: Lokaliteten oppnår høg vekt for storleik (3,4 daa.), lav vekt for påverknada (opphørt bruk, men med tydelig preg av semi-naturlig eng), middels vekt for tilstand (tidleg gjengroing/brakkeleggingsfase etter NiN 2.0). Det er klart potensiale for lav vekt oppnått på arts mangfald og raudlisteartar, sjølv om desse parameterane oppnådde inngangsverdi. Han får derfor verdi C – lokalt viktig.

16079 Litledalen øvre

| | |
|----------------------|----------------------|
| Kommune: | Volda |
| IID: | BN00022197 |
| Naturtype: | F08 Gamal barskog |
| Delnaturtype: | F0802 Gamal furuskog |
| Verdi: | C |
| Feltsjekk: | 31.07.2016 |
| Stadkvalitet: | 3 |

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er opphavleg skildra i 2002 på grunnlag av K. J. Grimstad sine feltundersøkingar. Han er seinare revidert av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning 03.01.2017, basert på eige feltarbeid utført 31.07.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0 i skala 1:5000. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten Litledalen med IID BN00022197 er her vidareført som ein mindre lokalitet med ny avgrensing og skildring.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i den søraustvendte fjellsida til Rotsethornet ned mot Litledalen. Han grensar til furudominert blåbærskog (NiN-grunntype T4-C-1) med ein del bjørk, som ikkje har nok gamalskogselement til å inkluderast i lokaliteten. Berggrunnen består av diorittisk til granittisk gneis. Lausmassane består av

humusdekke over berggrunnen (www.ngu.no). Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og dessutan i klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2) (Moen 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er ein gamal furuskog (F0802), glissent tresett (tresjiktdeknning 10 %) av mest furu, og elles litt bjørk og ei og anna rogn. Vegetasjonen er av typen blåbærskog.

Artsmangfald: Dominerande artar i feltsjiktet er blåbær, skrubbær, smyle, bjørnekam og storfrytle. Det er potensiale for habitatspesialistar knytt til død ved. I Artskart er det registrert kvitryggspett i Høgedalen (O. Olsen 15.04.1990). Under eige feltarbeid vart det registrert hakkespor etter spett i gamal furugadd, og lungenever på rogn.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er middelaldrande til gamal, og skil seg ut frå resten ved å ha noko større tettleik av svake gamalskogselement (ca 4-5 gadd pr daa). Ei furu med diameter på 90 cm vart registrert, elles ingen spesielt gamle og grove tre. Det finst fleire små tuer som truleg er overgrodde hogststubbar.

Framande artar: Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera urørt utan inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten er ein rest med noko eldre furuskog i eit landskap der det elles er teke ut furu over lang tid. Lenger nede i Litledalen og i Høgedalen finst store felt med planta norsk gran. Det finst berre små restar av gamal furuskog sparsamt i kommunen.

Verdivurdering: Lokaliteten er ein liten rest av middelaldrande til gamal furuskog i eit elles godt utnytta landskap. Det er noko daudt trevirke og dermed potensiale for habitatspesialistar knytt til død ved, sjølv om ingen vart registrert. Han får derfor verdi C – lokalt viktig.

16080 Sulvassdalen A

| | |
|----------------------|--|
| Kommune: | Volda |
| IID: | BN00022187 |
| Naturtype: | F12 |
| Delnaturtype: | F1203 Fuktig furu-hasselskog (30 %) og F0802 Gamal furuskog (70 %) |
| Verdi: | B |
| Feltsjekk: | 25.07.2016 |
| Stadkvalitet: | 3 |

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er lagt inn i 2002 på grunnlag av feltundersøkingane til Karl Johan Grimstad. Han er seinare revidert av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning 13.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 25.07.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0 i skala 1:5000. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015. Den gamle naturbaselokaliteten Sulvassdalen med IID BN00022187 blir her vidareført med justeringar i avgrensinga og ny lokalitetsbeskriving.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei nordvendt lise som i midtre del flatar ut ved eit myrparti. I nord grensar han mot ein lokalitet med gamal boreal lauvskog. I vest ligg ein lokalitet med nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheitutforming (B0403). Eller grensar han opp mot boreal lauvskog og furuskog som ikkje har nok verdiar til å skiljast ut som lokalitet, og elles mot fjellhei. Berggrunnen består av glimmergneis. Lausmassane består av morenemateriale og tynt humusdekke over berggrunnen (www.ngu.no). Lokaliteten ligg i mellom- til nordboreal vegetasjonssone (MB-NB) og dessutan i stert oseanisk vegetasjonsseksjon (O3h) (Moen 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er mosaikk av gamal furuskog og kystfurusog med delvis overlapp, men verdsettast her som kystfurusog sidan dei største verdiane er knytt til dette elementet. Feltsjiktet kan beskrivast som kalkfattig, fuktig hei, med innslag av delnaturtypen moserik fjellhei (B0403, 30 %), som etter ny metodikk kallast borealt oseanisk berg og hei. Denne typen er karakterisert av eit sett med store, marklevande levermosar i fuktig hei ofte rundt tregrensa. Glissen tresetting med furu og litt bjørk gjer at det kan kallast boreal furu-regnskog etter ny metodikk, som etter gamal metodikk passar best inn under fuktig furu-hasselskog (F1203) sjølv om hassel ikkje er til stades. Det er innslag av fattig myrkant, der overgangen mellom hei og myrkant er uklar. Grunntypen i NiN 2.0 er blåbærskog (T4-C-1).

Artsmangfald: Av planter kan nemnast blåtopp, bjørneskjegg, røsslyng, bjørnekam, kvitlyng og blokkebær. Mosar: heigråmose, tråddraugmose, heimose, raudmuslingmose, storstyle, grannkrekemose og ein del praktdraugmose (NT) vart registrert éin stad. Praktvibladmose vart registrert like i nærleiken.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er gamal med ein del dautt trevirke, både gadd (rundt 3 pr. daa) og læger (mellom 1-6 pr. daa), men der ein del læger ligg delvis over bakken og er ganske tørre. Det meste av den døde veden og dei største trea finst på meir eksponerte og tørrare parti, medan meir fuktige og nord-vendte områder har lite død ved og små tre. Nærmare tregrensa er trea mindre. Det er god spreing i alder på trea, men ingen svært gamle eller grove tre. Ingen synlige hogstingrep.

Framande artar: Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera urørt utan inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Det finst lite gamal furuskog i regionen, medan den moserike fjellheia regionalt er noko meir utbreidd.

Verdivurdering: Lokaliteten verdsettast som fuktig furu-hasselskog (F1203) utan hassel, då dette er nærmaste delnaturtype etter gamal metodikk. Lokaliteten er middels stor, og har ein del artar typiske for moserik fjellhei (minst 5) inkludert ein raudlistart (NT) innanfor delar av lokaliteten. I tillegg finst ein god del daut ved, og god kontinuitet med både gamle og unge tre. Kombinasjon av verdiar knytt både til gamal furuskog og til boreal furu-regnskog gjer at lokaliteten får verdi B (viktig).

16081 Sulvassdalen B

| | |
|----------------------|--------------------------------------|
| Kommune: | Volda |
| IID: | NY |
| Naturtype: | B04 Nordvendte kystberg og blokkmark |
| Delnaturtype: | B0403 Moserik fjellheiotforming |
| Verdi: | B |
| Feltsjekk: | 25.07.2016 |
| Stadkvalitet: | 4 |

Beskriving

Innleiing: Lokaliteten er skildra av Kristin Wangen i Miljøfaglig Utredning 14.12.2016, basert på eige feltarbeid utført 25.07.2016, i samband med kvalitetssikring av skoglokalitetar i 2016 på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Skildring og verdsetting er basert på Direktoratet for naturforvaltning (2007) og NiN 2.0 i skala 1:5000. Raudlistestatus for artar følgjer norsk raudliste frå 2015.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei nordvendt skråning. Han ligg ved i tregrensa, og grensar mot fattig fjellhei i overgangen til fattig furuskog. Det same elementet som i denne lokaliteten finst også flekkvis i skogen sør og aust for lokaliteten, og er fanga opp som oseanisk furu-regnskog i nabolokaliteten (IID BN00022187). Berggrunnen består av

glimmergneis. Lausmassane består av tynt humusdekke over berggrunnen (www.ngu.no). Lokaliteten ligg i mellom- til nordboreal vegetasjonssone (MB-NB) og dessutan i stert oseanisk vegetasjonsseksjon, humid undersesjon (O3h) (Moen 1998).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Naturtypen er nordvendte kystberg og blokkmark, og delnaturtype er moserik fjellheiotforming (B0403), etter ny metodikk kjent som borealt oseanisk berg og hei. Lokaliteten ligg rundt tregrensa og er glissent tresatt med små furu og noko bjørk, men fell ikkje under definisjonen av skog. Vegetasjonen er kalkfattig fuktig hei med små eksponerte bergflekkear. NiN-grunntype er kalkfattig leside (T3-C-1). Felt- og botnsjiktet er dominert av bjørneskjegg, blåtopp, røsslyng, heigråmose og levermosar.

Artsmangfald: Av planter kan nemnast bjørneskjegg, røsslyng, bjørnekam, blåtopp, blokkebær. Mosar: heigråmose, heimose, storstylte, raudmuslingmose, praktvibladmose, stripefoldmose og en del praktdraugmose (NT) vart registrert éin stad.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er intakt.

Framande artar: Ingen registrerte.


Skjøtsel og omsyn: Det beste for naturverdiane er om lokaliteten får vera urørt utan inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Dette finst truleg fleire småflekkear av dette elementet i dalen, og den førekjem jamt men spreidd i regionen.

Verdivurdering: Lokaliteten oppnår middels vekt for storleik (9,6 daa.), artsomangfald (2 kjenneteiknande artar, der éin er NT-art), og høg vekt for påverknada (ingen). Han oppnår dermed verdi B – viktig.

Kartavgrensingar


Nedanfor er dei skildra lokalitetane presenterte saman med gammal avgrensing og gangrute i 2016. Grønt strek: gammal avgrensing, raudt strek: ny avgrensing, svart strek: gangrute.




16001 Averøy Trolldalen – edellauskog.
I Trolldalen låg og ein furuskogslokalitet som no er fjerna då den ikkje oppfylte krav om nok gammalskogselement.




16002 Averøy Øykjeåsen sør og 16003 Averøy Øykjeåsen søraust.
Mykje av lia er granplantefelt og desse er tekne ut frå ny avgrensing.




16004a Fræna
Langvatnet: nedanfor Hustad kalk og marmor,
16004b Fræna
Langvatnet: nordaust for Hustad kalk og marmor B og 16004c Fræna
Langvatnet: sørvest for Hustad kalk og marmor.
Mykje av den gamle avgrensinga inneheldt ein straumlinetrase, som no er utelett frå lokaliteten.




16005 Gjemnes Flemma:
Varvika




16006 Haram Vatne:
Øygardeg. Store delar av
gammal figur var for
fattig til å reknast som
rik edellauskog, og i
tillegg var det også noko
granplantefelt mv her.




16008 Nesset Tjellefonna
nedre og 16009 Nesset
Tjellefonna øvre.
Lokaliteten er
systematisk og godt
undersøkt over to dagar
og av tilsaman tre
kartleggjarar.




16007 Nesset Tjellefonna (geologi). Skredmassene går fra øvre del av lia og ut i Langfjorden.




16010 Norddal Døving-Bjorstad. Utelating av granplantefelt og ung gråorskog gjer at lokaliteten vert mindre enn før.




16011 Norddal
Kleivahamrane.
Lokaliteten er undersøkt
i 2012 (ARKO-
prosjektet) og berre
avstandsbetrakta i 2016.
Undersøkte styva almetre
er markerte med svarte
prikkar.




16012 Rauma
Bjørmosen. Ein har i
2016 tatt ut ein del berg.



16013 Rauma Grisetlia. Lokaliteten er godt undersøkt, og avgrensing er dels gjort frå motsett side av fjorden.




16014 Rauma Hole-Tomberg. Noko berg, platanlønndominert skog og småvaksen sterkt raspåverka skog er tatt ut frå edellauvskogen.




16015 Rauma Horgheim. Noko open flomfastmark i sør er fjerna frå svartorsumpskogen, i tillegg til eit granplantefelt.




16016 Rauma Isfjorden: Breivik: Markåna øst, eit nokså komplekst edellauvskogsområde der grensene er gått opp omtrent rundt heile..




16017 Rauma Istrautiløpet, Krohnberga




16018 Rauma Mækjå.
Lokaliteten er litt utvida i
høve til tidligare.




16019 Rauma Marstein,
nokså likt tidlegare
avgrensing.



16020 Rauma Moanebba og 16024 Rauma Åsen. Den siste er gjort mindre pga. kulturpåverknad og eit nyleg hogstfelt.




16021 Rauma Norviklia. Lokaliteten er kraftig oppblanda med ekspanderande platanlønn, og er krympa i nedre del.




16022 Rauma
Romsdalshorn: ved
riksvegen




16023 Rauma Svartli-
Ekra. Granplantefelt, myr
og dyrka mark er
ekskludert frå
flommarkslokaliteten.




16025 Rindal Alberg,
nedre og 16026 Rindal
Alberg vest. Her er det
meste nytt.




16027 Rindal Tørsetlia:
Skjennstøet, 16028
Rindal Tørsetlia nedre og
16030 Rindal Almdalen
ved Almberg.




16029 Rindal
Hundredalerbakken, SV
for Oppigarden Almberg.
Denne vart utvida til
fleire almebestandar etter
2016-undersøkingane.




16031 Stranda Hellesylt-Karbøen. Bruk av flyfoto og litt meir kritisk vurdering av ytre delar av lokaliteten førte her til noko reduksjon av avgrensa lokalitet.




16032 Sunndal Fjellgardene: Klavura nord for Svorundøya. Noko berg og steinur er ekskludert, medan meir edellauvskog er inkludert i sørvest.




16033 Sunndal Gjøra:
Mardøla-Saudalen. Her
er det tatt ut granplanting
og elles m.s. noko
raspåverka gråorskog.




16034 Sunndal
Sunndalen: Furuøran. Ei
open grusøyr er tatt
ekskludert frå
flommarkskogen.




16035 Sunndal
Sunndalen: Hagen. Noko steinur og berg er tatt ut.




16036 Sunndal
Sunndalen: Hoås: Geithamran. Noko steinur og berg er tatt ut.



16037 Sunndal
Sunndalen: Hoåsbrekka. Tidlegare avgrensing var basert på andrehands opplysningar, no er avgrensinga basert på oppgatte grenser i felt.




16038 Sunndal
Sunndalen: Hoåslykkja.
Noko steinur og berg er utelett.



16039 Sunndal
Sunndalen: Holan.
Lokaliteten er redusert av inngrep i søraust og elles er grensene for sumpskogen gått opp i felt.



16040 Sunndal
Sunndalen: Kræksøra og
16041 Sunndal
Sunndalen: Teinøra.
Noko areal utan flommarkskog er tatt ut.




16042 Sunndal
Sunndalen: Romfo:
Klysurda



16043 Sunndal
Sunndalsfjorden
nordside: Åkerstranda




16044 Sunndal
Sunndalsfjorden
nordside: Flåstranda,
16045 Sunndal
Sunndalsfjorden
nordside: Flåstranda,
Bytdalen og 16046
Sunndal Sunndalsfjorden
nordside: Flåstranda
under Karihaugen




16047 Sunndal
Sunndalsøra:
Håshjelløran-
Skjøllandøran. Her har
det skjedd mange
inngrep som har gjort
lokaliteten mindre, elles
er mindre flompåverka
furu- og hengebjørk-skog
utelett.


16048 Sunndal
Sunndalsøra: Sande:
Sandlykkja




16049 Sunndal
Sunndalsøra: Storøra




16050 Sunndal
Viromdalen: Dalsbø, ved
Heggevollan A og 16051
Sunndal Viromdalen:
Dalsbø, ved Heggevollan
B. Den gamle
avgrønsinga inneheldt for
det meste planta gran og
ung til middelaldrande
boreal lauvskog, men
skildringa omtala dei
områda som no er
avgrønsa som to
lokalitetar.




16052 Surnadal
Almbekken.
Lokaliteten vart undersøkt nokså systematisk rundt kløfta, mens grensa vart kartlagt i mindre detalj i nord og vest.




16053 Surnadal
Bøverfjord.
Lokaliteten vart kartlagt nokså systematisk på begge sider av elva.




16054 Surnadal N for Tverråa. Austlige delar vart avstandsbetrakta med kikkert og ikkje oppsøkt då skogen var ung og med granplantefelt.




16055 Surnadal SV for Taløyan (S for Falløya), 16056 Surnadal Brekkhamran, 16057 Surnadal Ovanfor Kvennhusråa og 16058 Surnadal Stordalen sør for Taløyan. Nedre del av rasmarka kan seiast å være godt kartlagt, mens øvre del vart i mindre grad undersøkt.




16059a Tingvoll Bakkan. Ein del av den gamle avgrensinga i vest er i dag hogd.




16059b Tingvoll
Gjørsvik.
Lokaliteten er godt
undersøkt.




16060 Tingvoll
Hanemstrøa.
Nedre del av gammel
avgrensning er teke ut, og
ny avgrensning strekkjer
seg lenger oppover
bekken på grunn av
vurderingar av kor
utvikla gråor-
heggeskogen var.




16061 Tingvoll
Holtavatnet vest.
Avgrensinga vart noko
innskrenka.




16062 Tingvoll Kamlia
nordvest, 16063 Tingvoll
Kamlia søraust og 16064
Tingvoll Kamlia søraust
– gamal alm.
Store delar av den gamle
avgrensinga vart ikkje
med vidare på grunna av
at det var boreal
lauvskog med få
edellauvtre, av typen
blåbærskog til svak
lågurtskog.




16064 Tingvoll Li - lokalitet B.
 Det vart gjort mindre justeringar i avgrensing for å skilje ut delar av eit granplantefelt, og noko skog som vart vurdert å ikkje ha nok verdiar som rik edellaavskog.




16066 Tingvoll Seterbekken nær Husaelva.
 Det vart gjort mindre justeringar i avgrensing for å skilje ut delar av eit granplantefelt i nordaust.



16067 Tingvoll Skaret.
Delar av den gamle
avgrensinga langs vatnet
vart ikkje med vidare, då
dette var kalkfattig myr,
sumpskogsmark og
helofyttsump.



16068 Tingvoll Toska.
Delar av den gamle
avgrensinga langs vatnet
vart ikkje med vidare, då
dette var kalkfattig
sumpskogsmark og
helofyttsump.




16069 Tingvoll Vatsellen
– Berget.


Det vart kun gjort små justeringar i avgrensinga. Nedre og midtre delar i sør og vest, og området i nordaust vart undersøkt.




16070 Vestnes Faksen
aust. Det meste av gammel lokalitet var fattig, eldre furuskog, men utan element som forsvarte naturtypen gammel barskog. Berre eit lite regnskogsparti ned mot sjøen i nord er difor utfigurert.




16071 Volda Dalsfjorden: Breidefonna, 16072 Volda Dalsfjorden: Gråura og 16073 Volda Dalsfjorden: Martinfjellet. Ein del av lokaliteten vart ikkje undersøkt, delvis på grunn av vanskeleg framkomelegheit.




16075 Volda Bjørkedalen: Nedstefonna. Store delar av den gamle avgrensinga vart ikkje med vidare på grunn av at det i hovudsak var snakk om skog av typen blåbær og svak lågurt (NiN-grunntype T4-C1 og T4-C-2).



16076 Volda Høgedalen øvre og 16079 Volda Litledalen øvre. Det meste av avgrensinga var furudominert skog utan særlig gamalskogselement.




16077 Volda Lid: Gjerdet vest og 16078 Volda Lid: Gjerdet vest. Det meste av skogen var stert gjengrodd hagemark og natrbeitemark som heller ikkje var rik nok til å klassifiserast som rik edellauvskog.




16080 Volda
Sulvassdalen A og 16081
Volda Sulvassdalen B.
Sørlig del av lokalitet
16080 vart
avstandsbetrakta med
kikkert.

Bilete



16001 Averøy Trolldalen
– edellauvskog.
Edellauvskogen
avgrensast mot furuskog.
Foto: ST.



16002 Averøy Øykjeåsen
sør. Tette lågurt-
hasselkratt. Foto: ST.



16003 Averøy Øykjeåsen
søraust.

Rik edellauvskog har
sannsynlegvis dominert
heile lia, men store parti
er no tilplanta med gran.

Foto: ST.



16004a Fræna

Langevatnet: nedanfor
Hustad kalk og marmor.
Austre del av lokaliteten
hadde mykje
skogsvinerot og
skogsnelle. Foto: KW.



16004b Fræna

Langevatnet: nordaust
for Hustad kalk og
marmor B.

Rik edellauvskog med
høgstaudevegetasjon.

Foto: KW.



16004c Fræna
Langevatnet: sørvest for
Hustad kalk og marmor.
Ein del forstyrra mark og
noko forsøpling på
lokaliteten. Foto: KW.



16006 Haram Vatne:
Øygarden: Kraftige
hasselkratt innanfor
sentrale delar av
lokaliteten. Foto: GGa.



16006 Haram Vatne:
Øygarden: Skogfredlaus
vart funne innanfor eit
avgrensa parti. Arten er
funne fleire stader i
nærleiken, men er her
nær si nordgrense. Foto:
GGa.



16008 Nettet Tjellefonna øvre. Svært mange små edelgranre veks i aggressiv spreining i lia. Trea veks sjølv på dårleg substrat slik som her, i mosen på ein kampestein. Foto: ST



16008 Nettet Tjellefonna øvre. Styva alm som overskyggast av storvaksen edelgran høgt oppe i lia. Foto: ST.



16009 Nettet Tjellefonna nedre. Dei grove ospetrea (til venstre) er substrat for fleire raudlista artar. Frøspredde grantre veks i skogen. Foto: ST



16012 Rauma: Bjørmosen. Platanlønn spreier seg mykje i mange edellauvskogar. Her er marka dekt av småplanter. Foto: JBJ.



16014 Rauma: Hole.
Grov almebork med
almebroddsopp (NT), på
grov, styva alm i
edellauvskogen. Foto:
JBJ.



16014 Rauma: Hole-
Tomberg. To asketre er
her drept av hjortegnag
og står som kvite gaddar.
Hjorten har i denne
lokaliteten tatt livet av
mykje av askeskogane, og
det som for 15 år sidan
var ein av dei viktigaste
askeskogane i Rauma har
no relativt lite levande
asketre att. Foto: JBJ.



16031 Stranda: Hellesylt-
Karbøen. Gammal bjørk
der kystdoggnål (NT)
vaks på dei daude partia.
Foto: GGa.



16031 Stranda: Hellesylt-Karbøen. Ganske gammel furudominert skog i austre del av lokaliteten, med grove tre og einskilde furugadd. Foto: GGa.



16034 Sunndalen: Furuøran. Ein av mange flommarkskogar med gråor og hegg langs Driva i Sunndalen, her med eit flomlaup inni skogen. Desse skogane er utsett for stadige inngrep, og minkar i areal. Foto: JBJ.



16037 Sunndalen: Hoåsbrekka. Dette er ein av dei nordlegaste velutvikla sumpskogane med svartor. Foto: JBJ.



16041 Sunndalen:
Teinøra. Dette er ein
gråor-heggeskog på
flommark langs Driva,
her med store vasar av
daud ved frå siste flaum,
som fyller opp eit
bekkeutløp. Foto: JBJ.



16042 Sunndalen:
Romfo: Klysur. Her er
det ein del daud alm som
følgje av borkgnag av
hjort, eit problem i store
deler av Sunndalen. Foto:
JBJ.



16044 Sunndalfjorden:
Flåstranda. Urterik
lågurfuruskog. Typen
reknast som
kalkfuruskog i 2007-
metodikken, og kan ha
mange spesialiserte
soppartar, og eit stort
plantemangfald. Foto:
JBJ.



16043 Sunndalen:
Åkerstranda. Grov, truleg
styva alm, med fleire
kravfulle artar knytt til
grov bork og daud ved av
alm. Foto: JBJ.



16045 Sunndalsfjorden:
Flåstranda, Bytdalen.
Gammal alm med grov
sprekkebork og fleire
uvanlege artar. Dei svarte
prikkane er
pyrenomyceten
Amphisphaeria umbrina
(almespesialist, DD på
2015-raudlista) og dei
små lyse gropene er ein
annan sekksporesopp -
Stictis radiata. Foto: JBJ.



16050 Sunndal
Viromdalen: Dalsbø, ved
Heggevollan A.
Fleire styva alm i glissen
skog på grov ur. Foto:
KW.



16051 Sunndal
Viromdalen: Dalsbø, ved
Heggevollan B.
Alm med holrom og med
eit parti daud ved som
følgje av hjortegnag.
Foto: KW.



16052 Surnadal
Almbekken. Kun dei
grove, styva almetrea er
igjen av alm i lia.
Det almetilknytta
arts mangfaldet står i fare
for å døy ut dersom det
ikkje skjer ei
nyrekruttering av
almetre. Foto: ST.



16053 Surnadal
Bæverfjord. Fleire
svartelisteartar er funnen
i lokaliteten m.a. denne
kornellplanta. Foto: ST.



16053 Surnadal
Bæverfjord. Nokre
flombanar av fine
substrat gjev økologisk
variasjon til lokaliteten.
Foto: ST.



16055 Surnadal SV for
Taløyan (S for Falløya).
Almetrea finst i eit belte
midt i lia. Foto: ST.



16054 Surnadal N for
Tverråa. Uvanleg store,
velutvikla hasselkratt.
Foto: ST.



16056 Surnadal
Brakkhamran.
Edellauvskogen står i
bratt rasmark med ein
god del daud ved. Foto:
ST.



16057 Surnadal Ovanfor Kvennhusråa. Fleire rauslisteartar er funnen på grov alm og dei veks gjerne i dei tørre, nedre delane av trea. Foto: ST.



16058 Surnadal Stordalen sør for Taløyane. Ravinen har aktive skredprosessar. Foto: ST.



16058 Surnadal
Stordalen sør for
Taløyan. Nøkre innførte
Rhododendron-plantar
vart funne i lokaliteten.
Foto: ST.



16059a Tingvoll Bakkan.
Gråor-heggeskog ved
Innerbekken. Foto: KW.



16059b Tingvoll
Gjørsvik.
Ein bekk renn gjennom
lokaliteten. Gråor er
dominerande treslag i
bakgrunnen. Foto: KW.



16060 Tingvoll
Hanemstrøa.
Både ståande og
liggjande gråor med
diameter mellom 20-30
cm. Foto: KW.



16061 Tingvoll
Holtavatnet vest.
Takrøyr veks frå
vegkanten og innover
sumpskogen. Foto: KW.



16062 Tingvoll Kamlia
nordvest.
Alm-lindeskog som veks
i overkant av ura. Foto:
KW.



16063 Tingvoll Kamlia
søraust.
Alm som veks i rasmark.
Foto: KW.



16064 Tingvoll Kamlia
søraust – gamal alm.
Foto: KW.



16065 Tingvoll Li:
lokalitet B.
Lågurt-hasselkratt med
alm i framgrunnen. Foto:
KW.



16066 Tingvoll
Seterbekken nær
Husaelva.
Meandrerande bekk med
flaummarksskog rundt.
Foto: KW.



16067 Tingvoll Skaret.
Flaummarkskog langs
bekken ved Skaret. Foto:
KW.



16068 Tingvoll Toska.
Liten flekk med
flaummarkskog ved
utløpet til Toska. Foto:
KW.



16069 Tingvoll Vatsellen
– Berget.
Lundgrønaks og sanikel
var dominerande i store
delar av lia. Breiflangre
var også lokalt vanleg.
Foto: KW.



16070 Vestnes: Faksen
aust. Blandingsskog med
ein del nokså kraftige
hasselkratt. Foto: GGa.



16070 Vestnes: Faksen
aust. Biletet viser
hasselkratta i vestre del
av lokaliteten. Foto:
GGa.



16071 Volda
Dalsfjorden:
Breidefonna. Det er
lokalt store mengder med
skogsvingel på
lokaliteten. Foto: KW.



16073 Volda
Dalsfjorden: Martin-
fjellet.
Hassel er det
dominerande treslaget.
Foto: KW.



16072 Volda
Dalsfjorden: Gråura.
Den største selja hadde
ein diameter på 1 meter.
Foto: KW.



16075 Volda
Bjørkedalen:
Nedstefonna.
Rikt hasselkratt med
innslag av boreale
treslag. Foto: KW.



16076 Volda Høgedalen øvre.
Noko daudt trevirke av furu, mest på haugar mellom fattig myr. Foto: KW.



16077 Volda Lid:
Gjerdet vest.
Kalkrik fukteng med mindre hevdpreg, dominert av graminidar og høgstaudeartar. Foto: KW.



16078 Volda Lid:
Lidamyrane sør.
Fuktig og frisk naturbeitemark i tidleg gjengroing. Foto: KW.



16079 Volda Litledalen
øvre.
Innslag av svake
gamalskogselement.
Foto: KW.



16080 Volda
Sulvassdalen A.
Ein del dautt trevirke av
furu, for det meste
furugadd. I forgrunnen til
venstre er egna habitat
for oseaniske levermosar.
Foto: KW.